

Reiselivet i turistregionen Indre Sogn

1866–1910



Miriam Kayser Digernes

Masteroppgåve i region og regionalisering

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Vår 2016

Forord

Det har vore moro, utfordrande og ikkje minst lærerikt å jobbe med denne oppgåva, og å vere ein del av masterprogrammet region og regionalisering 2014 til 2016. Trass vedtaket om nedlegginga, har alle på programmet gjort sitt beste for at vi fekk gjennomføre på lik linje med dei tidlegare studentane.

Eg vil takke rettleiar Knut Grove for framifrå oppfølging. Han har oppmuntra og gitt god støtte til arbeidet undervegs. Veggen vidare var alltid lysare etter besøka hjå han.

I tillegg vil eg takke alle medstudentane på programmet for gode tilbakemeldingar på alle masterseminara i løpet av året.

Til slutt vil eg takke Jesse Kolya Bratt for at han vart med meg til Bergen på denne reisa, og for uendeleg med støtte og gode samtalar.

Innholdsliste

Forord	2
Innholdsliste	3
1. Innleiing	5
1.1 Problemstillingane	6
1.2 Turistregionen Indre Sogn.....	6
1.3 Kjelder	9
1.4 Metode	12
1.5 «Turisme» og reiseliv	13
1.6 Oppbygging av oppgåva	13
2. Reiselivet si historie.....	15
2.1 Reiselivet i Noreg	15
2.2 Reiselivet i Sogn.....	20
2.3 Balestrand	22
2.3.1 Reiselivet si utvikling i Balestrand.....	24
2.3.2 Hotella i Balestrand	26
2.4 Flåm	27
2.4.1 Reiselivet si utvikling i Flåm.....	29
2.4.2 Hotella i Flåm	31
2.5 Oppsummering.....	32
3. Reiselivet i folketeljingane.....	34
3.1 Utviklinga til folketeljingane i Noreg.....	35
3.2 Folketeljinga 1866: Før reiselivet byrja å vekse.....	36
3.3 Folketeljinga 1891: Reiselivet i vekst.....	39
3.3.1 Folketeljinga 1891: Personane	43
3.4 Folketeljinga 1910	45
3.4.1 Folketeljinga 1910: Personane	49
3.5 Oppsummering.....	54
4. Reiselivet i likningsprotokollane.....	57
4.1 Likningshistoria på 1800-talet i Noreg	58
4.2 Likningsprotokollar 1866	59
4.3 Likningsprotokollar 1891	61
4.4 Likningsprotokollar 1910	63
4.5 Oppsummering.....	68

5. Reiselivet og folketalet	71
5.1 Reiselivet si påverknad på lokalsamfunna i Balestrand og Flåm.....	71
5.2 Folketalet – utviklinga i perioden 1866–1910	77
5.3 Samanhengen mellom folketal og reiseliv	79
5.4 Oppsummering.....	81
6. Avslutning	83
Litteraturliste	88
Tabelloversikt.....	95
Abstract	97

1. Innleiing

Balestrand og Flåm har vore sentrale stader i reiselivsnæringa frå turistane byrja å kome til Vestlandet på midten av 1800-talet. For begge stader er reiselivet framleis ei viktig næring. I Flåm vart den populære toglinja Flåmsbana besøkt av over 700 000 personar i 2014, og endå fleire ser ut til å ha funne vegen i tida etter.¹ Bana vart kåra til verdas flottaste togreise av reisehandboka *Lonely Planet* i 2014.² Flåm ligg i Aurland kommune. Det er i same kommune som Nærøyfjorden, som er på UNESCO si verdsarvliste og fjorden trekk fleire tusen besøkande kvart år. Balestrand har vore ein attraktiv turiststad i over 100 år, med besøk av keisarar, kongar og andre kjendisar. Staden har ein av Noreg sine mest kjente hotell, Kvikne's Hotel. I år fekk Balestrand offentleg godkjenning som «turiststad» med utvida rettigheter for å betene straumen av besøkande.³ Balestrand og Flåm ligg ved Sognefjorden, som har fleire populære attraksjonar. Det er brearmar frå Jostedalsbreen, stavkyrkjer, historiske hotell i tre, båtturar, fjellturar og andre aktivitetar som trekk turistane til regionen.

Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har saman med andre regionale aktørar laga ein reiselivsplan frå 2010–2025 for fylket.⁴ Planen ønskjer at næringa skal vekse, og kunne gi fleire arbeidsplassar. I lys av dette er det interessant å sjå på reiselivet si utvikling i Sogn og Fjordane, og korleis næringa påverka sysselsetjinga i startfasen på 1800-talet. Dette vil gi eit stødigare historisk grunnlag når ein skal vurdere og sette mål for utviklinga til reiselivet framover.

Sogn og Fjordane har det nest lågaste talet på innbyggjarar i Noreg.⁵ Det vert såleis ein stor kontrast mellom innbyggartalet og talet på turistar som besøker fylket. Men skilnaden var endå større då turistane byrja å kome til fylket på 1800-talet. Då var bygdene meir isolerte enn dei er i dag, og det var mindre kontakt med resten av landet, og ikkje minst med resten av Europa og resten av verda. Korleis den aukande straumen av turistar seint på 1800-talet har sett spor etter seg i bygdene, og truleg endra kvardagen til innbyggjarane, er det interessant å sjå på. Samtidig som

¹ Brekke, «Færre cruisegjester på Flåmsbana»; Løset «Passerte 100 millioner kroner for første gang».

² Visitflam, «Flåmsbana».

³ Lovdata, «Forskrift om godkjenning av sentrum i Balestrand som typisk turiststad, Balestrand kommune, Sogn og Fjordane».

⁴ Johnsen, «Reiselivsplan Sogn og Fjordane 2010–2025.»

⁵ Statistisk sentralbyrå, «Folkemengde og befolkningsendring, 1.januar 2016».

reiselivsnæringa vaks i omfang, var det høge tal på sogningar som flytta til andre delar av landet og emigrerte til Amerika.

1.1 Problemstillingane

Hovudproblemstillinga i oppgåva er å undersøke korleis og i kva grad reiselivet sysselsette lokalbefolkninga i turistregionen Indre Sogn. Dette vil eg gjere ved å sjå på reiselivsutviklinga for stadane Balestrand og Flåm i tida mellom 1866 og 1910.

Problemstillinga er spesifisert med desse spørsmåla:

- Kva var grunnlaget for reiselivsnæringa i turistregionen Indre Sogn, og korleis endra næringa seg i perioden?
- Reiselivet var ei ny næring som burde kunne gje folk arbeid. Kvifor flytta så mange likevel frå turistregionen?

Det sentrale er å finne ut kva arbeidsplassar som vart skapt av reiselivsnæringa, og konkret kor mange arbeidsplassar det var snakk om. Eg ønsker å få eit bilete av omfanget til reiselivsnæringa opp mot andre aktuelle næringar på den tida.

Innleiingsvis vil eg først gjere greie for reiselivshistoria i Noreg, Sogn og Fjordane, Balestrand og Flåm. Etter å ha kartlagt korleis og kor mange som hadde reiselivsarbeid, kan eg bruke funna til å sjå på forholdet mellom reiselivsnæringa og folketalsutvikling for stadane Balestrand og Flåm, og såleis for turistregionen Indre Sogn.

1.2 Turistregionen Indre Sogn

Ein region er eit geografisk område med ulike faktorar som knyter det saman. I boka *Det regionale Norge 1950 til 2050* skriv geografen Ole Langeland at regionar gjerne vert delt inn i tre ulike hovudgrupper: politisk-administrative regionar, funksjonelle eller økonomisk regionar og kulturelle identitetsregionar.⁶ Regionar kan òg kategoriserast etter kva som er formålet eller intensjonen bak, slik ein annan geograf Hans Kjetil Lysgård skriv i teksten *Regioner som forestilte fellesskap – hvordan og*

⁶ Langeland, «Region og regionalisering», 26–27.

hvorfor?⁷ Han skriv om tre ulike kategoriar etter kva rolle og intensjon regionen har som samfunnsfenomen: metodisk, politisk og identifiserande.⁸ For Lysgård er ikkje fokuset på om ein region er region eller ikkje, men i kva forstand det kan kallast ein region.⁹ Regionen i denne oppgåva er avgrensa av historiske og geografiske faktorar, politisk-administrativt, økonomisk og kulturelt. Tida som turistområde er med på å gje ei felles økonomisk og kulturell tilknytning. Det er dimed ein kombinasjon av kriteria nemnd over, og kan ha ulike funksjoner eller roller etter situasjonar ein er i.

Historikaren Ida Bull sin regionsdefinisjon i teksten *Regionshistorie og regional identitetsbygging* skildrar endå betre grunnlaget for min region. Ho skriv om regionar med eit homogent grunnlag, eit heterogent grunnlag, og regionar med territorial avgrensing og eit administrativt grunnlag.¹⁰ Det sentrale med turistregionen Indre Sogn er nettopp den homogene næringsvegen, reisleivsnæringa, som bind stadane saman. I tillegg skapar dei topografiske forholda ei naturleg geografisk avgrensing for regionen. Landskapet er utfordrande å reise gjennom, der fjorden har vore hovudåra for kommunikasjon mellom bygdene og med området utover mot kysten. Dimed skapar fjordlandskapet rammene for regionen.

Eg definerer området for turistregionen Indre Sogn frå Balestrand kommune på nord-sida og Vik kommune på sør-sida av Sognefjorden, inn til enden av dei ulike fjordarmane. Dette omfattar i dag åtte kommunar: Balestrand, Vik, Leikanger, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal og Luster.


Desse kommunane famnar om dei delane av Sognefjorden der fjella er dei høgaste og fjorden på sitt smalaste. Regionen Indre Sogn har såleis klare geografiske likskapar, som skil den frå områda rundt. Lengre ut i fjorden er fjorden breiare, og fjella er ikkje like høge. Innerst i fjorden er fjellovergangar til den andre sida av landet. Det var desse geografiske trekka som la grunnlaget for turiststraumen til regionen. Både dei første turistane til Noreg, og dei som kjem i dag, vil sjå natur med både fjord og fjell. Desse områda var og er det fleire av på Vestlandet som til dømes områda rundt Hardangerfjorden og Geirangerfjorden. Indre Sogn si turisthistorie er sterkt knytt til turisthistoria på desse stadane og på Vestlandet. Men alle områda ligg rimeleg isolerte til og langt vekke frå kvarandre.

⁷ Lysgård, «Regioner som forestilte fellesskap», 87.

⁸ Lysgård, «Regioner som forestilte fellesskap», 87.

⁹ Lysgård, «Regioner som forestilte fellesskap», 87.

¹⁰ Bull, «Regionhistorie og regional identitetsbygging», 86–87.



Kart over Indre Sogn. (Kjelde: N1000 kartdata, Kartverket. Målestokk: 1:630 000.)

I tillegg til ei felles turisthistorie, har Indre Sogn òg vore ein administrativ region. Indre Sogn var ein del av futedøma under Nordre Bergenhus Amt. Indre og Ytre Sogn var ein periode delt i to futedøme, før dei vart slått saman til Sogn futedøme.¹¹ I tillegg var Sogn delt rettsleg. I ein periode var Balestrand og Aurland under sorenskrivaren for Ytre Sogn.¹² I dag er det vanleg å dele Sogn og Fjordane i tre: Sogn, Sunnfjord og Nordfjord, men historisk har Sogn ofte vore delt i to. I tillegg til dette har kyrkja hatt eigne inndelingar av regionen. Indre Sogn prosti omfatta i si tid dei same kommunane som oppgåva, med unntak av Balestrand og Vik. I dag heiter dette prostiet Sogn prosti, og Balestrand og Vik er tatt med. Dei andre kommunane som var ein del av Ytre Sogn prosti gjekk til anten Nordhordland eller Sunnfjord. Sjølv om området rundt Sognefjorden vert omtala som Sogn, er det kanskje størst identitetsknytning til namnet i dei indre områda. Dei ytre område langs kysten orienterer seg kanskje meir mot kystområdet i nord eller sør.

Det er dimed både felles geografi, felles turisthistorie og historie for administrativ inndeling som knyt turistregionen Indre Sogn saman. Innanfor denne regionen er det fleire stader som er prega av reiselivet. Eg har vald ut to av desse i oppgåva. Den

¹¹ Hoel, «Futar i Sogn.»

¹² Statistisk sentralbyrå, «Norges civile, geistlige og judicielle inndeling, 1ste oktober 1917.»

eine er staden Balestrand i Balestrand kommune, som ligg vest i regionen. Den andre staden er Flåm i Aurland kommune, som ligg i den søraustlege delen av regionen. Ved å velje to noko ulike stader lokalisert i kvar sin ende av regionen, har oppgåva eit utsnitt som kan vere representativt for regionen, og som er innanfor omfanget til oppgåva.

1.3 Kjelder

Hovudkjeldene i oppgåve er folketeljningane til Statistisk sentralbyrå (SSB) og kommunale likningsprotokollar. I tillegg til desse har eg brukt bygdebøker, litteratur om hotella i kommunane, masteroppgåver (hovudfagsoppgåver) og generell litteratur. Eg har vald å avgrense materialet til det som vert presentert i dette delkapitelet. I dette ligg det òg at eg har vald vekk kjelder og materiale som kunne ha vore relevant for oppgåva.

Dei generiske folketeljningane til SSB er publiserte i hefter, og er tilgjengelege på byrået sine nettsider. Dei har eigne sider eller hefter med informasjon om yrkeskategoriar som var aktuelle for den enkelte kommune kvart år. Dimed kan ein følgje utviklinga til reiselivet i den aktuelle perioden. Då SSB samla inn og arbeidde med folketeljningane i min periode, var dei i ei omleggingsfase. Dei ulike yrkeskategoriane endra seg for kvart år, og dei vart meir spesifikke. Dette gjer at det kan vere utfordrande å finne kategorien eller kategoriane som omfattar reiselivsarbeid. Dette gjer det igjen utfordrande å samanlikne materialet frå dei ulike åra. Materialet som SSB brukte for å lage desse kategoriane, var spørjeskjema som vart fylt ut av kvar enkelt person i landet i lag med teljaren for krinsen. Desse personsetlane inneheld informasjonen som SSB brukte for å lage dei ulike yrkeskategoriane. Materialet er tilgjengeleg på Arkivverket gjennom Digitalarkivet. Personsetlane for dei ulike åra er anten fullstendig digitalisert med ein søkefunksjon eller dei er skanna. Eitt av åra i oppgåva, 1891, er ikkje digitalisert for Sogn og Fjordane, og det var derfor tidkrevjande å handsame det skanna materialet. I tillegg til at det er omfattande å gå gjennom, var det ei utfordring å tyde skrifta på setlane. Dette arbeidet var allereie gjort for åra 1866 og 1910. Til saman gir dei generiske hefta og dei individuelle personsetlane ei brei oversikt over yrkesaktiviteten i dei ulike kommunane i tidsrommet for oppgåva.

Dei kommunale likningsprotokollane er henta frå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Protokollane er anten ført i store bøker som dekker heile kommunen fleire år, eller mindre hefter for kvart sokn og kvart år. Dei er ikkje digitalisert, men Fylkesarkivet skanna det aktuelle materialet for meg. Det var til tider vanskeleg å tyde handskriftene, og finne tydinga på ulike forkortingar på yrker. Likningsprotokollane har tal for mellom anna formue, inntekt og kor mykje skatt personane måtte betale. Tala er samla inn og rekna ut av likningsnemnder, og metoden for korleis dette vart gjort kunne variere. Ein person i likningsnemnda kunne ha ansvaret for å rekne ut inntekt og skatt til fleire hundre personar. Innsamlinga og utrekninga var prega av skjønnsvurderingane til denne personen. Resultatet var ikkje nøyaktig og i protokollane er formue og inntekt i stor grad runda av til næraste 50 kroner. Sjølv om protokollane er unøyaktige, inneheld dei omtrentlege tal som gir eit blick på den økonomiske situasjonen til skatteytaren, og korleis verdiane personane hadde, vart vurdert av likningsnemnda.

Både Balestrand og Flåm har bygdebøker som eg har nytta i oppgåva. Balestrand har to ulike bygdebøker, ei eldre og ei nyare. Den eldste vart publisert i 1934, og forfattar er lærar og lokalhistorikar Jon Laberg.¹³ Han skreiv bøker for fleire bygder i Indre Sogn i same periode. Den første boka vart skriven nær tida eg studerer. Informasjonen i boka er ei bilete av korleis bygda vart oppfatta i den perioden. Laberg presenterer ei rekkje interessante funn, men han viser ikkje til kjeldene. Då vert det vanskeleg å finne ut kva informasjon som underbygger påstandane. Laberg nemnar innleiingsvis at han har fått hjelp frå ulike skulestyrarar og lærarar i arbeidet med boka, og at dei jobba med «prestearkivet» og Statsarkivet i Bergen, men han nemner ikkje konkret kva materiale det er tale om. Den andre bygdeboka vart publisert i 1991, og er skriven av historikar Gunnar Urtegaard.¹⁴ Boka bygger på informasjon frå kyrkjebøker, folketeljingar, statleg og kommunale arkiv, private arkiv, stadnamnsamlingar, og notatar frå ulike privatpersonar. I tillegg er det informasjon frå bygdefolket om tida etter 1900. Det er manglar likevel referansar til fleire kjelder som kunne vore til hjelp for arbeidet mitt. Truleg er mykje av informasjonen om yrker kome fram i samtaler med personar frå Balestrand, og dimed vanskeleg å verifisere utover dette. Men det er mykje nyttig informasjon om arbeid på dei ulike gardane som var knytt til reiselivet.

¹³ Laberg, *Balestrand*.

¹⁴ Urtegaard, *Balestrand*, 5–8.

Svein Indrelid har skrive bygdehistorie for Flåm i tre band.¹⁵ Det var eit arbeid over ti år med mykje informasjon om historia til Flåm. Indrelid har brukt eit breitt spekter av kjelder som kyrkjebøker, pantebøker, folketeljingar, eigedomsmatriklar, brev, aviser osv.¹⁶ Sjølv om bøkene famnar breitt, er det likevel gjort vurderingar for kva som skulle vere med. Det er skrive generelt om reiselivsutviklinga i Flåm, og nemnd i gardssoga kva arbeid personane hadde. Det er betre kjeldetilvising i dette verket, enn i bøkene for Balestrand. Likevel er det stader det er noko uklårt kvar Indrelid har informasjonen frå.

Det var skrive ei bok om Kvikne's Hotel i samband med hotellet sitt 100-årsjubileum i 1977. Boka er skriven av forfattar Frithjof Sælen, og inneheld ei rekkje døme på arbeidet på Kvikne's Hotel på 1800-talet og tidleg på 1900-talet.¹⁷ Sælen har ikkje informasjon om kjeldene for boka, og hotellet sit ikkje no med arkivmateriale utover framandbøkene frå perioden til oppgåva. Det er dimed vanskeleg å verifisera tal og informasjon frå boka til Sælen. Eg reknar med at boka vart skriven i samarbeid med familien Kvikne, og at informasjonen i boka i første rekkje kom frå dei. Dette kan gjere boka til ei problematisk kjelde, og eg nyttar derfor informasjonen med varsemd.

Else Karin Eide brukte arkivmaterialet frå Fretheim hotell i Flåm til å skrive hovudoppgåva *Fra «engelskvillaen» 1882 til Fretheim turisthotel i 1939* i 1995. Dette er ein grundig gjennomgang av grunnlaget for hotellverksemda på Fretheim, og utviklinga til hotellet fram til andre verdskrig. I tillegg til Fretheim sitt arkiv nytta ho materiale frå Statsarkivet i Bergen, som pantebøker, folketeljingar, og dokument knytt til skysstasjonen. Ho har òg intervjuet ei rekkje personar i Flåm. For å ikkje overstige arbeidsmengda til masteroppgåva har eg nytta denne hovudfagsoppgåva i arbeidet med mi eiga oppgåve.

Reiseskildringar frå hovudsakleg engelskmenn og tyskarar og *Turistlandet Norge* av Dr. F. Scarlett har vore nyttig til å få oversikt over den generelle reiselivshistoria til Noreg, Sogn og begge kommunane. Dei er skrivne i tida for oppgåva, eller rett etterpå. Kva som er nemnd i reisebøken er informasjon vald ut av forfattarane. Scarlett si bok er noko meir objektiv, men er òg prega av hans subjektive inntrykk på reiser rundt i landet.

¹⁵ Indrelid, *Bygdi*, bind 1, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 6.

¹⁶ Indrelid, *Bygdi*, bind 1, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 13–15.

¹⁷ Sælen, *Kvikne's Hotel Balholm*.

1.4 Metode

Eg tok utgangspunkt i dei generiske folketeljningane i arbeidet med oppgåva. Tanken var at desse kunne gi meir konkrete tal for reiselivsverksemd som var nemnt i bygdebøkene. I arbeidet med desse kom eg over hovudoppgåva til etnologen Randi Bårtvedt «*Vor gode bræ ogdå i sommar beskuet af høifornæmmme øine*» *Møtet mellom turistar og bygdefolk i Odda 1861–1914*. Oppgåva er det næraste eg har funne til mitt eiga prosjekt. Ho har eit anna fagleg utgangspunkt for oppgåva, men forsøker å finne ut kva arbeidsoppgåver lokalbefolkninga i Odda hadde i turisttida. For å finne ut av dette nyttar ho mellom anna likningsprotokollar. Sidan dei generiske folketeljningane var lite konkrete om den enkelte person sitt yrke, tenkte eg dette ville supplere dei på ein fin måte. I tillegg ville eg få informasjon om inntekt og formue til dei personane i reiselivsnæringa. Dette kunne bidra til å kartlegge den økonomiske rekkevidda til næringa. Då arbeidet med folketeljningane og protokollane var ferdig, tok eg så i bruk Digitalarkivet sine individuelle perseonteljningar. Desse kunne eg nytte til å verifisere informasjonen frå skatteprotokollane, og kartlegge dei som jobba i reiselivet, men av ein eller annan grunn ikkje skatta på inntekta. Til slutt samanlikna eg funna frå teljingane og protokollane med den opphavlege informasjonen frå bygdebøkene og anna litteratur. Då hadde eg fleire tal for kor mange som jobba med dei ulike yrkene, og kunne vurdere truverdigheita av informasjonen i bygdebøkene. I tillegg nytta eg bygdebøkene til å finne ut om kor sannsynleg det var at enkelte yrker kunne ha vore ein del av reiselivsnæringa, sjølv om det ikkje stod eksplisitt i folketeljningane eller likningsprotokollane.

I oppgåva har eg laga tabellar for dei viktige funna frå folketeljningane og protokollane. Eg har òg nytta tabellar direkte frå folketeljningane, viss dei passar med innhaldet i oppgåva. Eg set opp Balestrand, Flåm og gjerne tal for regionen i same tabell for å kunne samanlikne stadane. I nokre tilfelle har eg rekna tala om i prosent for å gjere dei lettare å analysere. Gjennomgåinga av materialet skjer kronologisk, og det siste året, 1910, kan eg samanlikne tal for dei ulike åra for å sjå utviklinga til reiselivsnæringa. Denne informasjonen har eg igjen nytta til å sjå på korleis reiselivsnæringa kan ha påverka folketalsutviklinga i Balestrand og Flåm. Eg presenterer ulike teoriar, og ser på korleis reiselivsnæringa kan passe inn, ut i frå det som har kome fram i analysen.

1.5 «Turisme» og reiseliv

Det har vore eit skifte i bruken av orda «turisme» og «reiseliv». Anders Fitje skriv om dette i boka *Turisme i Noreg – ei samfunnssak?* Han skriv at «turisme» og «turist» frå gammalt vart nytta om utlendingar som kom til Norge på opplevingstur, og all anna trafikk vart kalla «reisande».¹⁸ Såleis har «reiseliv» vore ei nemning for noko som famnar breiare enn «turisme».¹⁹ I nyare tid har dette endra seg, og til dømes SSB har gått over til å bruke «turisme» som eit vidare omgrep i staden for «reiseliv».²⁰ Dette gjer dei mellom anna for å harmonisere med den internasjonale terminologien.²¹ Eg vel å halde meg til omgrepa «reiseliv» og «reiselivsnæringa» i denne oppgåva. Det er desse omgrepa som vert nytta når ein snakkar om næringa som ein heilskap. Til dømes nyttar utdanningsinstitusjonar i Noreg nemninga «reiseliv» i sine gradar.²² Omgrepet famnar breiare enn «turisme», og det vert naturleg å halde på dette ordet når eg skriv om arbeid som ikkje er direkte knytt til turistane, men er eit resultat av næringa si innverknad på samfunnet.

Det er fleire typar reisande, og ulike omgrep som vert nytta for desse. Dette kjem eg tilbake til i neste kapittel om reiselivshistoria. Det er viktig å skilje på dei ulike typar av reisande, men i denne oppgåva er det næringa i seg sjølv, og arbeidet til lokalbefolkninga, som er det sentrale.

1.6 Oppbygging av oppgåva

Først i oppgåve gjer eg greie for utviklinga til reiselivet nasjonalt, regionalt og lokalt i kommunane Balestrand og Flåm. Dette gjer eg for å skape eit grunnlag og utgangspunkt for den vidare analysen. Det er ei oversikt over korleis reiselivet utvikla seg i løpet av 1800-talet og fram til første verdskrig braut ut i 1914. I tillegg kjem eg med ei rask innføring i den generelle utviklinga til stadane Balestrand og Flåm.

Etter innføringa kjem kapittel tre, som er det første kapittelet i analysedelen. Her ser eg på både dei generiske og dei individuelle folketeljingane i ei kronologisk rekkefølge. Det vil seie at eg startar med 1866, før eg går over til 1891 og til slutt

¹⁸ Fitje, *Turisme i Noreg*, 9.

¹⁹ Fitje, *Turisme i Noreg*, 9.

²⁰ Fitje, *Turisme i Noreg*, 10.

²¹ Fitje, *Turisme i Noreg*, 10.

²² Universitetet i Stavanger, «Hotell og reiseliv».

1910. Eg trekk fram reiselivsutviklinga i Balestrand og Flåm for kvart år. Den neste delen av analysen er kapittel fire. Der ser eg på likningsprotokollane, og eg følgjer den same kronologiske inndelinga som i kapittel tre. I nokre tilfelle er det tatt med likningsprotokollar for åra før og etter dei sentrale åra for folketeljingane. Dette er for å kunne sjå utviklinga i inntekt og formue betre.

I kapittel fem trekk eg linjer frå kapittel tre og fire, og samanliknar funna med informasjon frå bygdebøkene. I tillegg ser eg på korleis reiselivet kan ha påverka folketalsutviklinga i Balestrand og Flåm. I kapittel seks summerer eg funna frå oppgåva, ser på korleis oppgåva kan løysast på andre måtar. Til slutt kjem ein konklusjon og ei avslutning.

2. Reiselivet si historie

I dette kapitlet ser eg på framveksten og grunnlaget til reiselivet. Først ser eg på reiselivsutviklinga i Noreg og korleis ho vart påverka av impulsar frå Europa. Deretter ser eg kort på regionen Sogn, før eg går vidare til turiststadane Balestrand og Flåm. I delkapitla om turiststadane går eg først gjennom den generelle samfunnsutviklinga, før eg går vidare og ser på reiselivsnæringa. Til slutt for kvar av stadane ser eg på hotella og overnattingsstadane som vaks fram. Såleis har eg eit godt utgangspunkt og ei oversikt over grunnlaget til reiselivet, før eg går vidare for å sjå på graden av sysselsetjing i dei neste kapitla.

2.1 Reiselivet i Noreg

Det store gjennombrøtet for Noreg som reiselivsnasjon starta kring 1850, og det var ei stadig auke i reiselivsnæringa fram mot utbrotet av første verdskrig i 1914. Det kom turistar til landet allereie frå rundt 1800, men desse kan det vere betre å omtale som reisande eller eventyrarar. Dei var turistar i den forstand at dei besøkte og reiste rundt i landet, men dei hadde gjerne andre ærend i tillegg til å feriere. Det var strevsamt å reise på den tida, og det gav mindre rom for ein avslappande ferietur. Det var heller spennande oppdagingar dei første reisande kom for. I byrjinga var det ingen stor og jamn straum av tilreisande. Talet på reisande var ikkje stort nok til at reiselivet etablerte seg som ei næring for lokalbefolkninga. Det er såleis ein overgang mellom enkeltreisande og masseturisme. Dr. F. Scarlett omtalar dei første reisande som vitskapsmenn i boka *Turistlandet Norge* frå 1921.²³ Vitskapsmennene og andre tidleg reisande skreiv reiseskildringar som vart publisert i heimlandet. Ein av dei første reiseskildringane var av forfattaren og feministen Mary Wollstonecraft. Ho besøkte Noreg sommaren 1795 og skreiv om både naturen og kvinner si stilling i samfunnet i «Min nordiske reise» frå 1796.²⁴ Dette var i byrjinga av den franske revolusjonen og sjølv om England i løpet av krigsåra haldt oppe blokadar mellom Noreg og kontinentet, så var det likevel engelskmennene som var dei første turistane til landet. Dei stod for majoriteten av den vaksande turiststraumen fram mot 1870-åra. Reiseskildringane som vart publiserte i England var ei blanding av personlege

²³ Dr. F. Scarlett, *Turistlandet Norge*, 7.

²⁴ Dr. F. Scarlett, *Turistlandet Norge*, 8.

dagbøker og nøytrale informasjonsskriv frå reisene. Bøkene informerte om alt frå korleis det praktisk var best å legge opp reisa og kva ein burde pakke med seg, til draumande skildringar og forteljingar. Det var vanleg at desse turane varte lenge og ei reise i 1833 på ein månad vart omtala som ein «... kort Ferietur i Norge ...» av F. Scarlett si bok.

Då dei første reisande kom til Noreg, var det ingen direkteruter til og frå England. Dei reiste til dømes via Hamburg og København, før dei kom til Oslo.²⁵ Reisa til Noreg åleine kunne dimed ta fleire dagar, og då dei kom fram var det heller ikkje enkelt å komme seg rundt i landet. Dei engelske reisande vart etter kvart kjende for å kjøpe seg eigne karjolar. Men før dette vart vanlege måtte dei anten ride på hest eller ta beina fatt.²⁶ Dei kunne bruke postvegane eller skaffe seg guidar til å vise veg. Dei reisande overnatta på skysstasjonar eller dei måtte ta inn hjå private. I første halvdel av 1800-talet hadde prestegardane gjerne ein funksjon som overnattingsstad for dei reisande.²⁷ Spesielt dei med mykje pengar tok inn på prestegardane, der det var meir komfort.²⁸ På Voss hadde til dømes prestegarden eit godt rykte på seg som ein betre overnattingsstad enn skysstasjonane i området.²⁹

Informasjon om Noreg som reisedestinasjon spreidde seg, og det førte til at talet på reisande auka. Enkelte ruter vart meir populære enn andre og mellom 1842–69 var det stor omlegging av vegen frå Gudvangen via Voss til Eide i Granvin.³⁰ Då kunne turistane enklare reise over land mellom Nærøyfjorden i Sogn og Granvinsfjorden i Hardanger. Det var stadig utvikling i dampskipteknologien, og det korta ned på reisetida over Nordsjøen til Noreg. I 1825 bestemte regjeringa å starte opp ei dampskiprute mellom Oslo og Kristiansand, og dei kjøpte hjuldamparar i eik frå England.³¹ Dei første dampskipforbindingane mellom Noreg og England var som mellomstopp på ruter frå England til andre land. Mellom anna var det stopp i Kristiansand på ei rute mellom London og St. Petersburg i 1838.³² 16 år seinare vart det igjen lagt inn eit stopp i Kristiansand på ei rute frå Hull i England til Sverige.

²⁵ Eg vel å nytte dagens skrivemåte for Oslo i oppgåva.

²⁶ Rogan, *Det gamle skysstellet*, 161.

²⁷ Byrkjeland, «På fjorden og over land», 119.

²⁸ Underdal, *Tradisjon og atmosfære*, 7.

²⁹ Gjerdåker, *Ålmenn Soge for Voss*, band II, 45.

³⁰ Gjerdåker, *Ålmenn Soge for Voss*, band II, 46–47.

³¹ F. Scarlett, *Turistlandet Noreg*, 19.

³² F. Scarlett, *Turistlandet Noreg*, 21–22.

Denne båten gjekk først kvar fjortande dag og seinare kvar åttande dag.³³ Turistane måtte komme seg vidare frå Kristiansand til dei andre delane av Noreg, så reisa vart til slutt lang.

Framveksten av turismen i Noreg i første halvdel av 1800-talet var knytt til «oppdaginga» av Noreg som nasjon i same periode. Etter Napoleonskrigane vart Noreg ein sjølvstendig stat, om enn i union med Sverige. Noreg var prega av å vere ein del av Danmark-Noreg, og etter 1814 var det ein kamp for å skape ein særnorsk identitet som grunnlag for den nye nasjonale kulturen.³⁴ Dette førte til denne «oppdaging» av Noreg og det norske. Den gamle bondekulturen vert trekt fram som den autentiske og ekte norske kulturen, og skapte distanse til den dansk-norske felleskulturen.³⁵ I andre del av 1800-talet blomstra nasjonalromantikken i Noreg med norsk kunst, folkeeventyr, folkedrakter og skapinga av eit nytt norsk skriftspråk. Historia til landet vart trekt tilbake til vikingtida for å skape eit kontinuerleg bilete av Noreg som nasjon. Det var ei idealisering av bondekulturen og bøndene sine levemåtar. I samband med dette vart naturlandskapet, som er grunnlaget for drifta til bonden, trekt fram som spesielt i Noreg. Naturen vart tidlegare sett på som eit hinder for produksjon og ferdsel, men med nasjonalromantikken vart bilete endra til vakkert, urørt og mektig. Det var ein overgang frå eit produksjonslandskap til eit opplevingslandskap.³⁶ Reiseskildringane turistane skreiv frå Noreg var med på å forsterke dette bilete i Europa. Skildringane vart såleis god reklame for Noreg. Med ny teknologi vart landskapet i Noreg tilgjengeleg for fleire, og ein kunne oppleve naturen utan for mykje strev. Såleis var det fleire som fekk tilgang til mellom anna fjordlandskapa på Vestlandet og kysten opp til Nord-Noreg.

Turistane som kom frå midten av 1800-talet var framleis hovudsakleg frå England. Det var personar frå den engelske overklassen som låg på fiske i fleire veker i strekk i Noreg. Dei hadde ikkje problem med å betale for den beste servicen, men sidan reiselivet i Noreg ikkje var særleg utvikla, var det heller ikkje mykje luksus å få kjøpt. Sveits var tidleg eit populært reisemål for europeiske turistar, og der kunne dei tilby høgare standard for dei reisande enn i Noreg. Det kan tenkast at det var nettopp det

³³ F. Scarlett, *Turistlandet Noreg*, 30.

³⁴ Reiakvam, *Bilderøyndom*, 66.

³⁵ Reiakvam, *Bilderøyndom*, 67.

³⁶ Reiakvam, *Bilderøyndom*, 79–80.

primitive som gjorde Noreg til eit attraktivt reisemål. Landet var nytt, flott og «naturleg».

I 1850 vart det første reisebyrået i Noreg oppretta av britiske Thomas Bennett i Oslo: Bennett Tourist Office.³⁷ Dei reisande etterspurde meir informasjon og straumen av tilreisande var stor nok til å byrje å tene pengar av. Engelskmennene som kom i land i Oslo kontakta det britiske konsulatet. Dei sendte turistane vidare til Thomas Bennett.³⁸ Han kunne hjelpe dei med å arrangere reiseruter, tilsette tolk og tenarar og å skaffe køyretøy.³⁹ Bennett samla viktig informasjon i reisehandboka «Travellers in Norway» i 1859. Boka vart ei viktig informasjonskjelde for utlendingar som besøkte Noreg.⁴⁰ Mellom anna gav ho karakterar til dei ulike stadane dei reisande kunne overnatte hjå.⁴¹ I andre halvdel av 1800-talet var det eit gradvis skifte av utgangspunktet til turisttrafikken frå Austlandet til Vestlandet. I 1875 bestemte Stortinget mellom anna å bygge jernbane mellom Bergen og Voss. Ein effekt av det var at det vart lettare for turistar å reise frå Bergen via Voss til Granvin og til Gudvangen. Strekninga Bergen til Voss med tog vart ei oppleving i seg sjølv. Bennett reisebyrå opna filial i Bergen i 1887, og i tillegg opna Thomas Cook & Son i 1890 eit kontor på Torget.⁴²⁴³ Cook vurderte å opne filial i Oslo først, men fann ut at Bergen ville vere ein fordel som knutepunkt for turisttrafikken inn i fjordane. Byen låg betre til for ei direkte rute mellom England og Noreg.⁴⁴

På 1880-talet byrja cruiseskipa å komme til Noreg. Cruiseskipa var moderne dampskip som gjekk i direkte rute mellom England og Noreg. Turistane kunne reise gjennom landet og bu på det same rommet heile tida. Den første reine cruiseskipet, «Ceylon», kom til Molde 1. juni 1882. Turen til Noreg var skipet sin jomfrutur som cruiseskip.⁴⁵ «Ceylon» gjekk tidlegare i fast rute mellom England og India, og vart seinare bygd om til eit cruiseskip. Skipet «St. Sunniva» var det første bygd som cruiseskip og var klart til bruk i 1886.⁴⁶ Cruiseskipa vart kalla flytande hotell, og dei fungerte som erstatning for mangelen på hotell i Noreg. I 1880-åra, då dei første

³⁷ Knagenhjelm, «Turistliv», 350.

³⁸ F. Scarlett, *Turistlandet Norge*, 73.

³⁹ F. Scarlett, *Turistlandet Norge*, 73.

⁴⁰ Hoemsnes, *Reiseliv gjennom 150 år*, 73.

⁴¹ Gjerdåker, *Ålmann Soge for Voss*, band II, 48–50.

⁴² Hoemsnes, *Reiseliv gjennom 150 år*, 335.

⁴³ F. Scarlett, *Turistlandet Norge*, 174–176.

⁴⁴ F. Scarlett, *Turistlandet Norge*, 176.

⁴⁵ Skotheim, *Keiser Wilhelm i Norge*, 87.

⁴⁶ Skotheim, *Keiser Wilhelm i Norge*, 87.

cruiseskipa kom, var det få og små hotell i Noreg. Rundreisene med cruiseskipa gjorde at fleire fekk høve til å reise til Noreg. Turane vart enklare å gjennomføre, og kostnadane gjekk ned.



Foto: Dei nye dampskipa kjem til Sognefjorden. Bilete er tatt frå Gudvangen ca. 1890–1910. (Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Fotograf ukjend. Kan ha vore ein av dei to britiske fotografane Samuel J.Beckett og P. Heywood Hadfield.)

Dei tyske turistane sitt inntog i Noreg er samanfallande med dei teknologiske forbetringane til dampskipa. Etter den tyske samlinga i 1871 hadde landet ein enorm vekst i industrialiseringa og folketalet. Frå 1871 til 1914 fekk landet ti millionar industriarbeidarar og folketalet auka frå 40 millionar til nesten 70 millionar.⁴⁷ I 1889 reiste Keisar Wilhelm II på sin første ferietur til Noreg. Allereie året etter investerte fleire tyske reiarlag i cruiseskip, og dei la opp turar som var reine kopiar av Keisar Wilhelm sin tur.⁴⁸ Keisaren reiste med skip og tyskarane ville oppleve Noreg på same måte. Med industrialiseringa hadde Tyskland fått ein middelklasse som hadde

⁴⁷ Skotheim, *Keiser Wilhelm i Norge*, 94.

⁴⁸ Skotheim, *Keiser Wilhelm i Norge*, 87.

økonomi og tid til å reise på ferie. Såleis auka cruisetrafikken til Noreg utover 1890-talet. Tidleg på 1900-talet var det fleire tyske enn engelske turistar på cruisetur i Noreg.⁴⁹ Keisar Wilhelm reiste til Noreg nesten kvart år frå 1889 til 1914 og det var god reklame for Noreg.

Overgangen frå enkeltturisme til masseturisme er eit bilete på overgangen til eit meir moderne samfunn. Industrien endrar på arbeidslivet og tilhøve mellom folk. Fleire fekk høve til å reise på ferie, og turiststraumen til Noreg frå Europa var aukande utover 1800-talet. Samfunnet i Noreg gjekk òg igjennom endringar. I tillegg til industrialiseringa var det ei omlegging av jordbruket. På Vestlandet gjekk bøndene frå fellesteigar og klyngetun, til samanhengande gardslandskap og nye bygningar.⁵⁰ Jordbruket vart meir retta mot marknaden, og gjekk vekk frå målet om sjølvforsyning. Dette gjorde at Noreg gjekk frå å vere eit naturalhushald til eit pengehushald.⁵¹ Med det moderne samfunnet kom nye næringsveggar, og reiselivet var ein av desse. I tillegg var det ei spesiell utvikling i kommunikasjon og samferdsel i Noreg.⁵² Det vart bygd nye vegar og jernbaner. Og telegrafan band landet tettare saman. Dette gjorde at reiselivet endra karakter, og det vart enklare og billigare for folk å reise på tur til Noreg. Vestlandet og fjordlandskapet vart enklare å besøke med dei nye cruiseskipturane, og var viktige attraksjonar.

2.2 Reiselivet i Sogn

Sognefjorden er 205 kilometer lang, og såleis den lengste fjorden i Noreg. Ute ved kysten er fjorden opp til fem kilometer brei, medan den smalaste fjordarmen inne i landet er nede i 250 meter på det smalaste. Vegen mellom Gudvangen og Voss via Stalheimskleiva var tidleg ein populære attraksjon for reisande til Noreg. Nærøydalen har vore ein fartsveg sidan mellomalderen, og frå 1647 var det ein del av den gamle postvegen mellom Oslo og Bergen.⁵³ Frå Nærøydalen er det ein bratt og svingete veg opp til eit utkikkspunkt med spektakulær utsikt på toppen. Vegen opp heiter Stalheimskleiva. Nærøydalen, Gudvangen og Nærøyfjorden var såleis tidlege

⁴⁹ Skotheim, *Keiser Wilhelm i Noreg*, 87.

⁵⁰ Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 29–32; Brekke, Nordhagen og Lexau, *Norsk arkitekturhistorie*, 160–174.

⁵¹ Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 32–34.

⁵² Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 43–52.

⁵³ Tyssen, *Kulturhistorisk vegbok for Sogn og Fjordane*, Val Secretan, 9–10.

destinasjonar for reisande som kom til Noreg. Det var så populært at det opna eit hotell på toppen av utkikkspunktet, Stalheim Hotel, i 1885.⁵⁴ Hotellet vart raskt populært, og ti år etter opninga hadde dei plass til over 150 gjester.⁵⁵



Foto: Den bratte og svingete Stalheimskleiva med Stalheim Hotel på toppen ca. 1890–1910. (Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Fotograf er ukjend. Kan ha vore ein av dei to britiske fotografane Samuel J.Beckett og P. Heywood Hadfield.)

Fylkesbaatane i Nordre Bergenhus Amt byrja med faste ruter til Sogn, Sunnfjord og Nordfjord etter skipinga av selskapet i 1858.⁵⁶ Såleis vart Sognefjorden knytt nærare Bergen. I byrjinga var det fast avgang kvar veke. Allereie frå 1840-talet hadde det vore ei dampskiprute mellom Bergen og Lærdal, men det var hovudsakleg for å frakte post.⁵⁷ Turistar som ikkje ville reise med cruiseskip kunne nytte seg av Fylkesbaatane til å reise mellom Bergen og Sogn. I 1887 hadde Fylkesbaatane 2810

⁵⁴ Stalheim, «Historie.»

⁵⁵ Stalheim, «Historie.»

⁵⁶ Førstund, *Dampen og kaia*, 31–34. I oppgåva nyttar eg namnet Fylkesbaatane. Opphavleg var namnet Amstbaatane. I dag er Fylkesbaatane ein del av Fjord1, som dekker Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

⁵⁷ Engesæter, *Turiststaden Balestrand*, 17.

reisande frå Gudvangen.⁵⁸ To år seinare fekk skal det ha kome heile 79 cruiseskip som hadde med seg 10 202 passasjerar til bygda.⁵⁹

Det var fleire hotell i Sogn og Fjordane i denne perioden, og nokre av dei står framleis i dag. Mundal Hotel opna i Fjærland i 1891.⁶⁰ Walaker Hotel i Solvorn har vore i familien Nittar sidan 1690.⁶¹ Nokre av hotella har lange tradisjonar som til dømes gjestgivarar. Andre vart bygd på slutten av 1800-talet, og gjerne etter inspirasjon frå dei første turisthotella i Hardanger.⁶² Dei vart bygd i sveitserstil, som var den dominerande stilen på den tida.⁶³

2.3 Balestrand

Balestrand kommune ligg på nordsida av Sognefjorden, om lag halvvegs inn mot enden av fjorden. Hovudfjorden er framleis brei som lengre ute mot kysten, men fjella rundt bygda er no på sitt høgaste nivå før Jotunheimen. Bygda Balestrand har ein uvanleg posisjon ved fjorden. Det er utsikt innover fjorden mot aust i tillegg til utsikten over på sørsida. Nordover er det utsikt inn ein smal fjordarm. Det er Fjærlandsfjorden, som har endestopp ved Jostedalsbreen og dei to brearmane Supphellebreen og Bøyabreen. Det er òg ein liten fjordarm, Esefjorden, som går frå bygda og vestover inn mot fjella. Med høge fjell kring bygda får ein samtidig ein dramatisk effekt med høge toppar som går rett ned i fjorden. Den geografiske posisjonen skapar ei unik utsikt og naturoppleving, som dei reisande ikkje kunne finne andre stader.

⁵⁸ Førstund, *Dampen og kaia*, 140 og 150.

⁵⁹ Knagenhjelm, «Turistliv», 348.

⁶⁰ Underdal, *Tradisjon og atmosfære*, 82.

⁶¹ Knagenhjelm, *Tradisjonsrike turisthotell i Sogn og Fjordane*, 56.

⁶² Byrkjeland, «Dampskipsalderen», 206–214.

⁶³ Brekke, Nordhagen, Lexau, *Norsk arkitekturhistorie*, 264–265.



Kart over Balestrand. Kjelde: N250 kartdata, Kartverket. Målestokk: 1:320 000

Balestrand kommune vart ikkje sjølvstendig før etter Formannskapsloven av 1849. Før det var dei tre sokna Tjugum, Vangnes og Fjærland ein del av Leikanger kommune. Desse tre vart slått saman til Balestrand kommune i 1849. Sentrumet for kommunen vart i soknet Tjugum, og det er bygda der som har gitt namnet til kommunen. Det er dette området som er det sentrale for denne oppgåva, sjølv om reiselivet òg vaks fram i Fjærland. Frå 1600 til 1800 var det liten vekst i folketalet i Balestrand samanlikna med andre bygdar i Sogn. Dette tok seg opp frå 1800 og fram mot 1865. Då var veksten om lag den same som i dei andre bygdene. I 1865 var det 2204 innbyggjarar i Balestrand, og talet er nesten det same i 1910. Då var det 2141 innbyggjarar. I same periode var det òg høg utvandring til Amerika, som i dei andre bygdene i Sogn.

Jordbruket har vore den viktigaste næringsvegen i Balestrand. Både fedrift og åkerbruk var hovudnæringar lenge, men i 2001 var det mindre enn fem prosent av dei yrkesaktive som framleis driv med jordbruk.⁶⁴ Delar av kommunen har lenge drive med fruktavl, og i 1917 var det ei oppteljing på 8 700 frukttre.⁶⁵ Det vart fiska sei, sild, brisling og laks. Laksen vart salta og røykt før dei selde den på marknaden i Lærdal. Fiske var til hjelp i tider der jordbruket ikkje var godt og det var matnaud.

⁶⁴ Statistisk sentralbyrå, «Folke- og bustadsteljing 2001, 1418 Balestrand», 33.

⁶⁵ Laberg, *Balestrand*, 27.

2.3.1 Reiselivet si utvikling i Balestrand

Balestrand som reiselivsstad byrja i det små som stoppestad for reisande inn og ut Sognefjorden. Fjorden var lenge den lettaste måten å ta seg fram på i området. Før dampskipa vart vanleg var det jektene med råsegl som reiste inn og ut fjorden.⁶⁶ Jektene reiste mellom anna til Bergen, og turen kunne ta opp til fleire dagar. Det var stoppestadar som Balestrand langs ved fjorden, og her venta båtane på frålandsvind eller pålandsvind. Då Fylkesbaatane byrja å gå mellom Bergen og Sogn i 1858, var Balestrand ein av stoppestadane.⁶⁷ Sidan bygda hadde ei lang tradisjon som stoppestad var det ein landhandel og ein gjestgivar som kunne ta i mot reisande. Balestrand var dimed ein naturleg stoppestad å ha med i ruta. I 1868 hadde Balestrand 832 besøkande med Fylkesbaatane og i 1904 var talet på reisande heile 6 175.⁶⁸ Dette var høge tall samanlikna med andre stader i turistregionen. I 1904 var det til dømes litt over 4 000 besøkande til den populære turiststaden Gudvangen og litt over 3 000 til Flåm.⁶⁹ Dette er berre tal for besøkande med Fylkesbaatane, og truleg var det endå fleire som kom med cruiseskip. Fjorden og dampskipteknologien gjorde det utan tvil enklare å reise til Balestrand.

Utviklinga av reiselivet i Balestrand gjekk sakte fram til 1870-åra. Landhandlaren, som òg dreiv gjestgjevarhus, hadde tre til fire senger i 1877. Eigaren, Ole Kvigne, visste at jernbana mellom Bergen og Voss skulle stå ferdig på 1880-talet og såg føre seg at turistane kunne reise til Voss med toget, vidare til Gudvangen langs turistvegen og ta båt til Balestrand.⁷⁰ Gjestgjevarhuset vart derfor utvida og i 1885 var det offisielt eit hotell i Balestrand, Kvikne's Hotel.⁷¹ Ole endra etternamnet til Kvikne, etter at broren Knut hadde gjort det same. Knut hadde budd i Amerika, og han kom tilbake for å starte hotell med Ole.⁷² Kvikne var nok enklare å uttale utan g for turistane.

Dei første besøkande kom hovudsakleg frå England. Kona til Knut Kvikne, Margaret Green, var ei britisk prestedotter, og ønska seg derfor ei engelsk kyrkje ho kunne føle

⁶⁶ Sælen, *Kvikne's Hotel Balholm*, 9.

⁶⁷ Førstund, *Dampen og kaia*, 94.

⁶⁸ Førstund, *Dampen og kaia*, 97.

⁶⁹ Førstund, *Dampen og kaia*, 140.

⁷⁰ Sælen, *Kvikne's Hotel Balholm*, 14.

⁷¹ Sælen, *Kvikne's Hotel Balholm*, 16; Førstund, *Dampen og Kaia*, 94.

⁷² Sælen, *Kviknes hotel Balholm*, 13.

seg heime i.⁷³ Med støtte frå hotellet og to velståande amerikanske kvinner i bygda, Gertrud Abbot og Elisabeth Winslow Peters, stod St. Olaf Church ferdig i 1897.⁷⁴ Dette var til glede for alle dei engelske turistane som kom. Over tid vaks det fram eit rikt kulturliv i Balestrand. Etter dansken Johannes Flintoe si «oppdaging» av vestlandsnaturen i 1819 kom det stadig fleire kunstnarar til bygda.⁷⁵ Ei rekkje av desse var kjende kunstnarar. Mellom anna var Tiedemand og Gude innom. I tillegg til det berømte maleriet «Brudeferden i Hardanger», mala dei det mindre kjende «Ligfærden ved Sognefjorden». Dette er eit flott maleri, men både tittel og motiv hadde ikkje same effekt på den nasjonale kjensla som maleriet frå Hardanger. Det vart uansett ein del av marknadsføringa av regionen og fleire kunstnarar bygde seg sommarhus eller slo seg ned for godt i bygda. På 1890-talet bygde dei to kunstmålarane Hans Dahl og Eilert Adelsteen Normann seg villaer i drakestil i Balestrand. Dahl var frå Tyskland og var ein god ven av Keisar Wilhelm II. Han budde i Balestrand om sommaren og selde kunst til dei velståande gjestene i bygda.⁷⁶ Normann var nordmann, men busett store delar av livet i Tyskland. Han var òg ven av Keisar Wilhelm, og budde i Balestrand på sommaren etter 1890.⁷⁷ Det vart skriva to bøker på 1800-talet som hjelpte med å gjere Balestrand kjend i Europa og resten av verda. Den første var diktverket *Frithiofs saga* av svensken Esaias Tegnér som kom ut i 1825.⁷⁸ Boka vart omsett til fleire språk og vart veldig populær i Tyskland. Historia er basert på ein norrøn saga, men er for det meste fri dikting. Mykje av handlinga er lagt til Balestrand, og turistane kunne besøke stadane dei hadde lese om. Den andre boka var *A Hardy Norseman* av den amerikanske kvinna Edna Lyall som vart utgitt i 1892.⁷⁹ Det er ein kjærleiksroman med skildringar av Balestrand som turiststad.

Det var store endringar for Balestrand frå då Fylkesbaatane byrja å gå i 1858 og fram til byrjinga av 1900-talet. I tillegg til nye hotell, ei ny kyrkje, kafear og ei ny dampskipkai, fekk dei i 1913 ei gåve frå Keisar Wilhelm. Han ville vise kor glad han var i staden med å bygge to statuar av karakterar frå «Frithiofs Saga», ein av Fritjof den Frøkne og ein annan av Kong Bele. Statuen av Fritjof vart 12 meter høg med ein

⁷³ Underdal, *Kvikne's Hotel*, 25.

⁷⁴ Underdal, *Kvikne's Hotel*, 25.

⁷⁵ Underdal, *Kvikne's Hotel*, 7.

⁷⁶ Urtegaard, «Kunstmålar Hand Dahl.»

⁷⁷ Aaserud, «Adelsteen Normann.»

⁷⁸ Underdal, *Kvikne's Hotel*, 7.

⁷⁹ Underdal, *Kvikne's Hotel*, 8.

14 meter høg sokkel og står oppført på sørsida av fjorden på Vangsnes.⁸⁰ Statuen står slik at han ser over til Balestrand. Statuen av Kong Bele vart plassert i Balestrand ved ein gravhaug frå vikingtida.



Foto: Fjellet Vindteken sett frå Balestrand sentrum ca. 1897–1910. (Kjelder: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Fotograf er Nils Olsson Reppen.)

2.3.2 Hotella i Balestrand

I 1914 var det fire hotell i drift i Balestrand: Kvikne's Hotel, Hotel Balestrand, Hotel Askelund og Kvamme's Pensjonat. Alle bygningane står framleis i Balestrand, men berre Kvikne's Hotel er framleis i drift. Til samanlikning hadde Odda i Hardanger, ein av dei største turistbygdene på den tida, fem hotell i 1891. Dette tyder på gode tider for hotell drift i bygda.

Kvikne's Hotel vart drive av familien Kvikne, og det starta som eit samarbeid mellom brørne Ole og Knut Kvikne. Hotellbygningen i 1885 var ei utviding av gjestgjevarhuset, og i 1890 vart det bygd ein ny bygning teikna av arkitekten Franz Wilhelm Schiertz.⁸¹ Bygget var i tre, måla i raudt og hadde to og ein halv etasje med tårn og takterrasse på midten.⁸² Denne bygningen såg meir ut som eit hotell enn den gamle gjestgivarbygningen. Sjølv med utvidinga var det ikkje nok til å dekkje

⁸⁰ Sælen, *Kvikne's Hotel Balholm*, 27.

⁸¹ Underdal, *Kvikne's Hotel*, 29.

⁸² Underdal, *Kvikne's Hotel*, 29.

etterspurnaden frå turistane. Allereie i 1894 vart det bygd eit nytt bygg ved sidan av det nye hotellet.⁸³ Denne delen vart utvida til eit enormt trebygg i kvitmåla sveitsarstil i 1913.⁸⁴ Med 200 sengeplassar var det i 1913 Noreg sitt største fjordhotell.⁸⁵ Ole og Knut dreiv hotellet saman til dei døde i 1913 og 1914.

Sidan etterspurnaden etter overnattingsplass var stor, var det plass til fleire hotell i bygda. Nils Rendedal var eigaren av Hotel Balestrand, som stod ferdig i 1892. Hotellet var òg i sveitserstil og hadde tre etasjar. Nils var gardbrukar og hadde ikkje erfaring frå hotell drift, men kona Synneva hadde vore i lære på Holdt's Hotel Bergen.⁸⁶ Hotellet låg ved fjorden ved sidan av Kvikne's Hotel og det var ikkje langt til dampskipkaien. På grunn av avtalen med reisebyrået Thomas Cook hadde dei ein fast straum av besøkande som fekk økonomien til å gå rundt.

Kvamme's Pensjonat opna i 1912. Eigaren Johan Kvamme var gift med Karen Olsdotter Kvikne. Ho var i slekt med dei som dreiv Kvikne's Hotel og hadde jobba der som hotelltenar.⁸⁷ Ho hadde dimed erfaring frå hotellarbeid då dei starta pensjonat i Holmen. Hotellet låg sentralt til, eit lite stykke opp frå kaien og fjordkanten. Dei fekk nokre gode sesongar før første verdskrig braut ut.

Det siste hotellet som opna før krigen var Hotel Askelund i 1913. Eigaren var tyske Franz Rheinbot, og han hadde jobba på Hotel Norge i Bergen i fleire år.⁸⁸ Hotellet låg eit stykke frå sentrum, og gjestane vart gjerne frakta med småbåtar frå dampskipkaien. Hotellet vart populært blant dei tyske gjestane, og det kom særleg mange i opningsåret i samband med avdukinga av Fritjof-statuen.⁸⁹

2.4 Flåm

Bygda Flåm ligg inst i Aurlandsfjorden, som er ein sidearm på sørsida av Sognefjorden. Etter omlag ei mil ut frå hovudfjorden deler Aurlandsfjorden seg i to. Delen som går sørvest heiter Nærøyfjorden og ender opp i Gudvangen. Den andre delen går søraust ned til Aurland og vidare inn til Flåm. Begge fjordane er i dag ein

⁸³ Underdal, *Kvikne's Hotel*, 31.

⁸⁴ Sælen, *Kvikne's Hote Balholm*, 23.

⁸⁵ Sælen, *Kvikne's Hotel Balholm*, 23.


⁸⁶ F. Scarlett, *Turistlandet Norge*, 152.

⁸⁷ Urtegaard, «Bøyum Pensjonat.»

⁸⁸ F. Scarlett, *Turistlandet Norge*, 155.

⁸⁹ F. Scarlett, *Turistlandet Norge*, 155.

del av Aurland kommune, og det var dei òg i perioden for oppgåva. Sjølv om kommunen er ein del av Indre Sogn, ligg Flåm i ytterkanten og grenser til to andre fylker, Hordaland og Buskerud. Det er tre kjente dalføre i Aurland kommune: Aurlandsdalen med veg til Buskerud, Flåmsdalen som knyter fylket til Bergensbanen og Hardangervidda, og Nærøydalen, som tidleg var ein veg frå Sogn til Voss og Hardanger.



Kart over Flåm. Kjelde: N250 kartdata, Kartverket. Målestokk: 1:320 000.

Aurland var og er framleis kommunesenteret. Frå gammalt av var det ein sti langs fjorden mellom Flåm og Aurland, der folk kunne gå eller ta seg fram med hest.⁹⁰ På sommarhalvåret kunne dei ro ut fjorden, men dette vart vanskeleg på våren og hausten når fjorden fraus til eller smelta. Midt på vinteren var den vanlegaste vegen over isen, både til fots og med hest.⁹¹

Flåm har vore eit jordbrukssamfunn, for det meste med små gardsbruk.⁹² Sjølv om bøndene ikkje vart rike storbønder frå denne drifta, har dei likevel vore knytt til gardane sine og nokre av dei har vore familiegardar sidan 1500- og 1600-talet. Det var åkerbruk, husdyrhald, beitebruk og støling. I tillegg var det noko jakt i fjella og fiske i fjorden, elver og i vatn. Folketalet auka jamt i Flåm frå 186 til 634 innbyggjarar mellom åra 1701 og 1845.⁹³ Det er mellom tre og fire gonger fleire folk på knappe 150 år. Det var på denne tida at dei første innbyggjarane byrja å emigrere til Amerika.

⁹⁰ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 114.

⁹¹ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 118.

⁹² Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 82.

⁹³ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 67.

Fram til 1914 var det 550 personar frå Flåm som reiste over Atlanterhavet og færre enn ti av dei kom tilbake.⁹⁴ Mellom 1866 og 1910 steig innbyggartalet frå 478 til 581 personar.⁹⁵ Folketalet heldt seg såleis stabilt, med ei lita auke fram mot første verdskrig.



Foto: Flåm og Flåmsdalen, ca.1898. (Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Fotograf er Nils Olsson Reppen.)

2.4.1 Reiselivet si utvikling i Flåm

Frå 1840-åra kom det engelskmenn til Flåm og gjerne med eigne båtar inn fjorden.⁹⁶ Bøndene tente pengar på å leige vekk fiskeretten i elvene til engelskmennene.⁹⁷ Dei reisande trengte plassar å bu, mat, guidar til fjellturar og klepparar til fisket. Dei lokalkjende kunne tene ekstra pengar på å hjelpe med å få alt det i stand. Engelskmennene fekk overnatte på garden Nedre Fretheim like ved fjordkanten og likte seg der.⁹⁸ Der overnatta dei i rundt fjorten dagar, og det var gjerne ei gruppe på

⁹⁴ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 234.

⁹⁵ Folketeljinga 1866, s.30–31; Folketeljinga, første heftet, 1910 s.87

⁹⁶ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 289.

⁹⁷ Distad, «Framveksten av reiselivet i Flåm», 126.

⁹⁸ Knagenhjelm, *Tradisjonsrike turisthotell i Sogn og Fjordane*, 35.

seks til åtte personar i eit reisefølgje.⁹⁹ Om dei var fornøgde med opphaldet, kunne dei kome att eit seinare år.

Flåm ligg rimeleg isolert til, og fjorden var lenge den raskaste reisevegen til og frå bygda. Reiselivet vaks sakte fram, og det skaut først fart etter vedtaket om å bygge Bergensbanen i 1894. Då vart det bygd transportveg frå Fretheim ved fjorden og opp til Myrdal, som ligg 867 meter over havet.¹⁰⁰ Mellom Myrdal og Upsete er det ein fjelltopp, Urshovden, på 12–1300 meter over havet. Denne kunne ikkje Bergensbana gå over eller rundt og dei måtte bygge tunnel igjennom.¹⁰¹ Dette måtte dei gjere frå begge sider og dimed var dei ei gruppe med arbeidarar på Myrdalsida og ei på Vossesida. Arbeidarane på Myrdalsida måtte få materialet opp til seg, og derfor vart det bygd ein transportveg opp Flåmsdalen. Opninga av Bergensbanen var formelt i 1909, men det hadde vore førebels drift mellom Voss og Myrdal sidan 1907.¹⁰²

Sjølv om Flåm fekk besøk av dei britiske fiskarane allereie frå 1840-åra, var det låg vekst i talet på reisande dei neste seksti åra. I 1902 var det 228 personar som besøkte hotellet i løpet av året.¹⁰³ Etter at det vart opna for drift mellom Bergen og Myrdal, er det ei dramatisk auke av gjester til Fretheim. I 1908 har dei totalt 1268 gjester, og det var ei auke på over 500 prosent på berre sju år.¹⁰⁴ 1914 hadde truleg vore eit rekordår om første verdskrig ikkje hadde brote ut i slutten av juli månad. Berre i løpet av juli hadde Fretheim 1189 gjester, nesten like mange som totalen i 1908.¹⁰⁵

Då Fylkesbaaten byrja å kome til Flåm var det ingen kai å legge til ved og dampen måtte ankre opp i fjorden.¹⁰⁶ Folk rodde i båt til og frå dampskipet. På 1880-talet kom dampen ein gong i veka og på 1890-talet kom båten to gonger i veka.¹⁰⁷ I 1897 vart det bygd kai ved Fretheim, og det vart lettare å få folk og varer i land.¹⁰⁸

⁹⁹ Knagenhjelm, *Tradisjonsrike turisthotell i Sogn og Fjordane*, 35.

¹⁰⁰ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 250.

¹⁰¹ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 250–251.

¹⁰² Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 279.

¹⁰³ Eide, *Fra «engelskvillaen» 1882 til Fretheim turisthotell i 1939*, 26.

¹⁰⁴ Eide, *Fra «engelskvillaen» 1882 til Fretheim turisthotell i 1939*, 30.

¹⁰⁵ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 291.

¹⁰⁶ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 302.

¹⁰⁷ Knagenhjelm, *Tradisjonsrike turisthotell i Sogn og Fjordane*, 35; Distad, «Framveksten av reiselivet i Flåm», 126.

¹⁰⁸ Eide, *Fra «engelskvillaen» 1882 til Fretheim turisthotell i 1939*, 20.

Etter at det kom veg frå Fretheim til Myrdal auka etterspurnaden etter skyss opp Flåmsdalen. Christen Fretheim starta skysstasjon i 1902 og hadde på det meste ti skysskarar tilsett. Det var fleire enn Fretheim som dreiv med skyssing og i 1909 vart det gitt løyve til 70 skysshestar opp Flåmsdalen.¹⁰⁹ Bygda hadde ikkje vegar som batt dei saman med nabobygdene, og vegen opp Flåmsdalen var ikkje tilpassa biltrafikk. Dimed var skysstasjonen i Flåm open heilt fram til Flåmsbana stod ferdig i 1942. Transportvegen i Flåmsdalen vart etter kvart i hovudsak ein turistveg. Vegen er om lag 20 km lang og i dag vert den nytta som sykkel- og turveg.

2.4.2 Hotella i Flåm

Fretheim gard var i utgangspunktet to gardar, Øvre og Nedre Fretheim. Dei vart slått saman, og i 1882 bygde eigaren Christen Fretheim eit eige våningshus for turistane i Sveitserstil ved fjorden.¹¹⁰ Huset fekk namnet Engelskvillaen. Etter vedtaket om at Bergensbanen skulle byggast, såg Christen Fretheim potensialet dette ville ha for turisttrafikken. Han utvida derfor Engelskvillaen til 15 rom.¹¹¹ Han fekk rett, og det vart ei eksplosiv auke i talet på turistar. I 1909 utvida han igjen hotellet til tre etasjar og 49 rom.¹¹² I 1909 fekk Christen og hjelp av søskenbarnet Marthe Fretheim til å drive hotellet. Det var mykje meir arbeid med hotellet med det aukande talet besøkande.

Vatnahalsen hotell vart bygd i 1896 og skulle eigentleg vere sanatorium, men vart i staden hotell.¹¹³ Det vart plassert øvst i Flåmsdalen i nærleiken av Myrdal. Hotellet vart populært då delar av Bergensbana opna mellom Myrdal og Voss. Då reiste velståande bergensarar på dagstur og åt middag på hotellet før dei reiste heim.¹¹⁴ Etter heile Bergensbana opna vart det nødvendig å utvide hotellet, og i 1909 hadde dei over 100 senger.¹¹⁵ Eit anna hotell på fjellet var Upsete Hotell. Det opna med 50 sengeplassar i 1908.¹¹⁶ Bygget var frå 1896, og var handelsbu i perioden då

¹⁰⁹ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 299.

¹¹⁰ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 290–291.

¹¹¹ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 291.

¹¹² Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 291.

¹¹³ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 294.

¹¹⁴ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 294.

¹¹⁵ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 295.

¹¹⁶ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 295.

Bergensbana vart bygd.¹¹⁷ Torstein Jonsen Fretheim kjøpte bygningen i 1902 og bygde seinare på for å opne hotell.¹¹⁸

Den siste overnattingsstaden som opna i Flåm før første verdskrig skal ha vore Flåm hotell. Eigaren Olav Sævertveit var lærar i Flåm, og han fekk satt opp ein mindre bygning for hotelldrift på eigeidomen sin i 1912.¹¹⁹ Bygget vart kalla Flåm hotell, men var meir eit pensjonat.¹²⁰ Det var dimed minst fire overnattingsstader som opna i Flåm før første verdskrig. Alle vart utvida eller opna i tida kring 1910, og Fretheim er hotellet som har drive lengst.

2.5 Oppsummering

Reiselivsutviklinga til Noreg viste at reiselivet først hadde Austlandet som utgangspunkt, før det i andre halvdel av 1800-talet gjekk over til å vere sentrert på Vestlandet med Bergen midtpunkt. Dei første reisande som kom var hovudsakleg frå England, og det var enklare for dei å reise rett til Bergen enn via Oslo for å besøke naturlandskapet på Vestlandet. I løpet av 1880-åra byrja cruiseskipa å kome til Noreg. Samtidig var det eit skifte frå enkeltreisande til masseturisme. Tyske turistar byrja òg å kome, og vart den andre dominerande gruppa med reisande ved sida av britane. Dette gjorde at besøkstala auka i Noreg, og næringa skaut fart fram mot første verdskrig.

I Sogn var Gudvangen tidleg ein populær destinasjon for dei reisande. Dei kunne kome dit med båt, og reise tilbake til Bergen over land via Stalheimskleiva og Voss. Det vart bygd fleire turisthotell i regionen, og dei fleste kom på slutten av 1800-talet eller byrjinga av 1900-talet.

Balestrand vart ein populær stad for reisande, og spesielt kunstinteresserte. Staden hadde anløp frå Fylkesbaatane frå første stund, og var såleis ein tilgjengeleg turiststad for dei reisande. Det vart bygd til saman fire hotell i tiåra før første verdskrig, og Kvikne's Hotel var Noreg sitt største turisthotell etter påbygginga i 1913.

¹¹⁷ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 295.

¹¹⁸ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 295.

¹¹⁹ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 297.

¹²⁰ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 297.

I Flåm var det utleige av husrom og fiskerettar til britar frå tidleg på 1800-talet. Reiselivet vaks ikkje like fort fram her, som i Balestrand. Etter opninga av Bergensbanen i 1909 var det derimot ei eksplosiv auke i besøkande til bygda. Bana knytte Flåm til både Oslo, Bergen og Voss, og det vart enklare å reise dit. Bygda hadde fire overnattingsstader i 1914.

Utviklinga til turiststadane syner at reiselivsnæringa vaks frå midten av 1800-talet, og at begge stadane hadde vorte kjende turistmål då første verdskrig braut ut i 1914. Det var til saman åtte overnattingsstader på stadane. Utviklinga syner dimed at det burde vere eit godt grunnlag for sysselsetjing i reiselivsnæringa, vertfall mot slutten av perioden. På den tida hadde ein færre hjelpemiddel på hotella, og det kravde at fleire personar var tilsette for at drifta skulle gå rundt.

3. Reiselivet i folketeljningane

Korleis og i kva grad kom så reiselivet til å sysselsetje lokalbefolkninga i turistregionen Indre Sogn? SSB sine folketeljningar inneheld tal som kan avdekke dette. Ved å sjå på fleire folketeljningar over tid, kan eg avdekke utviklinga til omfanget av reiselivsnæringa i perioden. Her byrjar eg med folketeljninga frå 1866 som er før reiselivet vert stort i Noreg.¹²¹ Deretter hoppar eg 25 år fram i tid til 1891, som er midten av perioden.¹²² Då var reiselivet i framvekst og hadde etablert seg i turistregionen Indre Sogn. Til slutt ser eg på ei folketeljning frå 1910, som er den siste folketeljninga før første verdskrig og som fangar reiselivet då det var på det høgaste nivået det nokon gong hadde vore i regionen.¹²³

I bakgrunnskapittelet kom det fram at reiselivet i Balestrand og Flåm hadde ei noko ulik reiselivsutvikling. Begge var tidlege turiststadar, og veksten i næringa var først låg for begge stadane. Men i løpet av andre halvdel av 1800-talet såg reiselivet ut til å vekse raskare i Balestrand enn i Flåm. Informasjonen om sysselsetjing frå folketeljningane kan hjelpe med å vurdere om den utviklinga stemmer, eller om det var ein relativt lik utvikling i regionen.

Folketeljningane har statistikk frå ulike administrative nivå i Noreg. Det er befolkningsstatistikk ned til ulike sokn, til dømes Tjugum i Balestrand herad og for Flåm i Aurland herad. Yrkes- og næringsstatistikken har ikkje tal på soknenivå, men det er eitt hakk over på heradsnivå.¹²⁴ Dette vert problematisk sidan Balestrand og Aurland herad omfattar større områder enn dei stadane som er aktuelle for oppgåva. Statistikken vil likevel kunne seie noko om stoda og utviklinga i herada i perioden. Den spesifikke utviklinga for Balestrand og Flåm vil kunne dra statistikken for herada opp og ned. Dette kan igjen seie noko om utviklinga for regionen. Det er viktig å merke seg at Fjærland var ein del av Balestrand herad på denne tida. Fjærland vaks òg fram som ein reiselivsdestinasjon i den same perioden som Balestrand. Gudvangen kan gi høge tal for reiselivutviklinga i Aurland herad, spesielt når det kjem til skyssing.

¹²¹ Folketeljninga vart publisert 1. januar 1866.

¹²² Folketeljninga vart publisert 1. januar 1891.

¹²³ Folketeljninga vart publisert 1. desember 1910.

¹²⁴ I dette kapittelet nyttar eg nemninga herad i staden for kommune. Det er denne nemninga som er brukt i folketeljninga.

I dette kapittelet skal eg først gjere greie for historia til folketeljningane i Noreg på 1800-talet. Deretter ser eg på dei ulike folketeljningane i kronologisk rekkefølge. Til slutt summerer eg opp funna frå kapittelet.

3.1 Utviklinga til folketeljningane i Noreg

I Noreg vart det ført manntal frå 1660. Boka *Faktisk talt* av Lie og Roll-Hansen har ei god oversikt over folketeljningane i Noreg og arbeidet til SSB. I boka står det at den første teljinga som skulle dekke heile den norske befolkninga var i 1769, og teljinga i 1801 var den første nominative teljinga for Danmark-Noreg.¹²⁵ Nominativ vil seie at heile befolkninga vart lista med fullt namn. Etter dette var det teljingar med om lag ti års mellomrom i løpet av 1800-talet.¹²⁶ Teljinga i 1865 var spesiell fordi det var første gang etter 1801 at teljinga igjen var nominativ. I tillegg var dette det første året med sjølvteljing, i det minste i byane.¹²⁷ I landdistrikta var det framleis teljarar, som til dømes lærarar, men frå 1865 kunne dei i større grad få hjelp av andre i bygda.¹²⁸ I denne oppgåva ser eg på teljingane frå 1866, 1891 og 1910. Då hadde folketeljningane endra form frå primært å vere ein ressurs for staten med tanke på innkrevjing av skattar og militær-teneste, til å handle om forskning på sosial vitskap og teoriar om statistiske regelmessigheiter.¹²⁹

I 1868 endra kontoret som dreiv med teljinga namn frå Tabellkontoret til Det statistiske kontor, seinare Det statistiske centralbureau. Saman med denne endringa kom tankane og kunnskapen om statistikk som fag og korleis ein kunne bruke dette. Samtidig var det ei endring i måten data vart samla inn på som gjorde at dei kunne fange opp næringar og yrker på ein betre måte. Før 1865 var det rubrikkar i teljingane der det måtte kryssast av for kven ein var, til dømes «sjølveigar», «arbeidar» eller «husmann». Teljinga i 1866 var den første med ein open rubrikk der folket sjølv kunne definere kva dei arbeidde med.¹³⁰ Såleis vart teljinga mindre politisk ved å ikkje plassere folk i bestemte stender, men retta fokuset mot kva for eit yrke personane hadde. Dette passar godt for oppgåva sidan framveksten av

¹²⁵ Lie og Roll-Hansen, *Faktisk talt*, 103.

¹²⁶ Lie og Roll-Hansen, *Faktisk talt*, 103.

¹²⁷ Lie og Roll-Hansen, *Faktisk talt*, 103; Arkivverket, «Folketellingen 1865.»

¹²⁸ Lie og Roll-Hansen, *Faktisk talt*, 103.

¹²⁹ Lie og Roll-Hansen, *Faktisk talt*, 17.

¹³⁰ Lie og Roll-Hansen, *Faktisk talt*, 114–115.

reiselivet startar på denne tida. Kanskje er det mogleg å finne yrker innanfor reiseliv i folketeljningane frå og med 1865.

Det er fleire utfordringar som gjeld for alle tre folketeljningane i oppgåva. Den første er sjølvregistreringa og det å definere sitt eige yrke. Skjemaa på slutten av 1800-talet vart stadig meir kompliserte, og det er fare for at dei som svarte ikkje skjønnte spørsmåla eller har oppfatta dei ulikt.¹³¹ I etterkant skulle svaret tydst og førast på kontoret i Oslo, der det igjen var fare for feilregistrering. SSB laga yrkeskategoriar basert på svara frå teljinga og avgjorde kvar dei ulike sjølvregistreringane passa inn. Dimed kunne ein person ende opp i ein hovudkategori som ikkje svarte til det han sjølv meinte var hovudyrket. Eit døme kan vere kva for kategori ein husmann, som reparerer sko, høyrer heime i: husmann, jordbruksarbeidar eller skomakar.¹³² Dette var det SSB som avgjorde. Normene for korleis dei kategoriserte kan òg ha variert mellom dei ulike teljingane. Slik kan det verte vanskelegare å samanlikne statistikken frå dei ulike åra. Ein skomakar frå den eine teljinga kan ha vorte registrert som jordbruksarbeidar i den neste. Det er ikkje dimed sagt at det er færre skomakarar det siste året, men det kan sjå slik ut i folketeljninga. Det må derimot ein del slike feilregistreringar til før det gir utslag på statistikken som er verdt å nemne. Dessutan kan kombinasjonen av dei generiske teljingane og personteljningane hjelpe med rette opp slike feil.

3.2 Folketeljninga 1866: Før reiselivet byrja å vekse

Denne folketeljninga er frå då dei reisande gjerne hadde Austlandet som utgangspunkt for turen til Noreg. Dei reiste via Oslo, og der var det reisebyrå som kunne hjelpe dei vidare på vegen. Det var endå relativt få reisande, og for desse var det utfordrande å ta seg rundt i Noreg. Eg forventar såleis ikkje å finne høge tal for reiselivsverksemda i turistregionen Indre Sogn dette året.

I denne teljinga var det som nemnt ei omlegging frå tidlegare år og yrka i befolkninga var viktigare. I arbeidet med materialet plasserte SSB dei ulike yrkene i seks hovudkategoriar med 55 undergrupper.¹³³ Dei seks hovudkategoriane er:

¹³¹ Lie og Roll-Hansen, Faktisk talt, 104.

¹³² Lie og Roll-Hansen, Faktisk talt, 121.

¹³³ Lie og Roll-Hansen, Faktisk talt, 115.

- 1) «Jordbrug, Fædrift, Skovdrift, Fisker m.m.»
- 2) «Grubedrift og Industri»
- 3) «Handel, Skibsfart og Landtransport»
- 4) «Arbeide af ubestemt Slags»
- 5) «Immaterielt Arbeide»
- 6) «Ikke produktivt Arbeide»

Desse kategoriane famnar breitt. For at det skal vere enklare å vite kva yrker kategoriane representerer, er det ei forklarande utgreiing for kvar av dei i byrjinga av folketeljinga. Reiseliv er ikkje nemnd som ein av undergruppene for hovudkategoriane i denne teljinga. Overnatting er heller ikkje nemnd. På denne tida var det gjestgivarar som dreiv med overnatting, og desse kombinerte gjerne losjeringa med å vere landhandlar. Dimed kan kategori 3) «Handel, Skibsfart og Landtransport» vere eit godt utgangspunkt for å finne tal for reiselivet. Det er denne kategorien som i dei seinare folketeljingane inneheld tal for overnatting og losjering. Det er likevel slik at reiselivsarbeid òg kan vere gøymd i andre yrkeskategoriar. Til dømes er «skyssing» av reisande både under 1) «Jordbrug, Fædrift, Skovdrift, Fiskeri m.m.» og 3) «Handel, Skibsfart og Landtransport». Det er fordi SSB valde å dele opp skyssing på bygda og skyssing langs dei viktigaste vegane.¹³⁴ Skyssing på bygda var arbeid knytt til jordbruket og er derfor med i den første kategorien, medan dei som skaffa skyss langs dei viktigaste vegane er med i kategori tre.¹³⁵

Den grove inndelinga gjer teljinga mindre nøyaktig. Det var hovudyrka til befolkninga som vart trekt fram og kategorisert. Dette stemmer sikkert med kva som var den viktigaste inntektskjelda til dei talde. Men det gir ikkje eit korrekt bilete av arbeidet personane faktisk gjorde. På denne tida var jordbruket den viktigaste næringa i Noreg. I boka *Norsk historie 1870–1905* skriv Nerbøvik om at det å vera bonde i tida kring 1866 ikkje berre var ei næring, men ei livsform.¹³⁶ Ulike sysler og yrker vart kombinert etter kva naturgrunnlag garden hadde.¹³⁷ SSB skriv at fleire gardbrukarar på Vestlandet i meir eller mindre grad var fiskarar, men at det ikkje kjem fram i

¹³⁴ Folketeljinga 1866, s.VIII

¹³⁵ Folketeljinga 1866, s.VIII

¹³⁶ Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 30.

¹³⁷ Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 30.

teljinga kva for yrkesveg som var den dominerande.¹³⁸ Fiskarar kan ha skrive seg opp som «sjølveigande gardbrukarar» utan nærare forklaring.¹³⁹ Det same kan ha skjedd viss personar kombinerte jordbruket med reiselivsarbeid. Då kjem reiselivsarbeidet i bakgrunnen.

Sjølv om SSB trekte fram yrker i 1866-teljinga, var Noreg framleis eit samfunn som var prega av stender.¹⁴⁰ Ei stand er ikkje eit yrke, men eit uttrykk for ulike former for samhald og fellesskap.¹⁴¹ I standssamfunnet var forholdet mellom og innanfor gruppene, regulert av både skrivne og uskrivne lover.¹⁴² Den standen du vart født og oppvaksen i prega korleis livet ditt kom til å vere. Rundt 1870 byrjar dette å endre seg i Noreg, og det nye klassesamfunnet veks fram.¹⁴³ Dei medfødde faktorane vart mindre avgjerande, og utdanning, pengar og karriere vart viktigare.¹⁴⁴ På bygda var det skilnad mellom gardbrukarane etter kor stor garden var og om garden var av gammal ætt.¹⁴⁵ Desse hadde ein høgare status enn dei med mindre gardar og dei nye sjølveigarane. Det var òg eit viktig skilje mellom bøndene og småkarsfolket, som husmenn. Sjølv om folketeljinga i 1866 nytta yrkeskategoriar i staden for stender, var det truleg vanskeleg for innbyggjarane å tenke på seg sjølv utanfor desse tradisjonelle rollene. Dessutan var Noreg framleis eit bondesamfunn, der dei fleste menn var bønder.¹⁴⁶

Teljinga viser at i Aurland og Balestrand herad var nærare 80 prosent av befolkninga oppført innanfor 1) «Jordbrug, Fædrift, osb.».¹⁴⁷ Dette stemmer med biletet av både Aurland og Balestrand som jordbruksherad med få tilreisande i 1860-åra. Vidare seier tala at 2,9 prosent i Balestrand og 2,4 prosent i Aurland jobbar innanfor 3) «Handel, osb.» Dette er på same nivå som Sogn futedøme, som har ein prosent på 2,4 i same kategori.¹⁴⁸ Det vert vanskeleg å seie meir om reiselivet med berre desse

¹³⁸ Statistisk sentralbyrå, «Resultaterne af Folketællingen i Norge 1. januar 1866.», VII.

¹³⁹ Statistisk sentralbyrå, «Resultaterne af Folketællingen i Norge 1. januar 1866», VII.

¹⁴⁰ Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 92.

¹⁴¹ Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 92.

¹⁴² Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 92.

¹⁴³ Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 93–94.

¹⁴⁴ Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 93–94.

¹⁴⁵ Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 95.

¹⁴⁶ Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 29.

¹⁴⁷ Statistisk sentralbyrå, «Resultaterne af Folketællingen i Norge 1. januar 1866.», 120. Prosenten er mi eiga utrekning.

¹⁴⁸ Statistisk sentralbyrå, «Resultaterne af Folketællingen i Norge 1. januar 1866.», 115 og 120. Prosenten er mi eiga utrekning. Eg reknar med at det er Sogn futedøme som er meint med «Sogn». Det står under Bergen stift. Det kan ikkje vere prosti sidan Sogn prosti var delt i Indre og Ytre Sogn prosti sidan 1819.

tala. I tillegg til at det er usikkert om reiselivsykker er tatt med i kategorien for handel, er både yrkeskategorien og heradskategorien for vide.

På denne tida hadde Flåm fast besøk av nokre britiske fiskarar i løpet av sommaren og Balestrand hadde ein gjestgivar, men ingen av stadane utmerka seg som reiselivssteder. Det var ruteavgangar med Fylkesbaatane frå Bergen til Sogn, men desse vart truleg mest brukt av lokalbefolkninga og for å frakte varer til og frå byen, ikkje for å frakte turistar.

Folketeljninga frå 1866 er digitalisert av arkivverket. Dette gjer det enkelt å søke opp personar og yrker for Balestrand og Flåm. Det er informasjon om namn, fødestad, fødselsdato, stilling, stand og bustad til kvar person. Stadane er lista opp etter den geistlege inndelinga prestegjeld.¹⁴⁹ Både Balestrand og Aurland prestegjeld er samanfallande med grensene til herada. For Balestrand kan eg ikkje finne informasjon om personar som jobbar med reiseliv. Ole Kvikne kom til Balestrand først i 1868 og er såleis ikkje å finne i denne folketeljninga. Sjølv etter ein gjennomgang av alle personane i prestegjeldet er det ikkje informasjon som peikar mot Balestrand som ein reiselivsstad.

For Flåm er stoda mykje den same som i Balestrand. Den største forskjellen er at det er mogleg å finne informasjon om familiane Fretheim, både på Øvre og Nedre Fretheim. Dei er skilt frå kvarandre med to ulike stavemåtar av Fretheim: Frettemm for Øvre og Frettem for Nedre. Ole Andersen på Nedre Fretheim står oppført som gardsbrukar og sjølveigar.¹⁵⁰ Hotell- eller overnattingsverksemd er ikkje nemnt for nokon i familien.

3.3 Folketeljninga 1891: Reiselivet i vekst

Den største relevante endringa frå 1866 er auken til 18 ulike hovudkategoriar for yrkene og at alle desse vart brukte på heradsnivå. Denne folketeljninga er med dette meir nøyaktig enn den frå 1866. SSB hevda sjølv at dei hadde redusert talet på usikre yrkesaktive frå om lag 33 000 i 1876 til noko over 8000 personar i 1891.¹⁵¹ Dei

¹⁴⁹ Prestegjeldet utgjorde den normale einskapen for formannskapsdistrikta etter Formannskapsloven 1837. Kjelde: Folkestyre i by og bygd, red. Næss, Hovland, s. 35–37.

¹⁵⁰ Arkivverket, «Digitalarkivet: Folketelling 1865 for 1421 Aurland Prestegjeld.», Ole Andersen, Hr.n.

1.

¹⁵¹ Folketeljning hovudbok 1891 s.45

nye kategoriane bygger på inndelinga i 1866. Til dømes kan det sjå ut som om kategori 3) «Handel, Skipsfart, osb.» frå 1866 er delt inn i fire nye kategoriar: 9) «Handel», 10) «Herberg og beværtning», 11) «Landtransport og jernbanedrift» og 12) «Søfart». I tillegg til å dele handelskategorien opp, har dei òg lagt til ein kategori for overnatting. Tilsaman gjer fleire kategoriar og spesielt ein eigen kategori for overnatting og servering, at denne teljinga gir eit meir nøyaktig bilete av yrkesinndelinga på den tida.

Både Balestrand og Aurland kommune hadde endra seg etter 1866-teljinga. I sentrum av Balestrand var det opna eitt hotell, Kvikne's Hotel. Året etter publiseringa av folketeljinga opna det andre hotellet, Hotel Balestrand. I Flåm var Nedre og Øvre Fretheim slått saman til ein gard og våningshuset flytta ned til fjorden. I tillegg var det bygd eit eige hus i sveitserstil, «Engelskvillaen», som tok i mot overnattingsgjester. Her vert skilanden i utviklinga mellom Balestrand og Flåm tydeleg. Sjølv om begge utviklar seg til å verte turiststader, skjer det noko raskare i Balestrand. For reiselivet i Noreg er dette starten for tida med masseturisme, og talet på tyske turistar vaks etter Keisar Wilhelm sin første tur til Noreg i 1889.

	Balestrand	Aurland
Herberg og beværtning	9	10
<i>Prosent</i>	0,6	0,7
Total sysselsatte	1 456	1 408

Tabell 3.1: Tal personar innanfor yrkeskategorien Herberg og beværtning i herada Balestrand og Aurland i 1866. Prosentane er mi eiga utrekning. (Kjelde: Statistisk sentralbyrå, «Folketællingen i Kongeriget Norge 1 Januar 1891: Folkemængde fordelt efter Livsstilling, 264–265.)

I Balestrand herad er ni personar oppført innanfor yrkeskategori 10) «Herbergering og beværtning». Det utgjer om lag 0,6 prosent av den samla arbeidskrafta i heradet det året. Det var fleire hotell i heradet utanom Kvikne's Hotel det året. I Fjærland opna Mundal Hotel i 1891, og det hadde vore overnatting på garden til eigarane, Mikkel Mundal, frå 1880-åra.¹⁵² Det var fem personar i Fjærland som gjekk saman om å bygge Mundal Hotel: Olaus og kona Brita Dahle samt brørne hennar Mikkel, Per og Johannes Mundal.¹⁵³ På Kvikne's Hotel var det fire personar involverte i hotelldrifta: Ole og kona Kari Kvikne og Knut med kona Margaret Kvikne. Det kan vere at desse familiane til saman var dei ni tilsette i 10) «Herberg og beværtning»,

¹⁵² Knagenhjelm, *Tradisjonsrike turisthotell i Sogn og Fjordane*, 69–71; Underdal, *Tradisjon og atmosfære*, 82.

¹⁵³ Underdal, *Tradisjon og atmosfære*, 82.

men mest sannsynleg vart ikkje familien i Fjærland ført med dette som hovudinntekt sidan det i 1890 berre var Mikkel Mundal som dreiv med overnatting.¹⁵⁴ For Kvikne sin del vart nok heller ikkje kvinnene ført opp med yrker, medan Knut og Ole kan ha vore ein del av kategori ti. Dette ser eg nærare på i neste delkapittel om personteljningane.

I Aurland herad var det ti personar oppførte i kategori 10) «Herbergering og beværtning». Det var om lag 0,7 prosent av den samla arbeidskrafta i heradet. Det er lite truleg at det var hotellverksemd i Flåm var ein del av dei ti. Christen Fretheim hadde endå ikkje offisielt opna hotell. Dimed er det lite sannsynleg at han var ein av desse personane. Fretheim var hovudsakleg ein gard, sjølv om dei hadde overnattingsgjester der. Truleg representerer desse tala reiselivsaktivitet i Aurland og Gudvangen.

Det var òg ti personar i Aurland herad som var oppført i kategori 11) «Landtransport og jernbanedrift».¹⁵⁵ Til samanlikning var det berre ein person i heile Balestrand herad.¹⁵⁶ Det var populært med skyssing frå Gudvangen og opp til Stalheim Hotel. Der var det mykje trafikk allereie i 1890-åra og det er sannsynleg at nokre av desse skysskarane var ein del av dei ti innanfor Aurland herad. Det var endå ikkje bygd veg frå Flåm og opp til Myrdal. Skyssing i Flåm må ha vore lite omfattande og i tilfelle berre over kortare strekningar. Etter vedtaket om Bergensbanen i 1894 skaut utviklinga fart i Flåm, og denne folketeljninga viser status i heradet då det framleis var rolegare.

¹⁵⁴ Brita og Olaus budde i Lærdal, men budde hjå Mikkel i Fjærland på sommaren og hjelpte til med overnattingsgjestene. Kjelde: Underdal, *Tradisjon og Atmosfære*, 82.

¹⁵⁵ Folketeljninga 1891, s.264–267

¹⁵⁶ Folketeljninga 1891, s.264–267

	Herbergering og beværtning	<i>Prosent</i>
Nordre Bergenshus Amt	70	100
Balestrand	9	12,9
Aurland	10	14,3
Indre Sogn	47	100
Balestrand	9	19,1
Aurland	10	21,3

Tabell 3.2: Tal frå tabell 3.1 i tillegg til tal frå Nordre Bergenshus Amt og Indre Sogn. Indre Sogn er avgrensa til desse herada frå teljinga: Lærdal, Aurland, Balestrand, Borgund, Hafslo, Luster, Årdal, Sogndal, Jostedalen, Leikanger og Vik. Prosentane er mi eiga utrekning. (Kjelde: Statistisk sentralbyrå, «Folketællingen i Kongeriget Norge 1 Januar 1891: Folkemængde fordelt efter Livsstilling, 264–267.)

Tala frå fylkesregionalt nivå viser klare tendensar til framvekst reiselivet i turistregionen Indre Sogn, og spesielt i Balestrand og Aurland herad. I Nordre Bergenshus Amt var det totalt 24 herad med 70 personar tilsette innanfor 10) «Herbergering og beværtning». Av desse 70 er 13 prosent tilsette i Balestrand og 14 prosent i Aurland. Til saman er det nær ein tredjedel av alle tilsette i heile Nordre Bergenshus Amt, som omfattar Sogn, Sunngjord og Nordfjord. Tal for stoda i Indre Sogn gir eit endå klarare bilete av reiselivsutviklinga i regionen. Det er 11 herad med totalt 47 personar tilsette. Av desse arbeider 19 prosent i Balestrand og 21 prosent i Aurland. Til saman utgjer det litt over 40 prosent av alle innanfor i kategori 10 i Indre Sogn. Dette er eit høgt tal og sjølv om det kan ha vore feilregistreringar, er det likevel ein sterk indikasjon på at på Aurland og Balestrand var viktige med tanke på overnattingstilbod i regionen i 1891.

Hotella og overnattingsstadane trong hjelp for at drifta skulle gå rundt. Mellom anna trong dei kokkar, servitørar og hjelp til å vaske romma. Denne typen tilsette vert mest sannsynleg ikkje lista opp i kategori 10, då slikt arbeid vert rekna som husarbeid, og ikkje reiselivsarbeid. Til dømes er det ein eigen yrkeskategori for «husligt arbeide». Det kan vere at personteljningane kan hjelpe med å finne ut kor mange personar innanfor «husligt arbeide» som var ein del av reiselivsnæringa.

3.3.1 Folketeljninga 1891: Personane

Folketeljninga frå 1891 er delvis digitalisert av arkivverket. Tretten fylker er digitalisert, men Sogn og Fjordane er ikkje ein av dei. Likevel er teljninga frå fylket skanna, og det er høve for å bla gjennom huslister og personsetlar frå Balestrand og Aurland herad. Personsetlane gir informasjon om kvar person i kommunen, som alder, fødestad og yrke.

Balestrand herad hadde ni personar oppført innanfor kategori 10) «Herbergering og beværtning». Nokre av desse kan vi finne att i det skanna materialet. «Balestranden» er to teljkrinsar i Balestrand herad og Kvikne er hus nummer 40 i den andre teljkrinsen og det er 9 personar lista opp i hushaldet.

Namn	Yrke	Forsørgar yrke
Ole Andersen Kvigne	Gardbrukar, sjølveigar, hotelleigar, dampskipsekspeditor	
Kari Amundsdr. Kvigne	(Hustru)	Gardsbrukar, hotelleigar
Theodor Olsen Kvigne	(Son)	Gardsbrukar, hotelleigar
Johannes Danielsen	Landhandlar, postekspeditør	
Knut Andersen Kvigne	Hotellvert	
Jens Olsen Kvigne	Handelsbetjent	Hotelleigar
Johan Rasmussen	Bakar (tenar)	Hotelleigar
Mathilde Marie Valtentinsen	Husjomfru (tenar)	Hotellvert, gardsbrukar
Solvei Olsdr. Bale	Kjøkkenjente i oppvasken (tenar) ¹⁵⁷	Hotelleigar

Tabell 3.3: Oversikt over personar på garden Kvikne i personteljninga 1891. (Kjelde: Arkivverket «Digitalarkivet: folketelling 1891 (skannet) for 1418 Balestrand herred.», husnummer 40 og personsetlane 1–9.)

Ole Kvikne står oppført som gardbrukar, sjølveigar, dampskipsekspeditor og hotelleigar. På personsetelen er det streka under hotelleigar med kontrastfarge. Eg reknar med at det var for å vise at stillinga som hotelleigar vart rekna som hovudstillinga. Det er det yrket som må ha vore utgangspunktet for SSB då dei arbeida med materialet. Kona, Kari Kvikne, står oppført som ein del av husstanden til Ole og han var hennar «forsørgar». Ho har ikkje eit eige yrke anna enn «hustru», men i Kvikne's Hotel si historiebok av Fritjof Sælen vert ho omtala som «primus motor» for det som hadde med kjøkkenet og matsalen å gjere.¹⁵⁸ På personsetelen måtte ho oppgjewe stillinga til forsørgaren sin og det står både gardbrukar og

¹⁵⁷ På personsetelen står det «Kjøkkenpige, oppvaskerske».

¹⁵⁸ Sælen, *Kvikne's Hotel Balholm*, 19.

hotelleigar. Igjen er hotelleigar streka under. Det er òg streka under hotelleigar på forsørgaren til sonen deira, Theodor. På tenarane sine personsetlar står det at forsørgaren, Ole, berre er hotelleigar eller hotellvert, ikkje gardbrukar. Det kan vere fordi dei var tenarar som jobba på hotellet og dimed ikkje hadde eit arbeidsforhold til han som bonde. Dette gjeld ein bakar, ei husjomfru, som hadde ansvaret for matstell, og ei kjøkkenjente.¹⁵⁹ I tillegg er bror til Ole, Knut, ein del av husstanden og han har yrket hotellvert.¹⁶⁰ Ole sin gamle sjef, Johannes Danielsen, er landhandlar og postekspeditør. I tillegg er ein slektning av Ole frå Leikanger handelsbetjent. Knut og Ole var truleg talde med i kategori 10) «Herbergering og beværtning», medan tenarane kan ha vore talde i 14) «Husligt Arbeide». Det vil seie at minst to av dei ni innanfor kategori 10) «Herbergering og beværtning» arbeidde i Balestrand. Men dei andre i familien og tenarane i hushaldet hjalp truleg til med arbeidet på hotellet. Dette kan òg gjelde fleire i Balestrand.

Namn	Yrke
Kristine Johannesdr. Sjøthun	Hotelltenar, syerske
Randi Johanna Jonsen	Stuepike, hotelltenar i sommarsesongen
Berthe Anfindsdr. Bale	Hotelltenar
Nils Johannesson Rendedal	Landhandlar, gardsbrukar, eigar av privathotell, dampskipsekspeditor
Anders Pedersen Bale	Skreddar, hotelltenar

Tabell 3.4: Personar oppført ordet hotell i nemninga av yrket. (Kjelde: Arkivverket, «Folketelling 1891 (skannet) for 1418 Balestrand herred.», teljkrins 2: Balestranden, husnummer 9 og personsetel 11, husnummer 11 og personsetel 3, husnummer 14 og personsetel 3, husnummer 37 og personsetel 1, og husnummer 49 og personsetel 1.)

Etter ein gjennomgang av personsetlane i Balestrand fann eg fem personar som jobba på hotell. Nils Johannesson Rendedal, eigaren av Hotel Balestrand, står oppført som «eigar av privathotell». Men han opna ikkje hotell før i 1892, året etter publiseringa av teljinga. Det kan vere at han dreiv utleige av rom i tida før hotellet stod ferdig. Det er landhandlar som er streka under og truleg er han ein del av kategori 9) «Handel og Pengeomsætning». I tillegg til Rendedal er det fire hotelltenarar i Balestrand. Det står ikkje om desse jobba for Kvikne's Hotel eller med Rendedal sitt privathotell, men mest sannsynleg trong Kvikne meir hjelp. Tre av tenarane har oppgjeve ein anna jobb ved sidan av stillinga på hotellet. Dei vart truleg ført i kategori 14) «Husligt Arbeide» eller ein kategori som reflekterer den andre

¹⁵⁹ Ei husjomfru var ei leiande stilling innan huslig arbeid på hotell.

¹⁶⁰ Knut gifta seg i 1890, men kona er ikkje med i denne teljinga.

stillinga. I Balestrand var det to personar som var ført i kategorien for overnatting, men talet for tilsette innanfor reiselivsnæringa var høgare. Det kan ha vore ti personar som hjelpte desse to med drifta av hotellet, eller dreiv med losjering sjølv.

Namn	Yrke
Christen Olsen	Gardsbrukar, sjølveigar, hotelleigar, postopnar, dampskipsekspeditor og forligelseskommisær
Sjur Sjursen	Jordbruksarbeid (tenar)
Unni Johannesdatter	Kreaturstell (tenar)
Anna Aslaksdatter	Kreaturstell (tenar)
Stefine Mathea Martensdtr.	Husarbeid (tenar) ¹⁶¹

Tabell 3.5: Personar som budde på Nedre Fretheim i 1891. (Kjelde: Arkivverket, »Folketelling 1891 (skannet) for Balestrand herred.», teljokrins 5: Flaams sogn, husnummer 1, personsetlane 1–5.)

Flåm var ein eigen teljokrins i Aurland herad og Christen Olsen Fretheim er hus nr.1 i denne krinsen. Han står mellom anna oppført som hotelleigar, men det er streka under gardbrukar og sjølveigar på personsetelen. I tillegg til Christen er det fire tenarar knytt til hushaldet. Tre av dei står oppført med arbeid innanfor jordbruk, medan den siste er ei tenarjente som jobba med husarbeid.¹⁶² Det er ikkje ført i folketeljinga at tenarane jobba med overnatting eller losjering, sjølv om Christen leigde ut Engelskvillaen til overnattingsgjester. Det kan vere at han klarte seg med den hjelpa han hadde, for turisttrafikken var endå ikkje vorten stor i Flåm.

Det er ingen fleire personar i teljokrinsen for Flåm som har oppgjeve at dei jobba med hotelldrift eller anna reiselivsrelatert arbeid. Christen Olsen Fretheim er såleis den einaste frå Flåm i 1891, som har oppgjeve å ha jobba med hotell. Men dette vart ikkje registrert som hovudyrket. Han var hovudsakleg ein gardbrukar.

3.4 Folketeljinga 1910

To av totalt seks hefter i denne folketeljinga har statistikk om næringslivet i landet.¹⁶³ Det første heftet om yrker gir ei oversikt over yrkeskategoriar på ulike administrative nivå, medan det andre heftet har fokus på yrker fordelt på ulike aldersgrupper og

¹⁶¹ Det står «Husgjerning» i folketeljinga.

¹⁶² Christen Fretheim var endå ikkje gift, og han hadde ingen barn.

¹⁶³ I staden for næringsliv, står det livsstilling i folketeljinga.

sivilstatusar.¹⁶⁴ SSB har auka talet på hovudkategoriar for yrkene til 25. Det er framleis heradsnivået som er det lågaste administrative nivået for denne statistikken.

I tillegg til seks ulike hefter med statistikk har folketeljinga ei hovudoversikt. I den vert det mellom anna presentert nasjonale tal for utviklinga i kategorien «Handel og omsætning». SSB hevder det har vore både ein absolutt og ein relativ vekst innanfor denne kategorien i åra mellom 1890 og 1910.¹⁶⁵ Undergruppa «Herbergering og bevertning» vert spesielt framheva, og tala syner at det har vore ein vekst for overnatting og servering i denne perioden.

Selvstændige	1890	1900	1910
Hotellvert, restaurantfører o.l.	1 929	2 740	2 650
Personer som ernærer sig av at motta losjerende	890	2 031	1 703
Andre	325	425	558
Arbeidere			
Tjenere, kokker, kjøkkenbetjening o.l.	2 045	4 033	5 781
Andre	601	556	865

Tabell 3.6: Tal personar i Noreg tilsette innanfor Herbergering og bevertning i 1890–1910. (Kjelde: Statistisk sentralbyrå, «Folketællingen i Norge 1 December 1910: Hovedoversigt.», 109–110.)

SSB meinte at den største veksten såg ut til å ha vore talet på tenarar tilsett innanfor «Herbergering og bevertning».¹⁶⁶ I statistikken deira er talet for tenarar slått saman med tala på kokkar og anna betjening på kjøkkenet. Det er likevel ei sterk auke med nær tre gonger så mange tenarar og kokkar i 1910. Tenarar vert rekna som «arbeidarar». SSB understreka at det ikkje alltid var lett å skilje arbeidarar i denne bransjen med arbeidarar frå andre bransjar.¹⁶⁷ Sjølv om ein reknar med feilregistreringar, er veksten likevel så stor at det vil vere naturleg å tru at det faktisk har vore vekst i denne bransjen.

I heftet for yrkesstatistikken frå 1891-teljinga var det berre ein kategori for tenarar, og det var innanfor jordbruk. I folketeljinga frå 1910 er det lista opp to ulike tenarkategoriar på heradsnivå: 4) «Tjenere sysselsatt ved jordbruk og fædrift» og 19) «Husbestyrerinder og tjenere ved huslig arbeide». I motsetnad til dei nasjonale tala,

¹⁶⁴ I folketeljinga står det «Egteskabelig stilling» i staden for sivilstatus.

¹⁶⁵ Statistisk sentralbyrå, «Folketællingen i Norge 1 December 1910: Hovedoversigt.», 180–110.

¹⁶⁶ Statistisk sentralbyrå, «Folketællingen i Norge 1 December 1910: Hovedoversigt.», 110.

¹⁶⁷ Statistisk sentralbyrå, «Folketællingen i Norge 1 December 1910: Hovedoversigt.», 109.

er det ikkje ei oversikt over tenarar innanfor overnatting. Det er heller ikkje ein eigen yrkeskategori for overnatting på heradsnivå i 1910, slik det var i 1891-teljinga. Den næraste kategorien er 14) «Andre ved handel, omsætning og samfærdsel». Det er truleg i denne at hoteleigarane vart registrerte. For tenarane som jobba på hotella er det minst to kategoriar i 1910 som kan ha vore aktuelle: 19) «Husbestyrerinder og tjenerne ved huslig arbeide» og 21) «Andre ved huslig arbeide samt ved arbeide auopgit art».

Både Flåm og Balestrand var no på veg mot eit høgdepunkt for turismen før første verdskrig. Balestrand hadde to hotell i 1910, Kvikne's Hotel og Hotel Balestrand. To år seinare opna Kvammen's Pensjonat. Dessutan var det eit siste hotell som vart opna fire år etter folketeljinga, Hotel Askelund. I Flåm hadde garden Fretheim offisielt fått eit hotell. Engelskvillaen vart utvida i etterkant av vedtaket om bygginga av Bergensbanen. Hotellet hadde ei kraftig auke i besøkstalet frå 1900 og framover. Det gjekk frå 128 overnattingar totalt sommaren 1901, til over tusen på berre ein månad i 1914. Det var òg bygd hotell på Vatnahalsen i nærleiken av Myrdal, som drog nytte av dei reisande med Bergensbanen. 1910 var såleis eit år der reiselivet stod sterkt begge stadane. Balestrand hadde hatt ei noko jamnare utvikling sidan førre teljing, medan Flåm hadde sterk vekst det siste tiåret.



Foto: Hotel Balestrand opna i 1892. (Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Fotograf er Nils Olsson Reppen.)

Sidan det ikkje er den same yrkeskategorien for overnatting på heradsnivå som i 1891, er det vanskeleg å samanlikne tala. Med god vekst for reiselivet på nasjonalt nivå, hadde eg forventa at det var større fokus på dette i statistikken på heradsnivå. Under viser eg tala for kategorien som er den næraste til overnatting, og tenarkategoriar som kan vere aktuelle for hotelldrift.

	Tal personar	Prosent
Andre ved handel, omsætning og samfærdsel	28	1,9
Husbestyrerinder og tjenerer ved huslig arbeide	75	5,1
Andre ved huslig arbeide samt ved arbeide av uopgit art	7	0,5
Sum	110	7,5
Totalt sysselsette	1 468	100

Tabell 3.7: Personar tilsette i tre ulike yrkeskategoriar i Balestrend herad i 1910. Prosentane er mi eiga utrekning. (Kjelde: Statistisk sentralbyrå, «Folketællingen i Norge 1 Desember 1910: folkemængde fordelt efter livsstilling, 192–193».)

I boka for hundreårsjubileet til Kvikne's Hotel, skriv Frithjof Sælen at hotellet trong 25–30 «hjelparar» i høgsesongen frå 1. juli til 15. august.¹⁶⁸ Om lag halvparten hjalp til med servering av mat, og resten hjalp til med tenester på romma og i

¹⁶⁸ Sælen, *Kvikne's Hotel Balholm*, 24.

vaskeriet.¹⁶⁹ Disse personane hadde jobb på hotellet i løpet av sommarsesongen, men ikkje utover det. Dei kan vere ein del av «Husbestyrerinder og tjenerer ved huslig arbeide» eller «Andre ved huslig arbeide samt arbeide av uopgit art». Det er høge tal for handelskategorien og tenarkategoriane. Det er rimeleg at ein del av desse jobba i hotell og med reiseliv, men ikkje alle.

	Tal personar	<i>Prosent</i>
Andre ved handel, omsætning og samfærdsel	91	5,9
Husbestyrerinder og tjenerer ved huslig arbeide	94	6,1
Andre ved huslig arbeide samt ved arbeide av uopgit art	13	0,8
Sum	198	12,7
Totalt sysselsette	1 545	100

Tabell 3.8: Personar tilsette innanfor tre ulike yrkeskategoriar i Aurland herad i 1910. Prosentane er mi eiga utrekning. (Kjelde: Statistisk sentralbyrå, «Folketællingen i Norge 1 Desember 1910: folkemængde fordelt efter livsstilling.», 192–193.)

Det er mange fleire innanfor handelskategorien i Aurland herad enn i Balestrand herad. Det kan skulast det store omfanget av skyssing i heradet. I 1910 var det skyssing både frå Gudvangen til Stalheim Hotel og frå Flåm til Myrdal stasjon. I tillegg var det hotell både i Gudvangen og i Flåm. Som for Balestrand herad, var det sikkert fleire av desse som jobba med reiseliv i Flåm, men det er ikkje råd å seie kor mange.

3.4.1 Folketeljinga 1910: Personane

Personteljinga for 1910 kan hjelpe med å finne ut kor mange av personane i handels- og tenarkategoriane som jobba med reisleiv. Heile personteljinga, inkludert Sogn og Fjordane, er digitalisert. Det lettar arbeidet med å søke opp personar og ulike yrker i herada. Det er informasjon om namn, fødselsdato, fødestad, stilling, stand og bustad for kvar person i heradet.

I Balestrand herad fann eg 41 personar som har oppgitt ei stilling som kan vere knytt til reiseliv og/eller som er ein del av hushaldet til hotellfamiliane. Det er inkludert sju personar i Fjærland. Tar eg vekk desse er det 34 personar att, og dei har eg lista opp i tabellen under.

¹⁶⁹ Sælen, *Kvikne's Hotel Balholm*, 24.

Namn	Yrke	Alder	Bustad
Ole Kvikne	Hotelleigar, handelsmann og gardsbrukar	61	Balholmen
Kari Kvikne	Kone	60	Balholmen
Theodor Kvikne	Hjelpar ved hotellbetjening	28	Balholmen
Knud Kvikne	Rentenist	66	Balholmen
Anna Gurvin	Stuepike	55	Balholmen
Henrik Nor	Bakar for hotellet	17	Balholmen
Vilhelm Nor	Bakar for hotellet	19	Balholmen
Olina Andersdatter Balevik	Tenestejente (på kjøkken)	24	Balholmen
Arne Espevik	Gardsarbeidar	20	Balholmen
Nils J. Rendedal	Handelsmann, hotelleigar og gardsbrukar	65	Bale
Synneva Andersdatter Rendedal	Kone	55	Bale
Peder Johnsen Thue	Gardsgut ved hotell	21	Bale
Olina Oldsdatter Nokken	Tenestejente husstell	22	Bale
Erik Johnsen Myklebust	Plassmann, steinarbeidar	59	Bale
Kari Olsdatter Sjøthun	Syerske og tenar på hotell om sommaren	32	Sjøthun
Birgit A. Øvrebø	Kokke ved hotell	22	Balderskogen
Thomas I. Thue	Skreddar og hotelltenar	23	Tue
Torbjørn I. Bratland	Hotelljente om sommaren	47	Bratland/Skaasheim
Synneva P. Bale	Meierske i ca. åtte månader og tenestejente om sommaren	34	Bratland Meieri
Hans Jørgensen Sværen	Sjølveigar, køyrer motorbåt om sommaren, fiskar og jeger	33	Nedreholmen
Ole N. Tenningen	Sjølveigar, gardsbrukar og skyssar i turistsesongen	69	Bale
Elisa Danielsen	Sjølveigar, har losjerande om sommaren, oppsparte midlar	76	Holmevolden
Sigrid Lassedatter Gullakson	Strandsittar, strikkar, vask og stryking om sommaren	53	Balholmen
Stefina J. Thue	Syerske, vask og strykearbeid	41	Tue
Berte Larsdatter Lervaag	Strikking, vask og gardsarbeid	50	Feten
Marta Gunarsdatter Bale	Hagearbeid, vask og spinning	71	Bale
Johanna Johannesdatter	Husmor, vask og stryking	56	Bale
Helga Olsdatter Balevik	Fiskarkone, vask	50	Bale
Sigrid Lassedatter Gullakson	Strandsittar, strikkar, vask og stryking om sommaren	53	Balholmen
Johanna Hansdatter Bale	«Inderst» vask og stryking	39	Holmevolden
Dordei S. Nilsen	Hustru, syng, stryking og vask	45	Nygaard
Nikoline J. Nilsen	Veving, husstell, stryking (med mora)	18	Nygaard
Marta H. Ese	Hustru, syarbeid, vask og stryking	45	Bale
Elisa A. Ese	Syng med mora, vask og stryking	18	Bale

Tabell 3.9: Personar knytt til reiselivsnæringa i Balestrand kommune. (Kjelde: Arkivverket, «Folketelling 1910: 14 Sogn og Fjordane, 1418 Balestrand herred.»)

Personane i tabellen kan delast inn i fire ulike grupper: 1. Hotellfamiliane, 2. Personar som har oppgjeve hotell som arbeidsstad, 3. Personar med sommarjobbar som er reiselivsrelaterte og 4. Personar som jobbar med «vask og stryking».

For hotellfamiliane er det vanskeleg å seie om personane jobba med hoteldrift, gardsbruk, anna arbeid eller ein kombinasjon av desse tre. Til dømes står Knut Kvikne oppført som rentenist. I 1891 var han oppført som hotellvert. Det kan hende han hadde pensjonert seg frå hoteldrifta sidan han var 66 år gammal i 1910. Både i hushaldet til Kvikne og Rendedal er det personar som ikkje ser ut til å ha vore knytt til hoteldrifta. Arne Espevik var gardsarbeidar og Erik Johnsen Myklebust var plassmann og steinarbeidar. Begge kan ha kombinert yrka med arbeid på hotellet viss det var behov for det. Som i 1891, er det rimeleg å tru at resten av familien til både Kvikne og Rendedal hjelpte til med arbeidet på hotellet.

I den andre gruppa er det er fire personar som har oppgjeve ordet «hotell» i stillingskategorien, utover hotellfamiliane. Tre av dei er tenarar på hotell om sommaren og ei er kokke på hotell. Det står ikkje om kokka jobbar heile året, men ho hadde truleg mest å gjere på sommaren. Den eine tenaren er skreddar resten av året, ei anna er syerske, medan den siste ikkje har oppgjeve anna yrke. Mest sannsynleg kombinerte dei alle arbeidet på hotellet med anna arbeid når det ikkje var turistsesong.

For dei to siste gruppene er det uklart om dei jobba med reiseliv eller ikkje, men skildringa av stillingane kan tilseie at dei gjorde det. Den første gruppa er folk med reiselivsrelaterte jobbar på sommaren. Det er ein skyssar, ein som køyrer motorbåt, ei som tar i mot losjerande og ei som er tenestejente. Dei har alle oppgjeve sommaren eller turistsesongen som periode for akkurat dette arbeidet. Resten av året jobbar dei med andre ting. Sidan sommarsesongen var turistsesongen, er det sannsynleg dette arbeidet var reiselivsrelatert.



Foto: Kvinner som vaskar klede i Geiranger ca. 1890–1910. Illustrerer korleis dette arbeidet gjekk føre seg på den tida. (Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Fotograf er Samuel J. Becket.)

Den siste gruppa er kvinner som har oppgjeve «vask og stryking» som arbeid. Nokre spesifiserer at det er sesongarbeid ved å skrive «vask og stryking om sommaren». Desse damene bur for det meste i området rundt sentrum, utanom ei dame. Det skal ha vore vanleg at klesvask frå gjestene på Kvikne's Hotel vart sendt til kvinner på bygda som vaska for dei.¹⁷⁰ Det kan vere at gjestene på Hotel Balestrand gjorde det same. Dette kan vere ei forklaring på kvifor det er så mange kvinner som har ført opp dette som yrke.

Flåm hadde store endringar frå førre teljing. Det var to hotell, Vatnahalsen Hotel bygd i 1896 og Opset Hotel som opna i 1908, i tillegg til Fretheim Hotel. Opninga av Bergensbanen skapte stor trafikk til bygda, noko besøkstala til Fretheim Hotel viser.¹⁷¹

¹⁷⁰ Sælen, *Kvikne's Hotel Balholm*, 24.

¹⁷¹ Enge, *Fra "engelskvillaen" til i 1882 til Fretheim turisthotell 1939*, 30-31.

Ein gjennomgang av personteljningane i Flåm viser at det var 16 personar som står oppført med arbeid på hotell.

Namn	Yrke	Født	Bustad
Chr. Olsen Fretheim	Gardsbrukar og hotelleigar	1848	Fretheim
Martha G. Fretheim	Styrar (på hotell) ¹⁷²	1868	Fretheim
Karoline E. Oternæs	Kokke på hotell	1868	Fretheim
Aasa A. Ottergjel	Hotelltenar ¹⁷³	1865	Fretheim
Anders J. Kaardal	Hotelltenar	1887	Kaardal
Janne J. Brække	Hotellstyrar ¹⁷⁴	1885	Brække
Torstein J. Brække	Gardsbrukar og hotelleigar	1863	Brække
Elseberg Stue	Tenestejente ved husstell og hotellforretning	1889	Myrdal Stasjon
Gurine Marstad	Tenestejente ved husstell og hotellforretning	1886	Myrdal Stasjon
Ragnhilde Vidme	Tenestejente ved husstell og hotellforretning	1883	Myrdal Stasjon
Inger Lund	Tenestejente ved husstell og hotellforretning	1853	Myrdal Stasjon
Bergliot Larsen	Tenestejente ved husstell og hotellforretning	1895	Myrdal Stasjon
Margit Arnesen	Tenestejente ved husstell og hotellforretning	1886	Myrdal Stasjon
Janne Ragnhild J. Brekke	Hotellstyrar ¹⁷⁵	1885	Opset Hotel
Peter A. Fretheim	Hotellstyrar ¹⁷⁶	1885	Vatnahalsen Hotel
Hanna Fretheim	Kjøkkenstyrar ¹⁷⁷	1888	Vatnahalsen Hotel

Tabell 3.10: Personar knytt til reiselivsnæringa i Flåm 1910. (Kjelde: Arkivverket, «Folketelling 1910: 14 Sogn og Fjordane, 1421 Aurland herred.»)

Alle dei tre hotella i Flåm i 1910 er nemnde i teljinga, i tillegg til Myrdal Stasjon. Det er ei blanding av hotelleigarar, styrarar, tenarar og kokker. I motsetnad til Balestrand, var det ingen nemningar utover desse som tilsa at andre i Flåm hadde sommarjobbar i turistsesongen. Eg kan heller ikkje finne den populære stillinga «vask og stryking» frå Balestrand si teljing. Vatnahalsen Hotel, Opset Hotel og Myrdal stasjon låg høgt til på fjellet og dimed eit godt stykke vekk frå sentrum. Det kan vere dei ikkje hadde høve til å inkludere bygdefolket i arbeidet på same måte som i Balestrand. Det er likevel minst 16 personar som arbeider innanfor reiselivsnæringa.

¹⁷² Frå nemninga «Bestyrerinde» i folketeljninga

¹⁷³ Frå nemninga «Hotellpige» i folketeljninga

¹⁷⁴ Frå nemninga «Hotellbestyrerinde» i folketeljninga

¹⁷⁵ Frå nemninga «Hotellbestyrerinde» i folketeljninga.

¹⁷⁶ Frå nemninga «Hotellbestyrar» i folketeljninga.

¹⁷⁷ Frå nemninga «Frøken Kjøkkenbestyrerinde» i folketeljninga.

Namn	Yrke	Født	Bustad
Erik S. Brække	Skyssgut	1894	Fretheim
Martin S. Brække	Skyssgut	1893	Brække
Guttorm J. Brække	Gardsbrukar og skysstasjon	1872	Brække

Tabell 3.11: Personar som jobbar med skyssing i Flåm 1910. (Kjelde: Arkivverket, «Folketelling 1910: 14 Sogn og Fjordane, 1421 Aurland herred.»)

I tillegg til dei som jobba på hotell er det to personar som står oppført som skyssgutar, og ein person driv ein skysstasjon. Skyssguten frå Fretheim kan ha vore tilsett hjå Christen Fretheim, men det står ikkje arbeidsgivar på personsetelen. Det er sannsynleg at gutar og menn som jobba med jordbruk, til dømes som dreng eller tenar, hjelpte til med skyssing i tillegg til andre arbeidsoppgåver.

Namn	Yrke	Født	Bustad
Johan N. Flaam	Hestehandlar	1871	Flåm
Guttorm N. Flaam	Hestehandlar	1876	Flåm
Østen T. Hauglum	Hestehandlar	1873	Dalsbotten
Martines M. Dalsbotten	Hestehandlar	1885	Dalsbotten
Østen J. Berekvam	Hestehandlar	1869	Berekvam

Tabell 3.12: Personar som jobba med hestehandel i Flåm 1910. (Kjelde: Arkivverket, «Folketelling 1910: 14 Sogn og Fjordane, 1421 Aurland herred.»)

At det er mykje skyssing i Flåm reflekterast òg gjennom talet på hestehandlarar i bygda. Det var fem hestehandlarar i Flåm. Til samanlikning kunne eg ikkje finne ein einaste hestehandlar i Balestrand. Dette kan vere ein indikasjon på at skyssing var ei stor næring i Flåm. Sidan arbeidet med Bergensbana var over, var det i 1910 hovudsakleg reisande som trong skyss. Dimed vert skysskarane ein del av reiselivsnæringa. Knytning mellom hestehandlarane og reiselivsnæringa vert meir indirekte, men kan vere tilstade.

3.5 Oppsummering

Målet med kapitlet var å finne effekten reiselivet hadde på sysselsettinga på turiststadane, og avdekke omfanget til reiselivet. Folketeljningane frå 1866, 1891 og 1910 viser vekst for reiselivet i både Flåm og Balestrand, og såleis for turistregionen Indre Sogn. Under er det ei oppsummering av funna frå kapitlet og ei oversikt over utviklinga.

Både kommuneteljninga og personteljninga i 1866 hadde ingen informasjon om reiselivsverksemdar i anten Flåm eller Balestrand. Kommuneseteljinga delte innbyggjarane inn i fem yrkeskategoriar, og den næraste til reiseliv var «Handel, Skipsfart og Landtransport». Begge bygdene låg på mellom 2 og 3 prosent yrkesaktive i denne kategorien. Det var på nivå med regionen elles. Det einaste sporet av reiselivsverksemdar er at eigarane av Fretheim er lista opp i personteljninga, men det er ingen informasjon om at dei dreiv med losjering av gjester på sommaren.

Folketeljninga frå 1891 var meir nøyaktig med tanke på tal yrkeskategoriar, og den hadde ein eigen kategori for overnatting og servering på heradsnivå. Dimed kjem det fram meir informasjon om reiselivet, som er i vekst. Spesielt i Balestrand viser tala ei endring. Tabellen under gir ei oversikt over yrkesaktive innanfor reiseliv i begge bygdene.

	Hotelleigarar/ styrar	Tenarar på hotell	Andre tilsette innanfor reiseliv	Totalt
Balestrand	3	7	0	10
Flåm	0 (1 ¹⁷⁸)	0	0	0 (1)

Tabell 3.13: Yrkesaktive innanfor ulike kategoriar av reiseliv. (Kjelde: Oppsummering av tal frå delkapittel 4.3).

Kommuneoversikta viste at ni personar i Balestrand herad var tilsett innanfor overnatting og servering. I personteljninga kan eg finne at tre av desse i bygda Balestrand, men truleg vart berre to ført i kategorien for overnatting. Det kan vere fleire frå Balestrand, men truleg var dei andre i denne kategorien frå andre delar av kommunen, som Fjærland og Vangsnes. I Aurland kommune var det ti personar tilsett innanfor overnatting og servering. Ingen av desse ti var å finne att i Flåm. Sjølv om Christen Fretheim mellom anna var «hotelleigar» på personsetelen i teljinga, var han ein del av yrkeskategorien for jordbruk sidan han i første rekke var gardbrukar. Det var truleg Vangen og Gudvangen som stod for personane i kategorien for overnatting og servering i Aurland herad. Tala frå folketeljninga syner ei ulik utvikling av reiselivet i Flåm og Balestrand, der Balestrand har ti gonger fleire tilsette innanfor reiselivet. Tala peiker uansett på eit løft for regionen. Til saman hadde Balestrand og Aurland herad 40,4 prosent av alle yrkesaktive innanfor overnatting i Indre Sogn.

Folketeljninga frå 1910 opererte med fleire yrkeskategoriar enn teljinga frå 1891, men SSB hadde gått vekk frå ein eigen kategori for overnatting. Det var ingen ny

¹⁷⁸ Dette er Christen Fretheim. Han vart talt som gardbrukar, ikkje hotelleigar, i folketeljninga.

reiselivskategori som erstatta denne, og såleis vart det vanskeleg å få oversikt over reiselivsaktiviteten i herada. Personteljinga gav derimot mykje god data for både Flåm og Balestrand. Under er ein tabell med oversikt over resultatet etter gjennomgangen av personsetlane.

	Hotelleigar/ styrar	Tenar på hotell	Andre tilsett innanfor reiseliv	Totalt
Balestrand	3	10	4 (16)	17 (29)
Flåm	6	10	3 (8)	19 (24)

Tabell 3.14: Yrkesaktive innanfor ulike kategoriar reiseliv. (Kjelde: Oppsummering av data frå delkapittel 4.3 og 4.4)

Begge stadane har hatt ei positiv reiselivsutvikling sidan teljinga i 1891.

Personsetlane inneheld meir detaljert informasjon om stillingane til innbyggjarane og såleis kan ein lettare finne dei som jobba med reiseliv. Det var likevel vanskeleg å avgjere om enkelte stillingar var ein del av reiselivet eller ikkje. Vaskedamene i Balestrand og hestehandlarane i Flåm er døme på slike stillingar. Truleg vart desse stillingane etterspurt på grunn av reiselivet i bygdene, utan at eg kan seie dette med sikkerheit.

Tala frå folketeljinga syner at det har vore ein vekst frå truleg null personar tilsett innanfor reiselivsnæringa i 1866 til minst 17 personar i Balestrand og 19 personar i Flåm i 1910. Det er felles for alle folketeljingane at det kan ha vore personar som har jobba med reiseliv, utan at det kjem fram av informasjonen som er registrert om dei ulike personane. Såleis vert det vanskeleg å gi eit eksakt tal for tilsette innanfor reiselivsnæringa.

4. Reiselivet i likningsprotokollane

I dette kapittelet går eg gjennom skatteprotokollar for Balestrand og Flåm frå 1866, 1891 og 1910. Desse kan gje ytterlegare informasjon om kva arbeidsplassar som vart skapt av reiselivet, og dimed svare på spørsmålet om korleis og i kva grad reiselivet kom til å sysselsetje lokalbefolkninga i turistregionen. Eg har vald dei same åra som folketeljningane for å best mogleg kunne samanlikne funna frå begge kjeldene. I nokre tilfelle er åra før og etter tatt med for å kunne sjå tala i dei valte åra i samanheng. Fylkesarkivet har ikkje skatteprotokollar for Balestrand kommune frå 1866. For dette året er det berre data frå Flåm.

Likningsprotokollane gir meir og annan informasjon om reiselivet enn folketeljninga. Dette vert spesielt viktig for Balestrand. Der var det fleire personar som budde i periodar i løpet av året, men som ikkje var «heimehørende» i bygda.¹⁷⁹ Desse personane vart ikkje tald med i folketeljninga, sjølv om fleire av dei eigde eigen bustad og skatta til kommunen. Likningsprotokollane kan såleis innehalde opplysningar om personar med yrker som er relevante for reiselivet, men som ikkje kom fram i kapittel fire. I tillegg gir likningsprotokollane ei oversikt over kor mykje pengar dei ulike aktørane innanfor reiselivet tente. Dette kan gi ei oversikt over den økonomiske utviklinga til reiselivet i perioden.

Prisveksten (inflasjonen) i perioden er aukande og påverkar tala for den økonomiske utviklinga til reiselivsnæringa. Gjennom kapittelet har eg konvertert eldre tal til prisnivået i 1910, og i andre tilfelle samanlikna med prisnivået i dag (2016). Slik kan eg betre samanlikne tala. Frå 1913 til 1914, er prisveksten (inflasjonen) høgare enn åra før, og dette kan gjere at den økonomiske utviklinga ser betre ut enn den faktisk var.

Først i kapittelet gir eg ei oversikt over likningshistoria i Noreg på 1800- og tidleg 1900-talet. Deretter går eg igjennom likningsprotokollane til Balestrand og Flåm frå 1866, 1891 og 1910. Til slutt er det ei oppsummering av funna.

¹⁷⁹ Heimehørende er dei som vart rekna som busett i kommunen i folketeljningane.

4.1 Likningshistoria på 1800-talet i Noreg

Boka *På ære og samvittighet* av Arne Haugen, og rapporten *Skattesystem og skattestatistikk i et historisk perspektiv* av Karsten R. Gerdrup gir til saman ei god oversikt over den norske skattehistoria. På 1800-talet gjekk norsk økonomi frå å vere primært eit naturalhushald til eit pengehushald.¹⁸⁰ Det var eit skifte frå å bruke varer til pengar som betaling, og eit meir marknadsorientert jordbruk.¹⁸¹ Før dette var Noreg primært eit jordbrukssamfunn og såleis var det naturleg å nytte jordbruksprodukt då bøndene betalte skatt. Sidan samfunnet gjekk over til å nytte pengar i staden for, fekk dette konsekvensar for utviklinga av skattebetalinga. Fram til 1882 var matrikelen grunnlaget for utrekninga av skatt, medan ei ny skattelov endra dette.¹⁸² Skattelova av 1882 var den første skattelova for by og land og der stod det at skatt frå då av skulle reknast ut frå inntekta og formuen til skatteytaren.¹⁸³ Såleis vart lønnsarbeid og stillinga til skatteytarane viktig for skattekontoret. Saman med denne nye pengeøkonomien vaks det fram nye næringar og verksemdar.¹⁸⁴ Reiselivet er ei av desse næringane som vaks fram og som var ein del av pengeøkonomien.

Lova frå 1882 regulerte kva som skulle reknast som formue og inntekt, men kommunane hadde stor fridom til å bestemme likningsreglar for sin eigen kommune så lenge det var innanfor rammene til lova.¹⁸⁵ Dette var med på å skape ulikt skattetrykk i dei ulike kommunane.¹⁸⁶ Skatteprosenten kunne variere frå 2,5 prosent til over tjue prosent i enkelte kommunar, og det var større variasjon i kommunane på bygda enn i byane.¹⁸⁷ Det var likningsnemnder i kvar kommune som hadde ansvaret for å samle inn nødvendig informasjon om skatteytarane sin økonomi. Det var inga sjølvmelding som skatteytarane fylte ut, så likningsnemndene måtte ha god oversikt over innbyggjarane i kommunen for å kunne rekne ut riktig skatt. Kommunane hadde høve til å organisere likningsvesenet soknevis, og om lag 10 000 til 15 000 personar var engasjerte i likningsarbeidet i Noreg kvart år.¹⁸⁸ Då likninga var ferdig, vart ho lagt

¹⁸⁰ Gerdrup, «Skattesystem og skattestatistikk i et historisk perspektiv», 12; Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 32.

¹⁸¹ Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 32–34.

¹⁸² Gerdrup, «Skattesystem og skattestatistikk i et historisk perspektiv», 11.

¹⁸³ Gerdrup, «Skattesystem og skattestatistikk i et historisk perspektiv», 11.

¹⁸⁴ Haugen, *På ære og samvittighet*, 28.

¹⁸⁵ Haugen, *På ære og samvittighet*, 45.

¹⁸⁶ Haugen, *På ære og samvittighet*, 79.

¹⁸⁷ Haugen, *På ære og samvittighet*, 79–80.

¹⁸⁸ Haugen, *På ære og samvittighet*, 43.

ut slik av innbyggerane kunne sjekke om dei vart skatta riktig.¹⁸⁹ Dette var viktig sidan vurderinga av inntekt og formue var basert på skjønnet til likningsnemndene. Det var til dømes ikkje sikkert kontoret hadde fått med seg kor mange skatteytaren var forsørgar for, og dette kunne gi frådrag.¹⁹⁰ På den andre sida hadde ikkje likningsnemndene tilgang til bankinformasjonen til skatteytaren, og såleis vanskeleg for å få eit detaljert oversyn over økonomien til skatteytaren.¹⁹¹ På byrjinga av 1900-talet hadde arbeidsgivar endå ikkje plikt til å levere opplysningar om arbeidstakarar og lønnsforhold.¹⁹² Dimed er det vanskeleg å bruke likningsprotokollane til å finne slik informasjon om dei ulike reiselivsverksemdene.

Frå 1836–1892 var det ikkje direkte statsskatt i Noreg, og det er berre likningsprotokollar for kommunalskatt i denne perioden.¹⁹³ Sjølv om den direkte statsskatten kom tilbake i 1892, var den lite omfattande.¹⁹⁴ I denne oppgåva kjem eg til å gå igjennom dei kommunale skatteprotokollane. Då finst det protokollar for heile perioden og eg kan samanlikne data frå dei ulike åra.

4.2 Likningsprotokollar 1866

Denne protokollen er frå då skatten framleis vart rekna ut frå matrikkelen og verdien av eigedomen. Det er dimed garden og produksjonen der som er grunnlaget for skatten, og den vart gjerne betalt med matvarer. Frå dette året er det berre ein likningsprotokoll for Aurland kommune, ikkje for Balestrand kommune. Både den generiske teljinga og personteljinga gav lite informasjon om reiselivet i både Aurland og Balestrand kommune dette året. Truleg var det Aurland kommune som hadde mest reiselivsaktivitet på grunn av dei tidlege besøka til dei britiske fiskarane. Det var endå ikkje hotell i nokre av bygdene, men garden Nedre Fretheim hadde besøk på sommaren av dei britiske fiskarane. I Balestrand var det ein gjestgivar med få overnattingsplassar.

Skjemaa i skatteprotokollen frå Aurland kommune har rubrikkar for stad/gard, namn og inntekt, men ingen eigen rubrikk for yrke eller arbeid skatteytaren hadde. Dette var

¹⁸⁹ Haugen, *På ære og samvittighet*, 49.

¹⁹⁰ Haugen, *På ære og samvittighet*, 45.

¹⁹¹ Haugen, *På ære og samvittighet*, 50.

¹⁹² Haugen, *På ære og samvittighet*, 56.

¹⁹³ Gerdrup, «Skattesystem og skattestatistikk i et historisk perspektiv», 11.

¹⁹⁴ Haugen, *På ære og samvittighet*, 58.

heller ikkje å forvente sidan inntekta og formuen ikkje var grunnlaget for skatten. Men skjemaet i protokollen frå 1867 er det notert ei stilling eller ein stand før namnet til skatteytaren. Titlane er forkorta og skrifta er vanskeleg å tyde. Det er likevel mogleg å gjette kva som er meint. Tabellen under viser nokre døme frå protokollen.

Forkorting	Stand/Stilling
Pige	Hushjelp
Ungk.	Ungkar/dreng
Kaark.	Kårkone
Kaarmd.	Kårmann

Tabell 4.1: Døme på forkortingar på stand og stilling i 1867 i Flåm. (Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Likningsprotokoll for Aurland kommune 1866–1867, 14.)

Det er dei same stillingane som går att for kvar gard. Stillingane er generelle og spesifiserer ikkje kva for arbeid skatteytaren gjorde. Det er meir ei skildring av sosial status. Dette er eit døme på fenomenet nemnt i kapittel fire om overgangen frå stand til yrke, som den viktigaste måten å kategorisere på. Det er ikkje råd å vite kva konkrete arbeidsoppgåver den kvinnelege hushjelpa eller gardsguten hadde.

Den første personen som er oppført for kvar gard i protokollen er gjerne eigaren av garden. Ho eller han står oppført utan tittel, men nivået på inntekta gjer det sannsynleg at dette er gardbrukaren. Dette vert stadfesta under garden Fretheim der Guttorm Torsteinsen står øvst og resten av bebruarane er oppførte under han.¹⁹⁵ Fretheim var i 1866 framleis delt i to gardar, Øvre og Nedre. Ole Andersen Fretheim dreiv Nedre Fretheim og Torstein Guttormsen Fretheim dreiv Øvre Fretheim.¹⁹⁶ I 1866 laga Ole Andersen Fretheim ein avtale med Lord Garvagh om leige av Fretheim sin del av lakseelva i 10 år mot ein pris på 25 spesidalar årleg.¹⁹⁷ Nedre Fretheim hadde før dette òg skaffa overnatting for lordar og andre gjester frå England.¹⁹⁸ Dette gav ekstra inntekt til garden, men det er diverre ikkje råd å sjå spor av dette i protokollen. Verdien til Øvre Fretheim er satt til 2 600 spesidalar, men det er ikkje ført eit tilsvarende tal for Nedre Fretheim.¹⁹⁹

¹⁹⁵ Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Likningsprotokoll Aurland kommune 1866–1877, 7. Det er uklårt kvifor Guttorm Torsteinsen står oppført i likningsprotokollen. Han tok ikkje over garden før i 1874. (Kjelde: Indrelid, *Gard og Ætt*, band IIA, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 106.)

¹⁹⁶ Indrelid, *Gard og Ætt*, band IIA, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 96 og 103–105.

¹⁹⁷ Indrelid, *Gard og Ætt*, band IIA, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 69.

¹⁹⁸ Indrelid, *Gard og Ætt*, band IIA, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 69.

¹⁹⁹ Likningsprotokoll Aurland 1866 s.7. Verdien for spesidalarane i 1910 ville vert 9696,89 kroner. (Kjelde: Norges Bank, «Priskalkulator».)

Det er lite truleg at Balestrand sin skatteprotokoll ville gitt fleire opplysningar enn den frå Aurland. Prosentinndelinga for yrkeskategoriane var om lag den same i folketeljinga og eg reknar med at yrkestitlane for Balestrand ville vore ganske like yrka i skatteprotokollen til Aurland kommune. Informasjonen i likningsprotokollen tyder ikkje på at innbyggjarane i Flåm hadde reiselivsrelatert arbeid.

4.3 Likningsprotokollar 1891

Etter skattelova av 1882, var inntekta og formuen grunnlaget for skatten til skatteytaren. Både inntekt og formue er dimed eigne kategoriar i protokollane frå 1891, men står som «antagaen», altså truleg. «Antagen» inntekt er tala for nettointekt.²⁰⁰ Sidan det var vanskeleg å få detaljert informasjon om formuen, reknar eg med at det er difor det står «antagen» for denne òg. Tala må dimed sjåast på som omtrentlege. Sidan grunnlaget for skatten er endra, reknar eg med at yrket og stillinga til skatteytaren var viktigare for skattekontoret.

Reiselivet i både Aurland og Balestrand kommune hadde vakse sidan 1866. Fretheim hadde bygd eit eige hus, Engelskvillaen, til dei overnattingsgjestene. I Balestrand hadde Kvikne's Hotel vore i drift i seks år. Dei nye bygga markererte at reiselivet var ei viktigare næring og ho framleis var i vekst. Eg reknar med å finne att denne endringa i likningsprotokollane i form at stillingar knytt til reiselivet og økonomisk vekst for hotelleigarane.

Aurland sin protokoll frå 1891 har fleire ulike kategoriar i skjemaet som namn, bustad, «antagen» formue, «antagen» inntekt og skatteklasse Men yrke eller stilling er ikkje ein av dei. Christen Olsen Fretheim var den nye eigaren av Nedre Fretheim, og han hadde ei formue på 20 450 kroner i 1891.²⁰¹ I tillegg til å tene pengar på gjestene i Engelskvillaen, var han tilsett som postopnar for Flåm frå 1890.²⁰² I 1893 kjøpte han Øvre Fretheim for 26 000 kroner.²⁰³

Guttorm Torstein eigde Øvre Fretheim fram til han døydde i 1889. Dødsbuet er oppført i likningsprotokollen med ein verdi på 52 500 kroner.²⁰⁴ Etter ei arvestrid var

²⁰⁰ Gerdrup, «Skattesystem og skattheorie i et historisk perspektiv», 16.

²⁰¹ Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Likningsprotokoll 1891 for Aurland kommune, 293.

²⁰² Indrelid, *Gard og Ætt*, band IIA, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 97.

²⁰³ Indrelid, *Gard og Ætt*, band IIA, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 97.

²⁰⁴ Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Likningsprotokoll 1891 for Aurland kommune, 293.

det broren til Guttorm, Torstein, som sat att som eigar av garden, men utgiftene vart for store og han selde til Nedre Fretheim.²⁰⁵ I likningsprotokollen står Torstein med ei inntekt på 424 kroner. Til samanlikning hadde Christen ei inntekt på 1 850 på Nedre Fretheim.²⁰⁶ Etter kjøpet av Øvre Fretheim vart Fretheim ein stor gard med høve til å auke jordbruksproduksjonen. Det kan vere at inntekta frå turistane og postopneriet var gode kjelder til ekstra inntekter for Christen Olsen Fretheim, og at dette hjelpte han til å kunne kjøpe Øvre Fretheim. Det er ikkje meir informasjon om reiselivsnæringa i denne likningsprotokollen.

Kategoriane i protokollen frå Balestrand kommune er dei same som i protokollen frå Aurland. Det er ført namn på skatteytar, bustad, formue, inntekt, skattekasse osv. Heller ikkje i denne protokollen var det ein eigen kategori for yrke eller stilling til skatteytaren. Ole Kvikne står med ei formue på 10 000 kroner og ei inntekt på 3 500 kroner. Nils Rendedal hadde ei formue på 2 500 kroner og ei inntekt på 700. Rendedal må ha vore midt i ein prosess med planlegging og bygging av Hotel Balestrand i 1891, men i kapittel fire fann eg ut at han var oppført som eigar av privathotell i folketeljinga. Han kan ha hatt inntekter frå losjerande allereie dette året.

Sjølv om det var gode tider og bygging av nye hotell, så trong hotelleigarane gjerne å låne pengar i banken. Nils Rendedal tok opp fleire lån i 1890-åra og dette gjekk mest sannsynleg til drifta av Hotel Balestrand.²⁰⁷ Sidan bransjen var sesongprega var det ikkje ein konstant flyt av inntekt som gjerne måtte til for å finansiere vedlikehald og utbygging. Det kan òg vere eit teikn på at det var ein risiko i å satse på reiselivsverksemd og at det framleis ikkje var ei sikker kjelde til inntekt.

Utover dei kjende namna, er det vanskeleg å fastslå kor mange som jobba med reiseliv. Det var i ein periode med bygging og utviding, og det må ha vore snekkarar, byggmeisterar og liknande som jobba med dette i løpet av åra. I tillegg var det tenarar tilsett på Kvikne's Hotel. Sidan det ikkje er ført yrkestittel på dei skatteytande, viser ikkje protokollane spor etter slik aktivitet. Av dei tenarane frå folketeljinga som jobba på hotell kan eg finne ei att i likningsprotokollen. Det er Kristine Johannesdatter Sjøthun, og ho står med ei inntekt på 100 kroner.²⁰⁸ Dette er den lågaste

²⁰⁵ Indrelid, *Gard og Ætt*, band IIA, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 106–107.

²⁰⁶ Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Likningsprotokoll 1891 for Aurland kommune, 293.

²⁰⁷ Førstund, *Sparebanken i Balestrand: 1847–1997*, 57.

²⁰⁸ Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Likningsprotokoll 1891, Balestrand kommune, s. 6.

personinntekta eg kan finne i protokollen. Andre hotelltenarar kan ha tent mindre og dimed ikkje trengt å skatte på inntekta.

4.4 Likningsprotokollar 1910

Som nemnd var det både kommunal og statleg skatt i Noreg i 1910, men her nyttar eg berre dei kommunale protokollane. Det er framleis ført «antagen inntekt» og «antagen formue» som i 1891. Både Flåm og Balestrand har fleire hotell og ei auke i tal besøkande dette året. Begge stadane er no kjende reisemål. Sidan reiselivsverksemda er mykje større dette året enn i 1891, reknar eg med å finne spor etter fleire tilsette innanfor næringa. I tillegg til dei som eig hotella og familien deira, vil det truleg vere fleire tilsette på hotella og dei vil trenge meir hjelp på grunn av auka i talet på besøkande. Det vil òg vere større behov for skyssing både på land og på fjorden.

Det er ein eigen protokoll for Flåm sokn dette året. Her er det mange av dei same kategoriane som i protokollen frå 1891: «løbe-Nr. i Protokollen», «Skatyderens Namn og Stilling», «Skattedistrikt/Bosted», «Antagen formue», «Antagen Indtægt», «Klasse»²⁰⁹, «Antal forsørgede Personer», «Skatbar Del av Indtægt», «Samlet Beløb af udlignet Herredsskat» og «Anmerkninger». Den store forskjellen frå 1891 er at stillinga til skatteytaren har ein eigen kategori. Dømer på typiske stillingar i protokollen frå Flåm er lista i tabellen under.

Forkorting	Stand/Stilling
Gbr.	Gardbrukar
Tj.	Tenar
Husm.	Husmann
Arb.	Arbeidar
Land.	Landhandlar
Kårk.	Kårkone
Kårm.	Kårmann
Best.	Styrrar
Postbtj.	Postbetjent
Skred.	Skreddar
Kirks.	Kyrkjesangar

Tabell 4.2: Døme på forkorting på stilling i Flåm i 1910. (Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, «Utskrift for Flåms Sogns-skatteligningen for 1910».)

²⁰⁹ Her er det tale om skatteklasse.

Sjølv om det er større variasjon i stillingar dette året enn i 1867, er det mange av dei same stillingane som går att. I tillegg er det ikkje spesifisert kva for type tenarar og arbeidarar det er tale om i protokollen. Stillinga «gardbrukar» meir ei skildring av ei stand i samfunnet enn av arbeidet dei gjorde. Det er til dømes ikkje nemnt i protokollen at Christen Olsen Fretheim er hotelleigar. I protokollen står han berre oppført som bonde. Dette samsvarer med føringa i folketeljinga i kapittel fire. Han hadde fleire stillingar i 1910, men hovudyrket var gardbrukar.

1891	1908	1910	1911
20 450	56 000	64 700	69 700

Tabell 4.3: Tal i kroner for formuen til Christen Olsen Fretheim. (Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, «Utskrift af Skatteligningen for året 1908 for Flåm Sogn vedkommende Inr.454», «Utskrift for Flåm Sogns-skatteligningen for 1910 Inr. 483», «Utskrift at Skatteligningen for Flaam Sogn 1911 Inr.486».)

1891	1908	1910	1911
1 850	4 225	6 750	12 125

Tabell 4.4: Tal i kroner for inntekta til Christen Olsen Fretheim. (Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, «Utskrift af Skatteligningen for året 1908 for Flåm Sogn vedkommende Inr.: 454», «Utskrift for Flåm Sogns-skatteligningen for 1910 Inr.: 483» og «Utskrift at Skatteligningen for Flaam Sogn 1911 Inr.: 486».)

Tala viser ein rask vekst i både formue og inntekt. Han har nær tredobla inntekta si på dei tre åra mellom 1908 og 1911.²¹⁰ Det er ikkje like stor vekst i formuen, men det er ei auke på om lag 24 prosent. Dette samsvarer med auka i talet på besøkande etter opninga av Bergensbanen.²¹¹ Det kan vere at auka i talet på besøkande gjorde at Fretheim brukte meir pengar på til dømes vedlikehald og tilsetjing av ekstra hjelp på sommaren. Dette kan vere ei forklaring på kvifor ikkje det var like stor vekst i formuen. I tillegg viser tala ei auke frå førre protokoll i 1891.²¹² Både hotellverksemd og kjøpet av Øvre Fretheim er truleg dei to største faktorane i den økonomiske veksten på Fretheim mellom 1891 og 1910.

Elles er det få yrker i protokollen som er direkte knytte til reiseliv. Fretheim hotell fekk i 1909 ein «bestyrar», Martha Fretheim. Ho var søskenbarnet til Christen og tok seg av mykje av den daglege drifta på hotellet.²¹³ I tillegg er det lista opp ein køyrar i

²¹⁰ Dette talet held seg sjølv om eg tek høgde for prisvekst (inflasjon) i perioden. 12 125 kroner i 1911 er det same som 11 621,45 kroner i 1908. Kjelde: Norges Bank, «Priskalkulator.»

²¹¹ Eide, *Fra «engelskvillaen» 1882 til Fretheim turisthotell 1939*, 38.

²¹² Talet held seg sjølv om eg tek høgde for prisvekst (inflasjon) i perioden. 20 450 kroner i 1891 = 21 958,58 kroner i 1910. Kjelde: Noregs Bank, «Priskalkulator.»

²¹³ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 292.

skatteprotokollane for både 1908 og 1911, men ingen i 1910.²¹⁴ Det samsvarar ikkje med talet på skyssarar som var i Flåm desse åra. I 1909 skal det ha vore gitt 70 løyve til skysshestar som kunne frakte folk opp og ned Flåmsdalen.²¹⁵ Det kan vere fleire grunner til at dette talet ikkje syner att i protokollen. Det kan vere bønder som skyssa ved sidan av gardsdrifta. Då vart dei ikkje lista som køyrarar, men bønder i protokollen. Køyrarane kan òg ha vore tenarar eller arbeidarar på gardane, og var oppførte med denne stillinga i staden for. I tillegg kan det vere at dei som skyssa ikkje tente nok pengar til å skatte av inntekta.

Fretheim gard har ei lang liste med tenarar i likningsprotokollen. Det er sju personar i protokollen etter Christen og Marta Fretheim.²¹⁶ Desse tente mellom 300 og 150 kroner for arbeidet på garden eller hotellet. Det er nokre av dei same som står oppført som tenarar og buande på Fretheim i folketeljinga, men ikkje alle. Fire av dei kan eg finne att i folketeljinga, men tre står ikkje oppført der. I tillegg er det seks av tenarane på Fretheim i folketeljinga som ikkje står i likningsprotokollen. Om ein tel tenarane frå likningsprotokollen saman med folketeljinga kan det ha vore 13 personar tilsett på Fretheim i 1910.²¹⁷ Det var mykje arbeid både på garden og hotellet og minst to av desse tenarane står som budeier og ein som gardsdrenge i personteljinga.²¹⁸

Protokollen frå Balestrand kommune frå 1910 har dei same kategoriane som skatteprotokollen for Flåm sokn. Det gjeld òg stillinga til skatteytarane i kommunen. Saman med likningsprotokollane for 1907, 1911, 1913 og 1914 viser tabellen under veksten i formuen til hotelleigarane.

	1891	1907	1910	1911	1913	1914
Ole Kvikne	10 000	90 000	90 000	100 000	100 000	125 000
Nils Rendedal	2 500	16 000	17 000	20 000	20 000	25 000
Johan Kvammen		1 000	1 500	2 000	4 000	5 000
Frantz Reinboth						13 000

²¹⁴ Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, «Utskrift af Skatteligningen for året 1908 for Flåm Sogn vedkommende Inr.: 467, Utskrift at Skatteligningen for Flaam Sogn 1911 Inr.: 504.»

²¹⁵ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 299.

²¹⁶ Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, «Utskrift for Flåms Sogns-skatteligningen for 1910 Inr.: 486–492.»

²¹⁷ I tillegg til Martha og Christen.

²¹⁸ Arkivverket, «Folketelling 1910 for 1421 Aurland herred.»

Tabell 4.5: Formuen til hotelleigarane i Balestrand i kroner. (Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Likningsprotokollar for Balestrand kommune 1891, 1907, 1910, 1911, 1913, 1914.)

Tabellen ovanfor viser utviklinga i formuen til alle som eigde hotell i Balestrand i 1914. Formuen var truleg rekna ut frå verdien av egedomen og pengar hotelleigarane hadde på bok. Frå 1891 og heilt fram til 1914 hadde Ole Kvikne i gjennomsnitt ei auke i formuen på om lag fem tusen kroner per år. Det ser ut til at det er ei større auke det siste likningsåret. Då auka formuen med 25 000 kroner på eitt år, som svarar til ei auke på 25 prosent. Det ser ut til at både Nils Rendedal og Johan Kvammen har ei like stor auke i prosent det året. Justert for prisvekst (inflasjon) i perioden vert ikkje formueveksten like stor. Ole Kvikne har likevel ei auke på 991,87 prosent i formuen frå 1881 til 1914, og Nils Rendedal har ei formueauke på 793,4 prosent i same periode.²¹⁹ Med ein slik vekst for hotelleigarane ser det ut til at reiselivet som næring gjorde det særst godt, men med utbrotet av første verdskrig stopper denne veksten noko opp.²²⁰ Under er ein tabell med oversikt over inntekta til hotelleigarane.

	1891	1907	1910	1911	1913	1914
Ole Kvikne	3 500	9 800	10 000	10 000	10 000	10 000
Nils Rendedal	700	1 300	1 700	2 000	2 500	2 500
Franz Reinboth						1 000
Johan Kvammen		450	550	550	550	750

Tabell 4.6: Inntekta til hotelleigarane i Balestrand i kroner. (Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Likningsprotokollar for Balestrand kommune 1891, 1907, 1910, 1911, 1913 og 1914.)

Det er ikkje ei like stor auke i inntektene som i formuane til hotelleigarane. For Ole Kvikne har inntekta gått ned mellom 1910 og 1914. På grunn av inflasjonen i perioden er 10 000 kroner i 1914 det same som 8 519,39 kroner i 1910.²²¹ Det er ein nedgang på om lag 1 500 kroner i inntekt på desse fire åra. Nils Rendedal har derimot ei auke på kring 400 kroner.²²² Kvammen har òg ei lita auke, men han bygde ikkje pensjonatet før i 1912. Franz Reinboth er det vanskeleg å vurdere utviklinga til sidan det berre er tal frå éin protokoll. Han kjøpte Askelund i 1912 og fekk berre to sesongar med hotell drift før krigen braut ut.

²¹⁹ 125 000 i 1910 = 99 176,28 kroner i 1891, 25 000 kroner i 1914 = 19 835,26 kroner i 1891. Kjelde: Norges Bank, «Priskalkulator.»

²²⁰ Sælen, *Kvikne's Hotel Balholm*, 31; Eide, «Fra «engelskvillaen» 1882 til Freheimturisthotel 1939», 47.

²²¹ Norges Bank, «Priskalkulator.»

²²² Norges Bank, «Priskalkulator.»

I protokollen for Balestrand er det minst sju personar knytt til reiselivet som står oppført i likningsprotokollen, men ikkje var med i folketeljinga frå 1910. Desse betalte skatt til kommunen, men dei var ikkje talde med i den «heimehørende» befolkninga. I tabellen under er det døme på slike personar:

Namn	Yrke	Formue	Inntekt
Johan Gran	Konsul	6 000	
Liwey	Ingeniør	25 000	500
Natalie Bonnevie Angell (enke)		43 000	1 600
Miss Gertrude Abbott		25 000	900
Mrs. Abbott (mor til Gertrude)			800
Eilert Adelsteen Normann	Kunstmalar	10 000	500
Carl Tietz	Hoffotograf	14 000	550

Tabell 4.7: Informasjon om personar knytt til reiselivsnæringa i Balestrand. (Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Likningsprotokoll for Balestrand kommune i 1910.²²³)

Fleire av desse eigde hus i Villavegen i Balestrand og budde der delar av året. Dei hadde tilsette i sommarbustadane og minst ei hadde ein forpaktar som tok seg av gardsdrifta.²²⁴ Det var ei blanding av nordmenn og utlendingar. Felles var at dei alle var relativt velstående samanlikna med dei fastbuande i Balestrand. Dei bidrog til å skape og oppretthalde eit reiselivsmiljø i bygda og fremje Balestrand som eit attraktivt reisemål. Samtidig var dei i nokon grad ein del av lokalsamfunnet. Sjølv om dei ikkje budde der heile året, var dei ein del av bygda i løpet av turistsesongen. Fleire av desse personane er med i likningsprotokollane frå 1907 til 1914. Dei gav arbeid til personar som tenarar, forpaktarar osv. Dei levde i Balestrand og brukte pengar på livsopphald som gav meir inntekt til lokalbefolkninga. I tillegg var dei med på å gjere det attraktivt for andre å reise dit.

²²³ Eg har sjølv lagt til fullt namn for personane som mangla dette i protokollen.

²²⁴ Urtegaard, *Balestrand*, 340.



Foto: Kvikne's Hotel og kaien i Balestrand ca. 1890–1910 . (Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Fotograf ukjend. Kan ha vore ein av dei to britiske fotografane Samuel J.Beckett og P. Heywood Hadfield.)

4.5 Oppsummering

Likningsprotokollane gav noko meir informasjon om personar knytt til reiseliv utover det som kom fram i folketeljningane. I tillegg inneheld likningsprotokollane mykje god informasjon om den økonomiske utviklinga til hotelleigarane. Åra 1866, 1891 og 1910 hadde ulik mengde informasjon om reiselivet og dette samsvarer med funna i kapittel fire, der det var få eller ingen personar knytt til reiselivet i 1866 og 1891, medan det har vore ein tydeleg vekst i 1910.

For året 1866 var det berre materiale frå Aurland kommune. I denne likningsprotokollen var det ikkje ført stilling eller yrke på dei skatteytande. Dette var derimot ført opp i protokollen året etter, men stillingane der generelle og fortalte lite

om arbeidet skatteytaren faktisk hadde gjort. Dimed var det ingen informasjon om reiselivstilsette i Flåm frå denne likningsprotokollen.

I 1891 var det likningsprotokollar frå både Balestrand og Aurland kommune, men det var ikkje ført kva stilling eller yrke som var grunnlaget for inntekta og formuen til dei skatteytande. Det var derimot mogleg å finne informasjon om inntekta og formuen til hotelleigarane dette året. Eg fann at Christen Fretheim hadde ei formue på 20 450 kroner, og eit par år seinare betalte han 26 000 kroner for Øvre Fretheim.

Reiselivsnæringa supplerte inntekta frå jordbruket, og kan ha hjelpt Fretheim i utvidinga av garden. Ole Kvikne hadde ei formue på 10 000 kroner. 1891 er i startfasen den eskalerande turisttrafikken. Det var likevel råd å tene gode pengar på å tilby overnatting.

Likningsprotokollane frå 1910 har informasjon om stillingane til dei skatteytande. Dimed kom det fram at det var fleire tilsette på Fretheim enn det som kom fram i folketeljinga. I tillegg var det fleire personar knytt til reiselivet i Balestrand. Alle hotelleigarane har hatt stor vekst i personleg formue og inntekt sidan 1891, og det vert tydeleg at hotella hadde stor verdi og at ein kunne tene pengar på denne næringa. Formuen til Christen Fretheim hadde vakse frå 20 450 kroner i førre protokoll til 64 700 kroner i 1910. For Ole Kvikne var utviklinga endå betre frå 10 000 kroner til 90 000 kroner. Eg fann ingen i Balestrand som hadde ei større formue enn Ole Kvikne i åra før første verdskrig.

I likningsprotokollen var det tre tenarar på Fretheim, som kan ha jobba på hotellet. Desse var ikkje ført i folketeljinga og aukar talet på tenarar som kan ha jobba på hotell. I tillegg kom det fram at fleire velstående personar hadde kjøpt seg villa i Balestrand og budde der delar av året. Sjølv om dei ikkje var tilsett på hotell eller dreiv spesifikt med reiselivsverksemd, var dei ein del av reiselivsnæringa i bygda.

Under er ei utviding av tabell 4.14 med tal frå likningsprotokollane frå 1910.

	Hotelleigar/ styrar	Tenar på hotell	Andre tilsette eller knytt til reiselivet	Totalt
Balestrand	3	10	4 (23)	17 (36)
Flåm	6	13	3 (8)	22 (27)

Tabell 4.8: Yrkesaktivitet i 1910 innanfor ulike reiselivskategoriar. (Kjelde: Oppsummering av data frå kapittel fire og fem.)

Det er ei lita auke frå førre kapittel og likningsprotokollane hadde dimed noko meir informasjon om tilsette innanfor reiselivsnæringa. I tillegg synte likningsprotokollane den økonomisk informasjon om reiselivet i Flåm og Balestrand frå 1891 og 1910.

5. Reiselivet og folketalet

I dette kapitlet vil eg først sjå på korleis andre kjelder kan seie noko om dei tilsette innanfor reiselivsnæringa i turistregionen Indre Sogn, og på endringane som skjedde i perioden. Det er hovudsakleg bygdehistoria til Balestrand og Flåm som er desse andre kjeldene. I teksten set eg dei opp mot folketeljingane og likningsprotokollane for å sjå om dei til saman kan verifisere eventuelle nye funn. Deretter vil eg gi eit overblikk over folketalsutviklinga i Noreg, Sogn, Balestrand og Flåm. Eg ser på moglege forklaring på utviklinga til folketalet og korleis reiselivsnæringa kan vere ei av desse. Til slutt summerer eg opp funna frå kapitlet.

Reiselivsnæringa vart meir omfattande i Balestrand og Flåm i tida mellom 1866 og 1910, og det vart såleis fleire arbeidsplassar for lokalbefolkninga. I same periode som næringa vaks fram, var det òg ei rekke andre endringar som prega det norske samfunnet. Det var sterk folkevekst, emigrasjon og flytting innanfor landegrensene. Reiselivet var ei spesiell næring for turistregionen Indre Sogn. Den kan vere at folketalet i regionen er prega av dette. Ved å sjå på desse forholda forsøker eg dimed å finne svar på spørsmålet kvifor så mange flytta frå denne turistregionen i perioden eg ser på.

5.1 Reiselivet si påverknad på lokalsamfunna i Balestrand og Flåm

Den mest markante gruppa av reiselivstilsette frå folketeljingane og likningsprotokollane var dei på hotella. Det er sannsynleg at heller ikkje alle hotelltilsette vart fanga opp i dei førre kapitla. I tillegg skapte reiselivsnæringa arbeidsplassar utanfor hotella, og generelt høgare etterspurnad etter enkelte varer. Til dømes kan det ha vore ei intensivering av jordbruket for å selje varer til hotella. Sjølv personar som arbeidde innanfor andre næringar kan ha vorte påverka av reiselivet. Bygdebøkene for Flåm og Balestrand inneheld ein del informasjon om kva folk jobba med og kvardagslivet i bygdene. Desse kan vere gode kjelder til å finne ut meir om påverknaden reiselivsnæringa hadde på lokalsamfunna og avdekke arbeidsplassar knytt til reiselivet.

Den første bygdeboka til Balestrand frå 1934 fortel om reiselivet si framvekst i kommunen og i tillegg kva påverknad det hadde på samfunnet. Bygdeboka frå 1991

supplerer den gamle boka ved å gi informasjon om korleis reiselivet påverka dei ulike gardane, familiane og personane.

I den første bygdeboka skriv Jon Laberg at reiselivet og turisttrafikken revolusjonerte jordbruket i delar av Balestrand.²²⁵ Det er lite informasjon i boka som støtter denne påstanden. Eit døme som vert trekt fram for å illustrere dette er korleis bøndene la om produksjonen av mjølk for sal til turistane. Gardbrukarane la om produksjon ved å gå frå stølsdrift til fôring i stall.²²⁶ Dette auka produksjonen av mjølk og dimed kunne gardbrukarane selje overskotet til hotella og turistane. Mjølkesal vert òg trekt fram i den nyare bygdeboka til Gunnar Urtegaard. Der står det at bruk nummer to i Ytre Ese var leverandør av mjølk til Kvikne's Hotel.²²⁷ Ei budeie skal ha fortalt at stor turisttrafikk var eit sikkert teikn på ein sommar med godt sal av mjølk.²²⁸ Dei andre hotella trong sikkert òg mjølk og andre meierivarer til turistane. Truleg var det fleire bønder og budeier som tente ekstra pengar på dette salet. Det er sikkert at turistane trong mat då dei kom til Balestrand, og hotella hadde ikkje høve til å produsere alt sjølv. Mellom anna var jordbær ettertrakta som dessert, og paktarane på garden Lunde dyrka både jordbær og bringebær, som han selde til hotella og turistskipa.²²⁹ I tillegg selde barn bær og frukt til turistane dei møtte rundt om i bygda.²³⁰ Dette var ei tid for generelle endringar i jordbruket i Noreg, og det må skiljast mellom desse endringane og endringar som skuldast reiselivsnæringa. Det er ikkje nok informasjon i bygdebøkene til å bygge opp under påstanden om at reiselivet revolusjonerte jordbruket i Balestrand. Det kan likevel ha vore ein faktor som gjorde at omlegginga skjedde raskare der enn andre stader. I tillegg er det ikkje tvil om at produksjonen av enkelte varer auka i Balestrand på grunn av reiselivet.

Det vart bygd både kafé og kiosk i Balestrand rundt 1900.²³¹ Kafeen Hygea var ein friluftskafé ved Skåsheim, som er eit stykke frå Balestrand sentrum. Kafeen hadde ein vinkjellar, og turistane kunne drikke champagne medan dei naut utsikten.²³² Dette kan ikkje ha vore normal kost for bøndene i Balestrand. Hygea vart driven av Kristen

²²⁵ Laberg, *Balestrand*, 12–13.

²²⁶ Laberg, *Balestrand*, 12–13.

²²⁷ Urtegaard, *Balestrand*, 434.

²²⁸ Urtegaard, *Balestrand*, 434.

²²⁹ Urtegaard, *Balestrand*, 598.

²³⁰ F. Scarlett, *Turistlandet Norge*, 155.

²³¹ Laberg, *Balestrand*, 40; Urtegaard, *Balestrand*, 158.

²³² Laberg, *Balestrand*, 158.

E. Skaasheim og han står oppført som kårmann i folketeljinga frå 1910.²³³ Det er ikkje nemnd at han dreiv turistkafé ved sidan av. Kiosken, King Bailey's Cabin, låg langs Villavegen, nærare Balestrand sentrum. Det var Herman Stevens som dreiv kiosken, og han selde suvenirar som isbjørnskinn, tobakk og sjokolade.²³⁴ Dette var heller ikkje vanlege varer å kjøpe for innbyggerane i Balestrand. I folketeljinga og likningsprotokollen for 1910 står Herman Stevens oppført som skreddar, ikkje som seljar av suvenirar.²³⁵ Det er tydeleg at både kafeen og kiosken primært var turistverksemder, og eigarane hadde begge anna arbeid utanom turistsesongen. Det er truleg derfor det ikkje er råd å finne dei att med reiselivsarbeid i folketeljinga eller likningsprotokollen. Utover kafeen og kiosken er det fleire døme i den nyare bygdeboka på folk som kombinerte arbeid med reiselivsverksemd på sommaren og slik fekk ekstra inntekt i løpet av sommarmånadane.



Foto: Gjester på kafeen Hygea ca. 1890–1925. (Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Fotograf er Nils Olsson Reppen.)

I bygdeboka frå 1991 kan eg finne éin person som vaska klede for Kvikne's Hotel.²³⁶ Ho heitte Helga Vangsnes, og eg finn ho att i folketeljinga under namnet Helga

²³³ Arkivverket, «Folketelling 1910 for 1418 Balestrand herred.», Kristen E. Skaasheim Hr.n. 2.

²³⁴ Urtegaard, *Balestrand*, 342.

²³⁵ Arkivverket, «Folketelling 1910 for 1418 Balestrand herred.», Herman Stevens Tue; Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Likningsprotokoll for Balestrand kommune 1910, 156.

²³⁶ Urtegaard, *Balestrand*, 386.

Olsdatter Balevik.²³⁷ I folketeljinga står det at yrke hennar var fiskarkone og at ho «driver vask».²³⁸ Det står ikkje i bygdeboka at ho var den einaste som dreiv med vask for Kvikne's Hotel, og truleg jobba fleire av dei andre «vask og stryk»-kvinnene for turistane som kom til Balestrand. I boka *Turistlandet Norge* skriv Dr. F. Scarlett at vaskekonene i Balestrand tente godt fordi det var så stor etterspurnad frå turistskip, den tyske flåte og gjestene på hotella.²³⁹ I tillegg skriv han at kvinnene i Balestrand tok høgare betaling for vaskinga enn dei beste hotella i Bergen.²⁴⁰ Eg kan finne ei kvinne med yrkesnemninga «vaskepике» i likningsprotokollen frå 1910, og som kan ha vore ei av desse kvinnene Scarlett skriv om. Ho heitte Berta Leervaag, og tente 200 kroner og hadde ei formue på 200 kroner det året. Dette svarar til ei inntekt og formue på rundt 15 000 kroner i dag.²⁴¹ Viss dette berre er inntekt frå klesvask, stemmer det at vaskekonene tente godt i Balestrand. Det er ingen fleire «vaskepiker» i likningsprotokollen, men vi veit frå folketeljinga at det var fleire kvinner som dreiv med «vask og stryk» ved sidan av anna arbeid. Berta er ei av desse kvinnene frå tabell 3.9. I folketeljinga står det at ho dreiv med strikking, vask og gardsarbeid. Det kan vere at dei andre kvinnene ikkje tente like bra som Berta, eller står i likningsprotokollen med eit anna yrke. Materialet peikar uansett mot at vask av klede gav arbeid og god inntekt til over ti kvinner i Balestrand.

I Sælen si bok om Kvikne's Hotel står det at det var eit stort behov for barnepass av turistane sine små barn.²⁴² Barna skal ha vorte plassert hjå «passepiker» slik at resten av familien kunne nyte ferien.²⁴³ Eg har ikkje funne nemningar på slikt arbeid i folketeljinga eller likningsprotokollen. Dette arbeidet var truleg ikkje like godt betalt som vaskinga. Det kan ha vore yngre jenter som fekk ansvaret for barnepasset. Såleis kan det ha vore ein måte for desse jentene å få ekstra lommepengar. Eit anna yrke som er nemnt i bygdebøkene er veving. Søstrene Anna og Klaudine Bøe skal ha hatt kvar si vevarstove, og ein del av produksjonen vart seld til turistane i

²³⁷ Ho og mannen skifta etternamn til Balevik etter staden dei budde i Balestrand. Kjelde: Urtegaard, *Balestrand*, 386.

²³⁸ Arkivverket, «Folketelling 1910 for 1418 Balestrand herred.», Helga Olsdatter Balevik.

²³⁹ F. Scarlett, *Turistlandet Norge*, 156.

²⁴⁰ F. Scarlett, *Turistlandet Norge*, 156.

²⁴¹ Norges Bank, «Priskalkulator.»

²⁴² Sælen, *Kvikne's Hotel Balholm*, 19.

²⁴³ Sælen, *Kvikne's Hotel Balholm*, 19.

Balestrand.²⁴⁴ Eg kan finne søstrene i både folketeljinga for 1910 og i likningsprotokollane for Balestrand.

Namn	Yrke
Dina Olsdatter Bø	Smettevævning Industri
Anna Olsdatter Bø	Smettevævning Industri
Kari Klausdatter Bø	Smettevævning Industri
Maria Andersdatter Teigen	Smettevævning Industri
Sigrid Johsen Nilsen	Smettevævning Industri
Agate Bø	Smettevævning Industri

Tabell 5.1: Kvinner som jobba med veving i Balestrand. (Kjelde: Arkivverket, «Folketelling 1910 for Balestrand herred.»)

	1910	1911	1913	1914
Klaudine (Dina) Bøe	300	300	350	300
Anna Bøe	300	300	350	450
Maria Teigen		200		
Anna A. Bøe		200		
Ingeborg Thue				150
Maria Skjerven				150

Tabell 5.2: Inntekta for kvinnene som dreiv med veving. (Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Likningsprotokoll for Balestrand kommune 1910 (159), 1911 (206), 1913 (241) og 1914 (285).)

For åra 1913 og 1914 er Anna og Klaudine Bøe ført opp med formuer i tillegg til inntekta. Anna har ei formue på 1500 kroner i 1913 og 2000 kroner i 1914. Klaudine har ei formue på 1000 kroner i 1914. Bygdeboka nemner ikkje dei andre kvinnene i tabellane, men desse jobba truleg for Anne og Klaudine. Nokre av namna i tabellane er ulike. I folketeljinga var det heile seks kvinner som hadde dette yrket i 1910, medan berre to av desse er ført i likningsprotokollen det same året. I likningsprotokollen er det varierende kor mange og kven som står oppført dei ulike åra. Dette tyder på at det kan ha vore fleire kvinner som vevde, enn dei som er nemnde i likningsprotokollane. Kari Klausdatter Bø reknar eg med er mora til Anne og Klaudine. Dei flytta til Balestrand etter at mannen til Kari døde, og inntekta frå vevinga kan ha hjulpet dei etter det.²⁴⁵ Turistane kjøpte teppene kvinnene vevde. Til

²⁴⁴ Urtegaard, *Balestrand*, 290.

²⁴⁵ Urtegaard, *Balestrand*, 289–290.

og med Keisar Wilhelm var ein av kjøparane. Han ville ha store vevde teppe, gjerne med mønsteret Liljerosa, som såleis fekk namnet «Keisarmønstri».²⁴⁶ Veving var arbeid som kvinnene kunne jobbe med heile året, før dei selde produkta på sommaren. Inntekta frå likningstabellen syner at kvinnene tente bra med pengar på vevinga. Det må ha vore stor etterspurnad sidan dei hadde mellom tre og fire jente tilsette i vevestovene.

I tillegg til tepper kjøpte Keiser Wilhelm mellom anna ei seng i drakestil av treskjeraren Ivar Høyvik.²⁴⁷ Møbelsnekkaren og treskjeraren var utdanna ved Voss Kunsthandverssskule, og han fekk lage ein eigen sal, Høyviksalen, på Kvikne's Hotel då det vart utvida i 1913.²⁴⁸ Tala i tabellen under syner at han har gjort det godt som treskjerar, og reiselivsnæringa var ein av grunnene til at dette.

	1907	1910	1911	1913	1914
Formue	0	1 000	1 000	1 000	1 500
Inntekt	250	400	450	500	480

Tabell 5.3: Inntekt og formue til Ivar Høyvik. (Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Likningsprotokollane for Balestrand kommune 1907 (18), 1910 (159), 1912 (202), 1913 (242) og 1914 (286).)

I Flåm si bygdebok er det ikkje like mange spor etter påverknad utover det som allereie er kome fram i kapittel fire og fem. Eit unntak er kafeen på Berekvam, som ligg midt i mellom Fretheim og Myrdal.²⁴⁹ Ola J. Berekvam søkte løyve i 1909 til å servere vin og øl.²⁵⁰ Det fekk han lov til, men det skulle ikkje serverast til dei lokale innbyggjarane eller skyssgutane.²⁵¹ Dimed var dette ein serveringsstad berre for reisande. Det er òg interessant at skyssgutane vart nemnd i løyvet til Ola J. Bergkvam. Dette kan tyde på at det var gutar eller unge menn som dreiv med skyssinga i Flåmsdalen. Det kan vere endå ei forklaring på kvifor skysskarane ikkje var å finne att i folketeljinga og likningsprotokollane. Det kan ha vore gutar som var oppført med nemninga «son» på garden. Som nemnt skal det ha vore gitt løyve til 70 skysshestar i Flåmsdalen i 1910. Bygdeboka skriv ikkje meir om desse skyssgutane, men seier at det skal ha vore tilsett eigne inspektørar som hadde i oppgåve å passe

²⁴⁶ Skotheim, *Keiser Wilhelm i Norge*, 67.

²⁴⁷ Skotheim, *Keisar Wilhelm i Noreg*, 67.

²⁴⁸ Urtegaard, *Balestrand*, 363.

²⁴⁹ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 298.

²⁵⁰ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 298.

²⁵¹ Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 298.

på at skysshestane fekk den stellen dei trengte.²⁵² At Flåm måtte tilsette eigne inspektørar for hestane, tyder på at det var stor trafikk opp og ned Flåmsdalen, og at det var fleire som jobba med skyssing enn det som er kome fram i dei førre kapitla.

Etter den offisielle opninga av Bergensbanen i 1909, var det rask vekst i talet på besøkande til Flåm. Vatnahalsen Hotell, ved Myrdal stasjon, vart ein populær stad for bergensarane å besøke i helgene. Dei åt middag der før dei tok toget tilbake til byen.²⁵³ Hotellet vart utvida i 1908/09 og seld for 120 000 kroner i 1912.²⁵⁴ Summen viser kor mykje verdi ein hotellbygning i Sogn hadde på den tida. Til dømes er summen høgare enn verdien formuen til Ole Kvikne, som var basert på verdien av hotellet. Summen svarar til om lag 8 000 000 kroner i dag. Sjølv om dette kanskje ikkje høyrer mykje ut for eit hotell i dag, var det mykje pengar på den tida. Det vart òg opna endå eit hotell etter opninga av Bergensbana. Olav Sævartveit bygde eit hus i sveitsarstil ved sida av sitt eige våningshus på garden Flåm i 1912, og dreiv med mindre overnattingsverksemd der.²⁵⁵ Elles er det nemnt i bygdeboka at Christen Fretheim tilsette ein bygningsssnekkar, og at ei dame jobba på Fretheim hotell med vask og stell av klede.²⁵⁶ Døma frå bygdeboka viser at det var sterk vekst i reiselivsnæringa i Flåm på byrjinga av 1900-talet, og spesielt etter opninga av Bergensbanen. På den andre sida var ikkje bygda like prega over tid av turistbesøk som Balestrand. Til dømes kan eg ikkje finne spor av turistar eller rikfolk som busette seg i Flåm.

5.2 Folketalet – utviklinga i perioden 1866–1910

Reiselivet skapte nye arbeidsplassar, og dette kan ha trekt folk til bygdene, men ikkje minst hjelpt til å hindre fråflytting. Tida då reiselivet vaks fram var ei tid då regionen sleit med høg utvandring til Amerika. Noreg opplevde ei eksplosiv folkeauke på 1800-talet, og frå 1801 til 1875 var den norske folkemengda dobla.²⁵⁷ Vestlandet var ein av landsdelane som peikte seg ut, og Sogn og Fjordane hadde det høgaste fødselstalet

²⁵² Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 299. Det står ikkje namn på inspektørane i boka.

²⁵³ Indrelid, *Gard og Ætt*, band IIB, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 957.

²⁵⁴ Indrelid, *Gard og Ætt*, band IIB, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 957.

²⁵⁵ Indrelid, *Gard og Ætt*, band IIB, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 345; Indrelid, *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 297.

²⁵⁶ Indrelid, *Gard og Ætt*, band IIB, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*, 129 og 201.

²⁵⁷ Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 19.

i landet.²⁵⁸ Auka førte til at store mengder med folk emigrerte til mellom anna Amerika. I heile tidsrommet mellom 1836 og 1960 utvandra fleire personar enn det var innbyggjarar i 1801. Rundt 1870 byrja vekstkurven å flate ut.²⁵⁹ Det er på denne tida at reiselivet byrjar å vekse i Noreg og gjere seg gjeldande som ei næring. Det var framleis utvandring, og folkeauke, men ikkje på same nivået som i tiåra før. Tabellane under syner befolkningsutviklinga i regionen, kommunane og sokna.²⁶⁰

	1866	Prosent	1891	Prosent	1910	Prosent
Sogn futedøme	37 443	100	37 057	-1,04	36 648	-2,13
Indre Sogn	24 670	100	25 547	3,55	25 294	2,52
Balestrand kommune	2 204	100	2 282	3,53	2 248	1,99
Tjugum sokn	1 140	100	1 178	3,33	1 191	4,47
Aurland kommune	2 497	100	2 169	-13,14	2 367	-5,21
Flåm sokn	478	100	408	-14,65	581	21,54

Tabell 5.4: Befolkningsendring i regionen, kommunane og sokna. Endring frå 1866 vist i prosent for 1891 og 1910. Indre Sogn er avgrensa frå Balestrand og Vik kommune og inn til Luster. Prosentane er mi eiga utrekning. (Kjelde: Statistisk sentralbyrå, «Resultaterne af Folketællingen i Norge 1. januar 1866.», 7–8 og 30–31; Statistisk sentralbyrå, «Folketællingen i Kongeriget Norge 1 Januar 1891: Folkemængde i Rikets forskellige administrative inddelinger, 31–32 og 60–61; Statistisk sentralbyrå, «Folketællingen i Norge 1 December 1910: Folkemængde i rikets forskjellige administrative inddelinger m.v.», 32–33 og 87.)

Befolkninga i Sogn futedøme var minkande, medan det var ei auke for regionen Indre Sogn. Balestrand kommune har ei auke på litt mindre enn Indre Sogn. Aurland kommune har ei minkande befolkning. Begge sokna, Flåm og Tjugum, har ei positiv utvikling. Spesielt Flåm går prosentvis kraftig opp i 1910 etter ein nedgang i 1891. Veksten i folketalet i Noreg flata som nemnt ut etter 1870, men det gjekk framleis oppover. Hovudgrunnen til at det gjekk nedover med folketalet i Sogn i denne perioden er utvandringa til Amerika. Sogn var ein av distrikta i Noreg der flest emigrerte. I byrjinga var om lag kvar åttande norske emigrant frå Sogn, og i perioden 1856–1860 var talet oppe i kvar femte.²⁶¹ I andre halvdel av 1800-talet stabiliserer tala seg noko, men var jamt over noko høgare enn dei nasjonale tala.²⁶² Såleis var regionen sterkt prega av både høge fødselstal og høge tal på emigrantar. Emigrantane tok vekk av presset det høge fødselstalet skapte, og i periodar var det så mange som reiste at folketalet kunne gå ned.

²⁵⁸ Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 21.

²⁵⁹ Nerbøvik, *Norsk historie 1870–1905*, 19 og 22.

²⁶⁰ Tjugum er den delen av Balestrand kommune der tettstaden Balestrand er sentrum.

²⁶¹ Den tidlegaste utvandringa frå Sogn, Sunde, s.12–13 (Frå Sogn til Amerika Årbok 1994)

²⁶² Den tidlegaste utvandringa frå Sogn, Sunde, s.13 (Frå Sogn til Amerika Årbok 1994)

I tida mellom 1874 og 1924 var det 1 077 emigrantar frå Aurland og 1 167 emigrantar frå Balestrand registrert i emigrantprotokollen for Bergen hamn.²⁶³ I Flåm sokn reiste det heile 550 personar i åra mellom 1844 og 1914. Dette svarar til det totale folketalet i 1910. Eg har ikkje funne tilsvarande tal for Tjugum sokn. Trass i at det var mange som reiste frå bygdene, hadde både Tjugum og Flåm sokn positiv vekst i folketalet. I Balestrand kan dette ha å gjere med at folk frå regionen flytta til bygda. I siste halvdel av 1800-talet var kvar femte innbyggjar i Balestrand fødd i eit anna prestegjeld.²⁶⁴ I Flåm minka folketalet fram til 1891, og dette skuldast mest sannsynleg utvandringa til Amerika. Mellom 1891 og 1910 er det derimot ei auke, og det er truleg bygginga av Bergensbanen som er hovudårsaka til dette, medan reiselivet òg kan ha hatt ein påverknad.

5.3 Samanhengen mellom folketal og reiseliv

Jon Laberg hevda i Balestrand si bygdebok at folketalet vaks, eller i det minste haldt seg relativt stabilt i andre halvdel av 1800-talet på grunn av tilflytting til kommunen.²⁶⁵ Det er motseiande at folk skal ha freista å flytte til ein kommune som så mange flytta frå. Ei oversikt over kven som kom, og kven som flytta kan hjelpe til å forklare dette.

Gunnar Urtegaard har rekna ut at det var gardane i utkantområdet i Balestrand, som hadde den største delen av utflyttarar frå kommunen i åra mellom 1875 og 1924.²⁶⁶ Det vil seie at det var færre personar i området med høgast reiselivsaktivitet som reiste. Urtegaard skriv vidare at av dei tidlege utvandrarane var mange heile familiar.²⁶⁷ Dette skal ha endra seg i andre halvdel av 1800-talet. Då er det fleire unge og ugifte som utvandra før dei byrja å stifte familie.²⁶⁸ Det vil seie at hovudvekta av dei som reiste i perioden for oppgåva var unge og ugifte frå område eit stykke vekk frå sentrum av bygda.

²⁶³ Ohnstad, «Sosiale tilhøve og utvandring frå Aurland», 44; Urtegaard, «Den tidlegaste utvandringa frå Balestrand», 68.

²⁶⁴ Urtegaard, «Den tidlegaste utvandringa frå Balestrand», 71.

²⁶⁵ Laberg, *Balestrand*, 20.

²⁶⁶ Urtegaard, «Den tidlege utvandringa frå Balestrand», 72–73.

²⁶⁷ Urtegaard, «Den tidlege utvandringa frå Balestrand», 72.

²⁶⁸ Urtegaard, «Den tidlege utvandringa frå Balestrand», 72.

Laberg hevda at dei som flytte *til* kommunen i same periode i stor grad var folk som arbeidde som tenarar.²⁶⁹ Han skriv at det flytta 550 personer til Balestrand mellom 1847 og 1888 og av desse skal 200 ha vore tenarar primært frå Hafslo og Veitastrond.²⁷⁰ Laberg seier ikkje kven dei resterande 350 personane var eller kva dei jobba med. Han nemner heller ikkje alder eller sivilstand på tenarane som kom frå Luster. Samtidig hevda han at bruken av tenarar i Balestrand gjekk ned i løpet av 1800-talet. I 1801 utgjorde tenarane om lag 15 prosent av innbyggartalet, medan dei berre utgjorde 4,4 prosent i 1900.²⁷¹ Det ser òg ut til at dei fleste av tenarane Laberg skriv om flytta til Balestrand før 1866.²⁷² Han seier ikkje kven som kom til Balestrand etter dette. Det kan ha vore tilflytting av tenarar då òg, men dette kjem ikkje fram i boka til Laberg. Det er dimed ikkje tal for kvifor befolkninga i Balestrand held seg på om lag same nivået siste delen av 1800-talet og fram til første verdskrig.

Som førre kapittel viste, vart det i åra mellom 1891 og 1910 eit større behov for hjelp på hotella etter kvart som dei vart utvida og bygd fleire. Det har som sagt vore vanskeleg å finne eit eksakt tal for kor mange tilsette hotella hadde i folketeljingane og likningsprotokollane. Men det er rimeleg å tru at hotell som hadde 200 sengeplassar og plass til 200 gjester til middag trong ein del hjelp.²⁷³ Arbeidet var sesongbasert og dei tilsette var gjerne unge og ugifte. Det er den same gruppa med personar som emigrerte til Amerika på den tida. Skilnaden er at personane som jobba innanfor reiselivsnæringa budde i området rundt sentrum. Det gjorde ikkje dei som oftast utvandra til Amerika. Det er sannsynleg at personar som budde nærare sentrum hadde større sjanse for å få seg arbeid knytt til reiselivsnæringa, og dimed vart dei verande i bygda. I alle fall lenge nok til å legge opp nok pengar til å reise. Det kan tenkast at dei som ville til Amerika var dei same som ønskte å jobbe med turistane. Såleis kunne dei lære og praktisere engelsk samtidig som dei tente pengar. Om denne gruppa med unge personar var stor nok til å halde folketalet for kommunen stabilt og talet for soknet i vekst, er det ikkje grunnlag nok til å seie. Det var få faste heilårlege stillingar i reiselivet, og for å bli verande trong dei å kombinere det med anna arbeid. Men reiselivet kan ha hjulpet til å halde personar tilbake som elles ville ha reist frå bygda tidlegare.

²⁶⁹ Laberg, *Balestrand*, 20.

²⁷⁰ Laberg, *Balestrand*, 21.

²⁷¹ Laberg, *Balestrand*, 50.

²⁷² Laberg, *Balestrand*, 50.

²⁷³ Underdal, *Kvikne's Hotel*, 31; Sælen, *Kvikne's Hotel Balholm*, 24.

I Flåm var det ei auke i folketalet på litt over 20 prosent frå 1866 til 1910. Auka frå 1891 er endå større sidan folketalet først sank. Nedgangen fram mot 1891 var mest sannsynleg eit resultat av emigrasjon til Amerika. Det var mange frå Flåm som reiste og slo seg ned der. Men sidan folketalet igjen tek seg opp må det ha vore noko som heldt folk tilbake. Bygginga av Bergensbanen var truleg hovudgrunnen til at folketalet byrja å stige att. Arbeidet med bana starta seint på 1890-talet, og det er interessant å sjå på folketalet til Flåm i 1900. For folketalet til Flåm har eksplodert seks år etter vedtaket i 1894 om at bana skulle byggast. I 1900 var det heile 962 personar busette i Flåm.²⁷⁴ Det er ei auke på 135 prosent frå 1891. Det såg først ut til å ha vore ein jamn vekst for Flåm frå 1891 til 1910. Eigentleg var det kraftig vekst og ein nedgang fram mot 1910.

Bygginga av bana gav arbeid til mange i Flåm. Det førte òg til ei auke i reiselivsnæringa. Det var ingeniørar som budde på Fretheim, som sannsynlegvis hadde med jernbana å gjere.²⁷⁵ Folketeljninga frå 1910 er frå året etter opninga av bana. Delar av strekninga hadde allereie vore i drift sidan 1907. I åra mellom 1907 og 1910 hadde truleg fleire av dei som jobba med bana flytta. Men folketalet gjekk frå 962 til 581 personar. 581 er likevel ein vekst frå 408 i 1891. Reiselivet kan ha vore ein av grunnane til at folketalet ikkje sokk lengre ned. Konsekvensen av ei direkte toglinje mellom Flåm (Myrdal) og Bergen var ei eksplosiv auke i talet på besøkande. Sjølv om bygginga av bana var over hjelpte det med å skape arbeid innanfor reiselivsnæringa.

5.4 Oppsummering

Målet med dette kapittelet var å finne ut om andre kjelder utover folketeljningar og likningsprotokollar kunne seie noko om korleis og i kva grad reiselivet sysselsette lokalbefolkninga. Bygdebøkene hadde informasjon om reislivsverksemder, som ikkje kom fram i dei tidlegare kapitla. Med hjelp av folketeljningane og likningsprotokollane kunne eg sjekke personane det var tale om. Dei hadde ofte anna arbeid som var registrert der. Nær alt dette arbeidet var sesongbasert, og folk måtte kombinerte det med anna type arbeid på vinteren.

²⁷⁴ Folketeljninga frå 1900, SSB, første heftet, s.75

²⁷⁵ Eide, *Fra «engelskvillaen» 1882 til Fretheim turisthotell i 1939*, 28.

I Balestrand inspirerte turisttrafikken til attåtningeringar som kafédrift, handarbeid og treskjering mot slutten av perioden. Til saman fann eg 10 personar som dreiv med dette, og det kan ha vore fleire. Turisttrafikken gav ekstra inntekter til kvinner og jenter i bygda som kunne drive med vask eller barnepass. Funna frå dette kapitlet gjer det sannsynleg at tala eg fann i kapittel tre truleg stemmer. Då kan det ha vore 12 personar som vaska klede for turistane. I tillegg vart jordbruket indirekte påverka av reiselivet, og det auka produksjonen av mellom anna meieriprodukt og bær. Til saman vert det mykje smått og stort arbeid knytt til reiselivsnæringa i Balestrand. Dette er spesielt sterkt rundt 1910, då reiselivet var på topp før krigen.

I Flåm hadde ikkje reiselivet ein like inngripande effekt på lokalsamfunnet. Bygginga av Flåmsbana var truleg viktigare for sysselsetjinga enn reiselivet i same periode. Det kan sjå ut som om reiselivet vart meir dominerande etter at arbeidet med bana var ferdig, og det kom fleire turistar på besøk til bygda. Den største næringa knytt til reiselivet kan ha vore skyssing, men denne er det lite data frå i materialet. Det kan ha vore rundt 70 personar som dreiv med dette, men det trengs fleire kjelder for å stadfeste dette.

Sidan det er vanskeleg å finne konkrete tal på reiselivsnæringa si sysselsetjingseffekt i bygdene, er det òg vanskeleg å måle påverknaden det hadde på lokalsamfunnet. Det er likevel interessant å samanlikne veksten til reiselivet med utviklinga i folketalet i bygda. For Balestrand er det ein moglegheit for at reiselivsnæringa kan ha bidrege til å halde folketalet stabilt fram til første verdskrig braut ut. Det må likevel meir forskning til for å kunne finne ut om dette stemmer. I Flåm var truleg bygginga av Bergensbanen den viktigaste faktoren til at folketalet ikkje gjekk ned. Reiselivet kan ha tatt over etter at bana var ferdigstilt, men dette skjer berre få år før utbrotet av første verdskrig, som stoppa opp veksten til reiselivet i Flåm.

6. Avslutning

Tema for oppgåva har vore framveksten av reiselivet i turistregionen Indre Sogn, og arbeidsplassane dette skapte for stadane Balestrand og Flåm i perioden 1866–1910. Det er lite forskning på korleis reiselivet konkret påverka sysselsetjinga, og vidare folketalet i regionen. Reiselivet gjorde at regionen fekk sterkare europeiske og andre internasjonale impulsar. Straumen av turistar vaks fram mot slutten av 1800-talet og vidare til han nådde ein topp i 1914. Turisttrafikken påverka lokalsamfunnet på fleire måtar, og graden av sysselsetjing er ein av desse.

Målet med oppgåva var å finne ut korleis og i kva grad reiselivet sysselsette lokalbefolkninga i turistregionen Indre Sogn. I tillegg ønskte eg å sjå på kva som var grunnlaget for reiselivsnæringa i Indre Sogn, og korleis næringa endra seg over tid. Til slutt ville eg finne ut kvifor så mange flytta frå regionen samtidig som reiselivet vaks fram og skapte nye arbeidsplassar.

I kapittel to fortalde eg den generelle utviklinga til reiselivet nasjonalt, regionalt og lokalt for Balestrand og Flåm. Her viste eg korleis Indre Sogn alt frå 1840-åra var ein attraktiv destinasjon for reisande frå England. Det var enkeltreisande britar som lenge var den dominerande gruppa reisande til landet og til turistregionen. I løpet av 1880-åra endra dette seg til å verte ei form for masseturisme. Fleire menneske hadde økonomi til å reise på ferie, og teknologiske utviklingar gjorde dette enklare. Tyskarar vart den andre store gruppa med turistar og cruiseskip vart ein populær måte å reise på. Turistregionen tilpassa seg den nye næringa og det vart mellom anna bygd fleire hotell. Balestrand og Flåm hadde kvar fire overnattingsstader i åra før første verdskrig. Såleis viste eg i bakgrunnskapittelet at lokalbefolkninga såg mulighetene og nytta seg av dei økonomiske fordelane som kom med den nye næringa.

I kapittel tre om folketeljningane brukte eg både dei generiske og individuelle teljingane til å kartlegge kor mange som fekk faktisk fekk jobb innanfor reiselivsnæringa i Balestrand og Flåm. Her var det ei utfordring at måten folketeljningane vart utført på endra seg frå teljing til teljing. For mitt arbeid gjaldt dette mellom anna endringane i måten SSB kategoriserte dei ulike yrkene. Det gjorde at det var vanskeleg å finne konkrete tal for sysselsette i reiselivet. Det første teljeåra var yrkeskategoriane for store, og det var ikkje mogleg å finne ut sikkert kor reiselivet passa inn. Det andre året fann eg ein eigen kategori for overnatting, men denne

kategorien var ikkje det siste teljeåret. Dimed var det berre eitt år i dei generiske teljingane som hadde ein kategori for reiseliv. Då vart det vanskeleg å samanlikne tala frå ulike år. I tillegg kunne eg ikkje vere sikker på at alle som var sysselsett innanfor næringa vart registrert som det i teljinga. Verken teljingar eller yrke var like oppdelt som i dag. Folk kombinerte fleire yrker, gjerne etter sesong og kva arbeid som var tilgjengeleg. Reiselivet var ei næring som var enkel å kombinere med anna arbeid. Samtidig var det noko å finne i teljingane. Eg kan slå fast at det var ei klar auke i tilsette innanfor næringa både i Flåm og Balestrand i tida mellom 1866 og 1910. I følgje materialet frå folketeljinga kan det ha vore ein stad mellom 36 og 53 personar som jobba innanfor reiselivet eller med reiselivsrelatert arbeid til saman i Balestrand og Flåm i 1910. Dette er ei klar auke frå 1866, der eg ikkje kunne finne nokre referansar til reiselivsarbeid i teljinga.

I kapittel fire brukte eg likningsprotokollane, i første rekkje for å finne personar som kanskje ikkje var oppført i folketeljingane, men i tillegg brukte eg dei òg til å finne tal på kva næringa gav av inntekter for dei involverte. For året 1866 mangla eg materiale for Balestrand kommune. Yrka, eller stillingane som det heiter i protokollane, eg fann for Aurland kommune var frå året 1867. Stillingane frå det året var generelle, og det det kom ikkje fram av materiale om nokon i kommunen hadde arbeid knytt til reiselivet. For 1891 hadde eg protokollane for begge stadene, men ingen av protokollane hadde skildringar av stillingane knytt til skatteytarane. Det var det derimot for protokollane for 1910. Då kom det fram at det truleg var fleire tenarar på Fretheim hotell enn det eg fann i folketeljinga. I tillegg var dei fleire personar i Balestrand knytt til reiselivet utover dei eg fann i folketeljinga. Dette auka talet eg hadde på tilsette frå kapittel tre til ein stad mellom 39 og 63 personar.

Likningsprotokollane gav òg ei oversikt over den økonomiske utviklinga til hotelleigarane. Eg fann tal for at ein kunne tene gode pengar på hoteldrift etter kvart som turisttrafikken auka seint på 1800-talet og tidleg på 1900-talet. Christen Fretheim hadde ei formue på 64 700 i 1910, og Ole Kvikne hadde ei formue på 90 000 det same året. Dette var store formuer samanlikna med dei andre skatteytarane i protokollen. Alle hotelleigarane i Balestrand og Flåm hadde ei auke i inntekt og formue i perioden kring 1910.

I kapittel fem nytta eg bygdebøkene til å finne arbeid knytt til reiselivet. Med min eigen gjennomgang av materiale i folketeljingar og likningsprotokollar som bakgrunn,

hadde eg eit grunnlag for å vurdere det som kom fram av informasjon om reiselivet i desse bøkene. Dimed kunne eg supplere og fylle ut det som kom fram av gjennomgangen i dei to førre kapitla. Det vart dimed tydelegare korleis reiselivsnæringa påverka andre næringar i bygdene. Mellom anna ser det ut for at Balestrand la om jordbruksproduksjonen for å kunne selje varer som var ettertrakta av turistane og hotella. Det var òg etablert små verksemder som kafé og kiosk i bygda. I tillegg kunne handarbeidarar som vevarar og treskjerarar tene pengar på å selje varer til turistane. Det var òg behov for tenester som klesvask og barnepass. Alle dei ulike stillingane eg fann viser at reiselivet hadde stor påverking på lokalsamfunnet i Balestrand. I Flåm opna det ein serveringsstad for reisande på strekninga mellom Myrdal stasjon og Fretheim. Det vert tydeleg at det var eit stort omfang av turistskyssing i Flåm, noko materialet mitt i dei førre kapitla i liten grad hadde fanga opp. Truleg er dette fordi skysskarane eller skyssgutane hadde andre titlar eller nemningar i folketeljningane og likningsprotokollane, og at skyssing nok gjekk føre seg ved sida av anna arbeid.

Tala på sysselsette eg fann i kapittel tre og fire er truleg eit minimum for kor mange som var sysselsett innanfor reiselivsnæringa i Balestrand og Flåm. Utfordringane med materialet, og det at reiselivsnæringa var ei sesongnæringa som gjerne vart kombinert med andre yrker, gjer at det mest sannsynleg er fleire sysselsette innanfor næringa. Det er vanskeleg å estimere eller gi eit tal for kor mange det kan vere tale om. Talet kan òg ha variert frå til år ut i frå kor godt sesongane gjekk.

Til slutt i kapittel fem gav eg ei oversikt over folketalsutviklinga i Flåm og Balestrand, og såg på korleis reiselivet kan ha påverka dette. Folketalet var først og fremst påverka av høge fødselstal og emigrasjon. Sidan reiselivsnæringa vaks fram i same periode som emigrasjonen, kan næringa ha kompensert for nedgangen i folketalet som utvandringa førte med seg. Funna mine kan tyde på at dette stemmer. Tjugum sokn i Balestrand hadde ei positiv auke frå 1140 til 1191 personar i perioden. Eg fann at nye arbeidsplassane i bygda kan ha vore spesielt attraktive for den same gruppa som vurderte å emigrere. I Flåm gjorde opninga av Bergensbanen at bygda fekk ein meir stabil og aukande turisttrafikk. Dette igjen skapte arbeidsplassar, som kunne vere aktuelle for dei som vurderte å emigrere. Sidan talet eg har funne på tilsette innanfor reiselivet truleg er eit minimum, og omfanget er større enn det, var det vanskeleg å finne ut konkret korleis reiselivsnæringa påverka folketalet. Materialet

mitt syner likevel at næringa hadde stor innverknad på samfunnet i regionen, og dimed kan ha vore ein faktor som påverka folketalet.

I turistregionen Sogn var det fleire sentrale turiststadar i tillegg til Balestrand og Flåm. Spesielt Gudvangen og Fjærland var attraktive destinasjonar i den same perioden. Det vart bygd hotell, kai og lokalbefolkninga dreiv med skyssing av turistane til dei ulike attraksjonane. Desse stadene hadde den same trekka i naturen som turistane ville sjå: det aude landskapet med smale fjordar og høge fjell. Gudvangen vaks tidleg vaks fram som reiselivsstad på grunn av vegen opp Stalheimskleiva og vidare til Voss og Granvin. Dette knytte Gudvangen til ein annan turistregion, Hardanger, og gjorde reisa enklare for turistane. I Fjærland var det populært blant turistane å reise opp til breane, som var ein skysstur unna. Dette gjorde at Fjærland hadde ein attraksjon dei andre turiststadene i regionen ikkje hadde. Sjølv om turiststadane hadde eit noko ulikt tilbod til turistane, var det likevel innanfor rammene til den same turistregionen og mykje var det same i auga til turistane. Truleg hadde dei andre turiststadene ei nokså lik reiselivsutvikling med at næringa vart meir omfattande på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet.

Det er fleire måtar eg kunne ha utvida oppgåva, sett at omfanget av oppgåva var større. Det første er å inkludere folketeljingane og likningsprotokollane for dei andre turiststadane i regionen. Då ville eg fått eit breiare perspektiv på reiselivsutviklinga i heile regionen og fått meir informasjon om individuelle forskjellar. Vidare kunne eg ha samanlikna med andre turistregionar på Vestlandet. Då kunne Hardanger vert mogleg å samanlikne med, gjerne avgrensa til den indre delen, det vil seie Indre Hardanger. I tillegg til å utvide omfanget til andre turiststader, kunne eg ha samanlikna Balestrand og Flåm med andre bygder i regionen, som ikkje stod fram som reiselivsstadar. Kontrasten mellom reiselivsstadene og andre stader kan få fram trekk ved reiselivet, som ikkje kom fram i denne oppgåva. Bygdene i området rundt Balestrand og Flåm kan òg seie noko om det kom arbeidskraft frå andre bygder til reiselivsstadane. Ein av grunnane til at det var vanskeleg å finne tal på tilsette på hotella, kan vere at dei fekk hjelp frå andre bygder i turistsesongen, og at desse personane reiste tilbake til heimbygda då sesongen var over.

Ein kartlegging av heile næringslivet i Flåm og Balestrand er ein annan måte å løyse problemstillinga på. Ved å dele inn alle stillingar og yrker frå folketeljingane og likningsprotokollen, kan ein sjå korleis heile næringsbiletet endra seg for turiststadane

i perioden. Ein annan veg vil vere å sjå på utviklinga for Balestrand og Flåm vidare framover i tid. Verdskrigane sat ein stopp for den eventyrlege veksten til reiselivsnæringa, og turiststadane måtte tenke nytt. Etter andre verdskrig har reiselivsnæringa vore i vekst, og regionen er framleis ein populær destinasjon for turistar frå heile verda. Det hadde vore interessant å følge utviklinga til reiselivet fram til i dag, og korleis næringa har påverka folkeveksten i denne perioden samanlikna med perioden for oppgåva mi.

Litteraturliste

Kjelder

Folketeljingane

Statistisk sentralbyrå. «Resultaterne af Folketællingen i Norge 1. januar 1866.»

———. «Folketællingen i Kongeriget Norge 1 Januar 1891: Utgitte publikasjoner.»

———. «Folketællingen i Kongeriket Norge 3 December 1900: Utgitte publikasjoner.»

———. «Folketækkingen i Norge 1 December 1910: Utgitte publikasjoner.»

Likningsprotokollane

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Likningsprotokoll for Aurland Kommune 1866 og 1867.

———. Likningsprotokoll for Aurland kommune 1891.

———. Likningsprotokoll for Balestrand kommune 1891.

———. Likningsprotokoll for Flåm sokn 1908. «Utskrift af Skatteligningen for året 1908 for Flåms Sogns vedkommende.»

———. Likningsprotokoll for Flåm sokn 1910. «Utskrift for Flåms Sogns- skatteligninger for 1910.»

———. Likningsprotokoll for Flåm sokn 1911. «Utskrift af Skatteligningen for Flaam Sogn 1911.»

———. Likningsprotokoll for Balestrand kommune 1907. «Ligningsprotokol for Balestrand Herred 1907.»

———. Likningsprotokoll for Balestrand kommune 1910, 1911, 1913, 1914.

Personteljingane

Arkivverket. «Digitalarkivet: folketellinger og manntall, 1865, 1865 (skannet), 1891 (skannet), 1910.» Oppdatert 12.05.2016. <http://arkivverket.no/Digitalarkivet>

Litteratur

Brekke, Nils Georg, Per Jonas Nordhagen, Siri Skjold Lexau. *Norsk*

Arkitekturhistorie: frå steinalder og bronsealder til det 21. hundreåret. Oslo:

Det norske samlaget, 2008.

Byrkjeland, Martin. «Dampskipsalderen». I *Hardanger: ei regionshistorie 1750–1900*,

band II, med Svein Ivar Angell, Knut Grove og Herdis Kolle, 193–238. Bergen:

Fagbokforlaget, 2015.

———. «På fjorden og over land». I *Hardanger: ei regionshistorie 1750–*

1900, band II, med Svein Ivar Angell, Knut Grove og Herdis Kolle, 83–126.

Bergen: Fagbokforlaget, 2015.

Bull, Ida. «Regionhistorie og regional identitetsbygging». *Heimen*, nr. 2 (2006): 83–

92.

Bårtvedt, Randi. «Vor gode bræ også i sommar beskuet af høifornemme øine»:

møtet mellom turister og bygdefolk i Odda 1861–1914.» Hovudfagsoppgåve.

Universitet i Bergen. 1984.

Distad, Noralv. «Framveksten av reiselivet i Flåm». *Årbok for Sogn*, nr. 53 (2007):

125–135.

Eide, Else Karin. *Fra «engelskvillaen» 1882 til Fretheim turisthotell i 1939*.

Hovudfagsoppgåve. Universitetet i Bergen. 1995.

Engesæter, Aage. *Turiststaden Balestrand: om reiselivsnæringi i Balestrand før*

1914. Sogndal: Sogn og Fjordane distriktshøgskule, 1981.
- Fitje, Anders. *Turisme i Noreg: ei samfunnssak?*, Oslo: Det Norske Samlaget, 2001.
- Førsund, Finn Borgen. *Dampen og kaia: stoppestader for Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane 1858-1998*. Førde: Selje Forlag, 1998.
- . *Sparebanken i Balestrand: 1847–1997*. Balestrand: Sparebanken Sogn og Fjordane avdeling Balestrand, 1997.
- Gerdrup, Karsten R. «Skattesystem og skattestatistikk i et historisk perspektiv». Rapport. Statistisk sentralbyrå. 1998.
- Gjerdåker, Johannes. *Ålmenn soge for Voss: 1800 til vår tid*, band II. Voss: Voss bygdeboknemnd, 1991.
- Haugen, Arne. *På ære og samvittighet. Skatteetatens historie etter 1892*. Bergen: Vigmostad & Bjørke AS, 2005.
- Hoemsnes, Ole N. *Reiselivet gjennom 150 år: Bennett Reisebureau AS, Bennett BTI Nordic Norge AS, 1850-2000*. Oslo: Reisebyrået Europa Forlag, 1999.
- Indrelid, Svein. *Bygdi*, band I, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*. Aurland Sogelag, 2003.
- . *Gard og ætt: frå Fretheim til Geisme*, band IIA, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*. Aurland Sogelag, 2007.
- . *Gard og ætt: frå Dalsbotn til Upsete*, band IIB, *Aurland bygdebok: saga om Flåm*. Aurland Sogelag, 2009.
- Knagenhjelm, Wibeke. *Tradisjonsrike turisthotell i Sogn og Fjordane*. Oslo: Det Norske Samlaget, 1990.
- . «Turistliv». I *Bygd og by i Norge: Sogn og Fjordane*, redigert av Nikolai Schei, 346–360. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1980.

- Laberg, Jon. *Balestrand: bygd og ætter*. Bergen: I kommisjon hjå A.S Lunde & Co.'s Forlag, 1934.
- Langeland, Ove. «Region og regionalisering». I *Det regionale Norge 1950 til 2050*, redigert av Ove Langeland, 25–38. Oslo: Abstrakt forlag AS, 2012.
- Lie, Einar, Hege Roll-Hansen. *Faktisk talt: statistikkens historie i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget, 2001.
- Lysgård, Hans Kjetil. «Regioner som forestilte fellesskap: hvordan og hvorfor?». *Heimen*, nr. 2 (2007): 85–95.
- Nerbøvik, Jostein. *Norsk historie 1870–1905: Frå jordbrukssamfunn mot Organisasjonssamfunn*. Oslo: Det Norske Samlaget, 1990.
- Næss, Hans Eyvind, Edgar Hovland, Tore Grønlie, Harald Baldersheim, Rolf Danielsen. *Folkestyre i by og bygd: norske kommuner gjennom 150 år*. Oslo: Universitetsforlaget AS, 1987.
- Ohnstad, Åsmund. «Sosiale tilhøve og utvandring frå Aurland: Aurlendingar i Amerika». *Årbok for Sogn*, nr. 40 (1994): 44–51.
- Reiakvam, Oddlaug. *Bilderøyndom: Røyndomsbilde, fotografi som kulturelle tidsuttrykk*. Oslo: Det Norske Samlaget, 1997.
- Rogan, Bjarne. *Det gamle skysstellet: reiselivet i Noreg frå mellomalderen til førre hundreåret*. Oslo: Samlaget, 1986.
- Scarlett, F. *Turistlandet Norge: turisttrafikkens begyndelse og udvikling til verdenskrigens udbrud samt 30 aars erindringer som turistagent i Norge*, band I. Oslo: Steenske Forlag, 1921.
- Skotheim, Svein. *Keiser Wilhelm i Norge*. Oslo: Spartacus, 2011.
- Sunde, Rasmus. «Den tidlegaste utvandringa frå Sogn». *Årbok for Sogn*, nr. 40

(1994): 8–13.

Sælen, Frithjof. *Kvikne's Hotel Balholm: 1877–1977*. Bergen: Balholm, 1977.

Tyssen, Asbjørn. *Kulturhistorisk vegbok Sogn og Fjordane: Aurland*. Oversatt av Val secretan. Naustdal: Sogn og Fjordane forlag/Sunnfjord Museum, 1991.

Underdal, Hans Martin. *Kvikne's Hotel: eventyrslottet ved Sognefjorden*. Leikanger: Skald, 2002.

———. *Tradisjon og atmosfære: en reise til norske trehoteller*.

Kristiansund: KOM forlag, 1996

Urtegaard, Gunnar. «Den tidlegaste utvandringa frå Balestrand: husmannsdottera frå Menes». *Årbok for Sogn*, nr. 40 (1994): 68–79.

———. *Gards- og ættesoger: gard nr. 1–34, gardssoger 1800–1985,*

ættesoger 1850–1985, band II, Balestrand: Balestrand kommune, 1991.

Elektroniske kjelder

Aaserud, Anne. «Adelsteen Normann», Store norske leksikon. 15.05.2016.

https://nbl.snl.no/Adelsteen_Normann

Arkivverket. «Folketellingen 1865.» 18.05.2016.

<http://arkivverket.no/arkivverket/Digitalarkivet/Om-Digitalarkivet/Om-kjeldene/Folketellingen-1865>

Brekke, Kai Martin. «Færre cruisegjester på Flåmsbana.» *Sogn Avis*. 04.07.2014.

<http://www.sognavis.no/nyhende/farre-cruisegjester-pa-flamsbana/s/1-105-7458583>

Hoel, Oddmund Løkensgard. «Futar i Sogn». *Lokalhistoriewiki*. 16.04.2014.

https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Futar_i_Sogn

Lovdata. «Forskrift om godkjenning av sentrum i Balestrand som typisk turiststad, Balestrand kommune, Sogn og Fjordane.» 13.05.2016.

<https://lovdata.no/dokument/NB/forskrift/2016-03-21-305>.

Løset, Oddleif. «Passerte 100 millioner kroner for første gang.» *NRK.NO*.
11.10.2015.

<http://www.nrk.no/sognogfjordane/historisk-resultat-for-flam-1.12597000>

Norge Bank. «Priskalkulator.» 18.05.2016. <http://www.norges-bank.no/Statistikk/Priskalkulator/>

Stalheim. «Historie». 14.05.2016. <http://www.stalheim.com/historie/>

Statistisk sentralbyrå, «Folkemengde og befolkningsendring, 1.januar 2016.»

13.05.2016. <https://ssb.no/befolkning/statistikker/folkemengde/aar-per-1-januar/2016-02-19?fane=tabell&sort=nummer&tabell=256001>

———, «Folke- og bustadsteljing 2001, 1418 Balestrand». 15.05.2016.

https://www.ssb.no/a/fob2001/kommunehefte/1418/fob_1418_tabeller.pdf

———, «Norges civile, geistlige og judicielle inndeling, 1ste oktober 1917».

13.05.2016. https://www.ssb.no/a/histstat/div/is/is_53.pdf

Johnsen, Arne Monrad. «Reiselivsplan Sogn og Fjordane 2010–2025:

Situasjonsanalyse, visjon, mål og strategiar.» Utgitt 07.09.2010.

<http://www.rup.no/rapportar/rapport.aspx?reportid=75>

Universitetet i Stavanger. «Hotell og reiseliv». 10.02.2016. Publisert

<https://www.uis.no/studietilbud/hotell-og-reiseliv/>

Urtegaard, Gunnar. «Bøyum Pensjonar», Fylkesarkiv. Publisert 2001.

http://www.sffarkiv.no/sffbasar/default.asp?p=result&db=dbatlas_leks&art_id=10107&spraak_id=1&ptype=single

———. «Kunstmålar Hans Dahl», Fylkesarkiv. Publisert 2001.

http://www.sffarkiv.no/sffbasar/default.asp?p=result&db=dbatlas_leks&art_id=828&spraak_id=1&ptype=single

Visitflam. «Flåmsbana.» 12.05.2016. <https://www.visitflam.com/flamsbana/om-flamsbana/>

Tabelloversikt

Tabell 3.1: Tal personar innanfor yrkeskategorien Hergerg og beværtning i Balestrand og Aurland kommune 1866.

Tabell 3.2: Tal personar innanfor yrkeskategorien Hergerg og beværtning i Nordre Bergenhus Amt, Indre Sogn, og Aurland og Balestrand kommune

Tabell 3.3: Oversikt over personar på garden Kvikne i 1891.

Tabell 3.4: Personar med ordet hotell i yrket i Balestrand.

Tabell 3.5: Personar som budde på Nedre Fretheim i 1891.

Tabell 3.6: Tal personar tilsett innanfor Herbergering og bevertning i Noreg 1890–1910.

Tabell 3.7: Personar tilsett i tre ulike yrkeskategoriar for reiseliv i Balestrand kommune 1910.

Tabell 3.8: Personar tilsett i tre ulike yrkeskategoriar for reiseliv i Aurland kommune 1910.

Tabell 3.9: Personar med tilknytning til reiselivsnæringa i Balestrand 1910.

Tabell 3.10: Personar med tilknytning til reiselivsnæringa i Flåm 1910.

Tabell 3.11: Personar som jobba med skyssing i Flåm 1910.

Tabell 3.12: Personar som jobba med hestehandel i Flåm 1910.

Tabell 3.13: Oppsummering av tal frå delkapittel 4.3.

Tabell 3.14: Oppsummering av tal frå delkapittel 4.3 og 4.4.

Tabell 4.1: Døme på stillingar i Flåm 1867.

Tabell 4.2: Døme på stillingar i Flåm 1910.

Tabell 4.3: Oversikt formue Christen Olsen Fretheim.

Tabell 4.4: Oversikt inntekt Christen Olsen Fretheim

Tabell 4.5: Oversikt formuen til hotelleigarane i Balestrand.

Tabell 4.6: Oversikt inntekta til hotelleigarane i Balestrand.

Tabell 4.7: Informasjon om personar knytt til reiselivsnæringa i Balestrand.

Tabell 4.8: Yrkesaktivitet 1910 innanfor ulike reiselivskategoriar for Balestrand og Flåm.

Tabell 5.1: Kvinner som jobba med veving i Balestrand 1910.

Tabell 5.2: Inntekta til kvinner som jobba med veving i Balestrand.

Tabell 5.3: Inntekt og formue til Ivar Høyvik.

Tabell 5.4: Befolkningsendring i regionen, kommunane og sokna frå 1866 til 1910.

Abstract

This thesis looks at how the tourism industry was established and how it affected the local societies in the region Indre Sogn in Norway from 1866 to 1910. This rural region first became popular among British fishing tourists early in the 19th century. The locals started building hotels to accommodate the tourists, and tourism was established as a means of income for the local inhabitants. The region's popularity accelerated in the 1880s when Germans became the new dominant group of visiting tourists. Before the First World War the tourism industry was blossoming in the small villages along the fjord. This paper looks at what type of work the tourism industry created, and how many people were involved in it in the period between 1866 and 1910. The tourist villages Balestrand and Flåm are the basis for this project, and they are used to create a picture of the development of tourism in the region as a whole. The main sources are the censuses from Statistisk sentralbyrå and local tax records for income and wealth. Both sources contain information about the types of jobs people in Balestrand and Flåm had. I also use historical books written about farms and ancestry in each of the villages to find records of work in the tourism industry. Last in the paper I examine how the tourism industry could have affected the population growth. The emigration rate was especially high in this part of Norway in the 19th century. This makes it interesting to look at how tourism, as a new industry, could have made a difference for the population growth and emigration rate in the tourist villages.